

EIN GUD
EIN KEISAR
EIT IMPERIUM

FORHOLDET MELLOM KEISARMAKT OG OPPOSISJON I DET
AUSTROMERSKE RIKET UNDER JUSTINIAN I (527-565)

Av Eirik Fære



Masteroppgåve i historie. Historisk Institutt, Universitetet i Bergen. Mai 2007.

Eg vil takke veiledaren min, professor Jørgen Christian Meyer som har inspirert meg og komme med nyttige innspill og oppmuntring til denne masteroppgåva. Eg vil også takke Erlend Trones for korrekturlesing.

Bergen 15. mai 2007.

Eirik Fære.

INNHALD

1: INNLEIING	5
2:HISTORIOGRAFI	8
INNHALD	3
3 KJELDENE	13
PROKOPIOS.....	14
AGATIAS	22
KRØNIKER	23
MALALAS.....	24
EVAGRIUS.....	24
TEOFANES	26
PSEUDO-DIONYSIUS	26
LOVTEKSTER	28
4 KEISARROLLA OG RENOVATIO IMPERII	29
5 OPPOSISJON OG OPPRØR	37
SENATSELITEN	38
FRAKSJONANE	46
NIKAOPPRØRET	53
MOTIV OG RESULTAT.....	61
6 RELIGIØS OPPOSISJON	65
HEIDNINGAR.....	67
JØDAR.....	69
KJETTARAR	71
NESTORIANISME.....	71
MONOFYSISME.....	72
ARIANISME.....	73
PAVEN SITT DILEMMA	74
KAMP OM OMGREP	75
RELIGIØS REALPOLITIKK.....	76
RESSURSAR AVGJORDE.....	87
7 KONKLUSJON	89
SENTRALE AKTØRAR	93
TIDSSKJEMA	96
KART	98
BILETE	103
BIBLIOGRAFI	110

1

IMPERATOR OG AUTOKRAT

In the name of our Lord God Jesus Christ

*The emperor Caesar Flavius Justinianus, Alamannicus
Gothicus Francicus Germanicus Anticus Vandalicus
Africanus, pious, fortunate, renowned, victor and triumpher,
ever Augustus, to the Senate and all peoples.¹*

Denne introduksjonen av keisaren står i *Digest*, ei lovbok som vart utgitt i desember 533. Dette var grunnsteinen i den nye kodifiserte romarretten *Codex Iustinianus*, som var eit direkte resultat av keisar Justinian I (527-565) sitt forsøk på ei radikal revitalisering av Romarriket. Som ein ser tek keisaren munnen litt for full. Justinian vert her skildra som herre over så vel vandalane og afrikanarane, som general Belisarius hadde slått ved Kartago nokre månader før, som over gotarane, som hadde herredømet over Italia og Spania, og frankarane i dagens Frankrike. Denne introduksjonen fortel oss ein del om synet på imperiet og kva rolle keisaren skulle følgja. Imperiet var det gamle Romarriket med sine gamle grenser, definisjonen var den same som før. Det at germanske stammer okkuperte den vestlege halvdelen vart berre sett på som mellombels. Det er dermed ikkje ei skildring av dei faktiske forholda, men eit ideal og ei programerklæring. I austromersk² propaganda og litteratur ser me ein tendens til at Justinian sin framtidige politikk i stor grad vart oppfatta som lagnadsbestemt. Justinian, som "Guds løytnant på jorda", skulle gjenoppretta Romarriket ved

¹ *Digest, Vol 1,1, vi.*

² Når ein sikter til imperiet i Justinian sin periode er det naturleg å kalla det "Austromarriket", for det var trass alt de det var. Innbyggjarane kalte seg *romaio* som er gresk for romar. Namnet "Det bysantinske imperiet" kjem av det gamle greske namnet på byen som Konstantin valde å kalla opp etter seg sjølv, nemleg Bysants. Omgrepet "bysantinsk" vart konstruert i europeisk historieskriving i det 18. hundreåret for å skilja det frå tidlegare periodar. "Bysants" eller "bysantinsk" er eit nyttig samleomgrep når ein siktar til imperiet i eit lengre perspektiv i samband med til dømes kunst og kultur. Eg kjem derfor til å bruka dette omgrepet når det er naturleg. Det er imidlertid vanskeleg å setja ein dato for når Austromarriket vart til Det bysantinske riket. Omgrepa går litt om ein annan, også i sekundærlitteraturen.

å erobra folkevandringsrika i vest, samla dei religiøse fraksjonane under keisarens autoritet og det ortodokse Kalkedondekretet, kodifisera romarretten, byggja ut grenseforsvar, byggja kyrkjer til Guds ære, og slå persarane, arvefienden i aust. I denne samanhengen ser ein at Justinian sitt krav om å vera gotarane og frankarane sin erobrar ikkje vart oppfatta som ei løgn. Det var ei framtidig sanning. Austgotarane i Italia møtte det endelege nederlaget i 552 som vandalane i Nord-Afrika i 533. Alt skulle imidlertid ikkje gå som keisaren og regimet hans såg for seg i dei optimistiske fyrste åra av styret.

Det er ei vanleg oppfatning at dei austromerske keisarane på denne tida hadde utvikla ein klart eineveldig stil, der opposisjonsgrupper som senatet i stor grad levde i skyggenes dal. Kjeldene gjev derimot klart uttrykk for at det eksisterte fleire grupper som utøvde opposisjon mot keisaren sin politikk og målsetjing som keisaren då måtte ta omsyn til. Ein må finne ut kven desse gruppene var og deretter skildra dei og motiva deira. Desse gruppene kan ha representert eit alternativ til Justinian sitt program. Det er då naturleg å ta utgangspunkt i Nikaopprøret som fann stad i 532 i Konstantinopel. Dette opprøret vil verta brukt for å teikna konturane av ein opposisjon. Det sentrale spørsmålet for oppgåva kjem dermed til å vera kven som opponerte, kvifor og kva dette var eit uttrykk for.

Det er naturleg å ta for seg politisk opposisjon med basis i verdslege og religiøse grupper i imperiet, ikkje ytre fiendar. Opposisjon vil dermed bestå av organiserte grupper med evne og vilje til å påverka offisiell politikk. Ein må sjå på kva krav og mål dei ulike opposisjonsgruppene hadde, kva verkemiddel dei brukte og hadde til disposisjon og kva motreaksjonar dei møtte. Ein må og sjå på om verdsleg og geistleg opposisjon skil seg frå kvarandre, og om keisaren behandla desse to gruppene ulikt. Me må deretter sjå på kva desse ulikskapane viser oss viss dette er tilfelle. Var opposisjonen representativ for syn delt av det øvste sosiale sjiktet av folket, eller var det handlingar og synpunkt som kun var representativt for isolerte grupper?

Det er naudsynt å setja av plass til å etablera mønsteret i sameksistensen mellom dei ulike aktørane. Ved å få eit overblikk over faktiske hendingar og setja dei inn i samanheng, vil ofte dei faktiske forholda avsløra seg sjølv. Det er her viktig å vera detaljorientert og sjå på motiv bak retorikken. Motiv vert ofte avslørt i dei tilsynelatande ubetydelege hendingane, der aktørane kanskje ikkje er like opptekne av å skjula spora sine som elles. Alle aspekt av aktørane sine handlingar må dermed undersøkjast.

Me må stadfesta i kva grad opposisjonen var del av ein etablert tradisjon eller eit direkte resultat av keisaren sin politikk. Representerte dermed keisaren og opposisjonen noko nytt, eller var dei planta i eksisterande tradisjonar? Viss ein klarar å avdekkja motivet til dei ulike aktørane, kan ein ta ein kikk bak dei fasadane bygde og den retorikken dei brukte. Ein vil dermed kunne sjå inn i kjernen av forholdet mellom keisaren og dei ulike gruppene. Kva var måla deira, kva var motivet for å nå desse måla, og kvifor brukte aktørane dei metodane som dei gjorde? Til slutt må me sjå på kven som lykkast, kva dei lykkast med og kvifor.

2

HISTORIOGRAFI

Austromarriket og seinantikken har tradisjonelt hatt ei sekundær rolle i vestleg historieskriving i forhold til den meir ”klassiske” greske og romerske perioden. Dette kan forklarast med det syn som dominerer om at den vesteuropeiske kultur er bygd på ein grunnmur av gresk filosofi og demokrati og romersk statsbygging, administrasjon og lov. Austromarriket vert sett på som ein historisk blindveg, ei sjuk kjempe som gradvis forvittra vekk under press frå ei ny ekspanderande kraft frå aust, nemlig islam. Austromarriket vart i historiske miljø tradisjonelt sett på som ei forlenging av antikken. Bysantinsk litteratur vart sett på som ei forringa utgåve av klassisk gresk litteratur, og bysantinsk lov vart stempla som romersk lov. At bysantinsk kunst, kultur og samfunn i natur av sin eigenart skilte seg frå hundreåra som leidde opp til det, er ikkje alltid vorte tilstrekkeleg anerkjent. Det er ikkje uvanleg at Justinian sin epoke vert stempla som den ”romerske renessansen”. Dette er eit omgrep som heilt klart har noko for seg. Denne perioden representerte eit brot med fortida, men samtidig eit uttrykk for ein kontinuitet med røter langt tilbake i tid, noko som er spesielt klart i den symbolbruk som vart brukt. Det representerte med andre ord ein klart ny ordning som var bygd på grunnmuren av det gamle. Eit fenomen som ein har behov for å forklara.

Framveksten av moderne historieskriving kom med opplysningstida på 1700-talet. Romarriket vart då eit ynda tema, noko som også innebar skriving om Austromarriket. Edward Gibbon (1737-1794) si *The History of the Decline and Fall of the Roman Empire* i seks volum utgitt 1776 til 1788 sette i stor grad standarden for seinare verk. Over ein tredjedel av verket handlar om Austromarriket og Det bysantinske riket. Det er imidlertid ikkje dette som har fått mest merksemd i ettertida, det som kjenneteikna Gibbon var korleis han brukte kjeldene. Gibbon gjorde ikkje som sine forgjengarar, det vanlege hadde vore å referera til ein eller to autoritetar. Gibbon brukte dei kjeldene som var tilgjengelege og siterte frå eit vidt spekter. Trass i det

grundige kjeldarbeidet gjer tidsspennet det imidlertid umogeleg å gå i djupna, modellane vert dermed enkle. Han klarer imidlertid å samla kjeldene til å skildra dei store linjene frå Julius Cæsar via Justinian og Karl den store til korstoga og Konstantinopels fall i 1453.

Ein må imidlertid seia at Gibbon var eit barn av si tid, opplysningstida sin ateisme fargar i stor grad analysen og årsaksforklaringane. Gibbon har ein tendens til å forklara vekst og forfall i ein stat med den fysiske og psykiske tilstanden til overhovudet og ikkje med strukturelle og maktpolitiske endringar. Unntaket er den koplinga han gjorde mellom imperiets fall og kristendomens vekst. Kapittel 16. og 17. i bind I er blitt tolka som ein satire over kristendom meir enn ei historisk forteljing om kristendomens vekst i Romarriket. Trass i desse svakheitene har Gibbons verk vore ein autoritet fram til i dag. Viss ein vil ha ei enkel framføring av dei store linjene, er verket hans framleis ypparleg. Reint fagleg har imidlertid utviklinga passert Gibbon, men Gibbon sin innverknad på utviklinga av faget og vår forståing av denne perioden kan ikkje overvurderast.

John Bagnell Bury (1861-1927) gav ut *History of the Later Roman Empire from the death of Theodosius I to the death of Justinian* i 1923 i to bind. Dette verket representerer som Gibbon sitt like mykje si eige samtid som den fortida den omhandlar. Bury seier sjølv i forordet at:

”The first of these two volumes might be entitled *The German Conquest of Western Europe*, and the second *The Age of Justinian*”.³

Viktoria-tida, som hans generasjon var eit produkt av, var kjenneteikna av si kompromisslause tru på vekst og fornuft. Det eine då produkt av det andre. Bury konsentrerer seg om politisk, administrativ og konstitusjonell historie og er mindre opptatt av kultur og samfunn, som etter kvart kom til å stå meir i sentrum. I Viktoria-tidas England var verdien av handel og administrasjon openbar, grunnlaget for det Britiske imperiet vart dermed overført til seinantikkens store statsdanning. Bury såg på historie som ein metodisk vitenskap, og var generelt skeptisk til generelle lover. Dette er ikkje nødvendigvis ei svakheit i verket. Bury gjev ein svært detaljrik framstilling av historia, om enn med eit smalt søkjelys og utan å ta omsyn til kulturdimensjonen av historia.

³ Bury: *History of the Later Roman Empire*, s vii.

Arnold Hugh Martin Jones (1904-1970) har gjort seg bemerkert i studiet av seinantikken og Austromarriket med boka *The Later Roman Empire 284-602* i tre bind utgitt i 1964. Jones skriv i forordet at:

”This book is not a history of the later Roman empire. It is a social, economic and administrative survey of the empire, historically treated”.⁴

På mange måtar er det dermed eit framhald av den tradisjonen som Bury stod for, med den forskjellen at Jones legg betydeleg vekt på sosiale forhold. Jones vektlegg den betydning befolkningssamansetjinga hadde for dei ulike delane av imperiet. Han prøver å skildra korleis samfunnet er samansett sosialt frå topp til botn ved å gje eit inntrykk av yrkessamansetjing og sosial status ved å samanlikna dagslønner med levekostnader. Dette er noko som ville vore utenkeleg for Bury og er eit klart uttrykk for den nye vektlegginga av sosiale forhold i historiografien generelt som kom for fullt på 1960-talet. Den sosioøkonomiske vektlegginga han har gjennom heile verket bringer ein ny dimensjon til faget i forhold til det som er vorte produsert før og er klart nyttig for å komplimentera dei meir institusjonaliserte verka som er skrivne om emnet før. I Jones sitt verk får ein inntrykk av at forfattaren prøver å skildra konsekvensane av statens politikk for befolkninga meir enn statens politikk i seg sjølv. Han forklarar for eksempel landsbyflukt i seinantikken som ein direkte konsekvens av høg skattlegging utan å gå inngåande inn i grunnane til auka skattetrykk.⁵ Jones har forfatta ei ”forenkla utgåve” av *The Later Roman Empire* med *The Decline of the Ancient World* (1966), denne boka er innpå dei same emna, men berre ein tredjedel så lang.

Jones sitt hovudpoeng, viss ein kan kalla det for det, er at det Vestromerske riket ikkje døydde ein naturleg død, det vart drepe. Ein må tolka Vestrikets fall ut frå det press det vart utsett for i forhold til kva ressursar det rådde over for å motstå dette presset. Jones meiner då at ein kan forklara kvifor vest fall mens aust stod fast.⁶ Denne oppgåva gjev ikkje rom for å diskutera ulike syn på årsakssamanheng eller Romarrikets fall, men dette synet gjev ei plausibel forklaring på kvifor Austromarriket sto fast mens vest vart invadert. For å klargjera dette må ein altså nå ned på grunnplanet i imperiet ved å sjå på økonomiske forhold og befolkningsgrunnlag, ifølgje Jones. Analyse av sosioøkonomiske forhold innerter i imperiet er derfor nøkkelen til å forklara Romas fall og Konstantinopels overleving og ekspansjon under

⁴ Jones, A. H. M: *The Later Roman Empire*, preface s V.

⁵ Jones, A. H. M: *The Later Roman Empire*, s 816-823.

⁶ Jones, A. H. M: *The Decline of the Ancient World*, s 362-370.

Justinian. Dette synet er meir nyansert enn den Gibbon var eksponent for og legg til grunn ved å visa til moralsk forfall blant herskarane og folket basert på dekadanse, kristen ideologi og bly i akveduktane. Framføringa vert hemma av ein avstand til materialet som om han skildrar hendingar og tilstander på ein framand planet, han dreg ingen parallellar. Sjølv om Jones si bok ikkje er lettlesn, er denne boka svært faktabasert og informativ om sosiale, økonomiske og administrative forhold og var i si tid revolusjonerande for sitt felt og periode og opna opp for nye historikarar.

Av nyare historikarar innan austromersk historie er det spesielt Averil Cameron og James Allan Stewart Evans som utmerkjer seg. Begge to har skriva kvar si bok om forfattaren Prokopios. Prokopios skal eg skildre seinare, men med sine tre verk er han sentral i vår forståing av perioden. Cameron skildrar Prokopios i *Procopius and the Sixth Century* (1986) og Evans i *Procopius* (1972). Begge bøkene er interessante og kastar lys over Prokopios sitt liv og virke, men dei har litt ulike ståstader.

Både Cameron og Evans står også bak andre bøker om temaet. Cameron har skriva bøkene *Agathias* (1969) og *The Mediterranean World in Late Antiquity AD 395-600* (1993). Cameron konsentrerer seg her om tekst og forholdet til kjeldene med antropologi, som var i vinden i historiografien på denne tida, ho har også eit søkjelys på arkeologi som er uvanleg. Cameron legg vekt på det psykologiske aspektet for å forklare Prokopios sitt sprikande forfatterskap. Ho er i stor grad opptatt av å skildra Prokopios sitt perspektiv, truverde, kontekst og struktur. Cameron forklarar dei ulike synspunkta Prokopios gjev utrykk for i *Anekdotia* og dei to øvrige verka i stor grad med Prokopios sin mentalitet. Hennes synspunkt er at Prokopios som medlem av general Belisarius sin stab går gjennom ein prosess der vonbrot over den forverra situasjonen gjer at han går frå beundring av heltefiguren i *Historia om krigane* til vonbrot, og til slutt forakt. Denne utviklinga skal då ha resultert i at han byrja å skriva *Anekdotia* som eit oppgjær med politikken og sin eigen rolle i den. Cameron stemplar i stor grad Prokopios som utrykk for "høgrelement" med ei tru på lov og orden som går på kostnad av forteljninga hans. Cameron poengterer imidlertid at dei tre bøkene ikkje er så ulike som ein kan få inntrykk av, dei var meint til å lesast samla, forskjellen ligg dermed meir i form enn i innhald. Cameron poengterer at *Bygningar* er det mest "ekte" Prokopios skreiv fordi det representerer det ideal han såg for seg, mens dei to andre representerer den skuffande røyndomen.⁷

⁷ Cameron, Averil: *Procopius and the Sixth Century*, s 112.

Når det gjeld *Agathias* er det ein studie av Agatias si *Historier* og ikkje ei bok om personen Agatias. Agatias var ein etterfølgjar av Prokopios som med *Historier* prøvde å gå i meistaren sine fotefar, noko som eg skal komma inn på seinare. Etter at Cameron i innleiinga kort har fortalt om Agatias sitt liv og poesi, går ho rett på språkbruk og stil. Agatias sin forståing av historie og årsakssamanheng, spor av klassisisme og arkaisme og kva dette har å seia for verket. Cameron er også opptatt av Agatias kristne og intellektuelle horisont. Cameron påpeikar her forskjellane mellom Agatias og Prokopios. Dette gjer at tilnærminga hennes av Agatias skil seg frå måten ho seinare skulle tilnærma seg Prokopios. Grunnen til dette er at ho vektlegg at Agatias var eit typisk resultat av den rådande litterære tradisjonen og kan derfor forklarast ut frå denne, mens Prokopios er unntaket. Prokopios representerer eit avvik frå den rådande tradisjonen som må forklarast med fokus på andre ting, som forfattarens personlegdom og erfaring.

J. A. S. Evans er meir opptatt enn Cameron til å skildra det samfunn som skapte Prokopios i si bok *Procopius*. Evans prøver å forklare Prokopios sine bøker ut frå dei fenomen han skildrar og det samfunn han var ein del av meir enn med personlegdom og psykologi. Dette kan tyda på at Evans ikkje ser på Prokopios som så spesiell som Cameron. Heller ikkje Evans kjem utanom Prokopios mentalitet når han skal forklara *Anekdotas*. Evans synspunkt er at hendingane i åra 543 og 544 skal ha fått Prokopios til å nå eit vendepunkt karrieremessig som skal ha radikalisert han i den grad at han byrja å skriva *Anekdotas*. Dei karrieremessige problema skal, ifølgje Evans, ha samanheng med at Prokopios som ein av Belisarius sine menn skal ha opplevd negative resultat av Belisarius sitt fall i unåde, noko som eg skal koma tilbake til. Dette har resultert i at Prokopios byrja å praktisera som retor⁸ igjen. Eit yrke som hadde fått mindre status med Justinian sitt kodifiseringsarbeid.⁹ Dette er openbart spekulasjonar frå Evans si side, men det gjev ei forklaring på kvifor Prokopios starta på *Anekdotas*, og den uvilje han viser for dei innovasjonane Justinian innfører. Den kritikken Prokopios kjem med, knytte Evans imidlertid til Prokopios sine band til det jordeigande aristokratiet. Prokopios sine karrieremessige tilbakeslag i 540-åra forklarar altså ikkje Prokopios sin kritikk, det var berre den utløysande årsaka, ifølgje Evans. Forklaringa av den kritikken som kom finn ein i det samfunnet han var ein del av, der han bygde på det sladder som allereie eksisterte for å sverta keisaren og hans omgangskrins. Prokopios vart dermed talsperson for reaksjonære krefter som alt eksisterte. Prokopios sine skildringar både i

⁸ Jurist.

⁹ J.A.S Evans: *Procopius*, s 91.

Historia om krigane, Bygningar og Anekdoter er dermed eit uttrykk for ulike samfunnsgruppers perspektiv meir enn Prokopios sine personlege meiningar.

J. A. S. Evans' *The age of Justinian. The Circumstances og Imperial Power* (1996) er ei tradisjonell bok om emnet som i stor grad er ei oppsummering av den samla kunnskap om emnet som er tilgjengeleg. Boka omhandlar som tittelen seier ikkje Justinian, men Justinian sin periode. Dette er dermed på ingen måte ei revolusjonerande bok, men er utmerkt til å skaffa seg ei lettlesne oversikt over kva som rørte seg i det 6. hundreåret. Ein kan seia det same om *The Mediterranean World in Late Antiquity AD 395-600* av Averil Cameron, *The Byzantines* av Guglielmo Cavallo og *Justinian* av John Moorhead. Desse bøkene gjev ikkje verda ny kunnskap om emnet, men er kompakte og lettlesne eksemplar basert på den samla kunnskapen om emnet som er blitt akkumulert opp gjennom tida med Gibbon, Bury og Jones til i dag.

Ein ser dermed ei vriding i søkjelys som går frå det til dels personfokuserte med Gibbon, til søkjelys på statsadministrasjon og økonomi med Bury til eit søkjelys på sosiale strukturar og befolkningssamansetjing med revisjonistane og Jones på 1960-talet. Av dei "nye" forskarane kan ein ofte sjå at dei forsøker å fletta dette saman til eit bilete. Ein er imidlertid gradvis blitt meir kritisk til kjeldene. Kjeldematerialet har ikkje auka nemneverdig sidan Bury på slutten av 1700-talet. Ein har derimot ein tendens til å ta meir omsyn til litterære normer og forfattarens personlege erfaringar for å tolka dei skriftlege leivningane. Ein kan dermed dra tolkingane lenger og med eit vidare nedslagsfelt enn det ein gjorde tidlegare. Faren for å overtolka er definitivt til stades, noko Prokopios nok er vorten offer for ved fleire høve, men fordelene med denne framgangsmåten er openbar. Fleire og nye perspektiv gjer at ein kan søkja seg inn på nye felt og nye forklaringsmodellar som kan vera fruktbare ved å utforska bakgrunnen for kjeldas opphav og overleving.

3

KJELDENE

Ein kan i stor grad dele opp dei aktuelle kjeldene i to kategoriar. Dei som har sitt opphav i gresk-romersk sekulær tradisjon og kristen krøniketradisjon. Prokopios av Cæsarea (ca 500-561), som er mi hovudkjelde, høyrer klart inn under den sekulære tradisjonen. Justinian sin æra representerer på mange måtar kulminasjonen av gresk-romerske litterære tradisjonar i form av den litteraturen som vart produsert kombinert med kodifiseringa av mange hundreår med juridiske tradisjonar. Framveksten av krøniketradisjonen fører til at ein ved å kombinera dette med dei sekulære verka, har ein relativt brei flora av litteratur på denne tida. Ironien i det heile er at ein gradvis, spesielt i krønikene, ser spor etter den overtrua og vankunna som skulle dominera mellomalderens verdssyn. Religiøse referansar som tidlegare hadde blitt brukt som metaforar eller i overført betydning, vart no brukt som reelle referansar til faktiske hendingar.

Ein kan seie at dei sekulære forfattarane på den tida prøvde å gjenskapa antikkens vide intellektuelle grenser på same vis som Justinian prøvde det geografisk, men utan å få det heilt til. Samfunnsendingane hadde rett og slett blitt så store at antikkens metodar og tematikk var utrangert og forelda. Prokopios var dermed i ferd med å bli ein del av ein utdøyande rase fordi munkane sin krøniketradisjon skulle ta over for tradisjonen med sekulære historikarar og politiske kommentatorar som Prokopios representerte. Ved å setja desse to tradisjonane opp mot kvarandre og granska dei skildringane dei gjev, får ein imidlertid eit nyansert bilde av samfunnet og aktørane i det. Prokopios kjem til å vera hovudkjelda mi ganske enkelt fordi hans forfattarskap er det mest sentrale og omfattande. Eg vil imidlertid bruka heile spekteret av kjelder for å dekkja periodar eller tema som han ikkje rører ved eller for å stadfesta eller avsanna det han skriv. Fyrst må eg teikna eit bilete av Prokopios og forfattarskapen hans.

PROKOPIOS

Prokopios har skrive tre verk, *Historia om krigane*, *Anekdotar* og *Bygningar*. *Historia om krigane* (8 bøker) handlar i all hovudsak om dei tre krigsarenaene ved persargrensa, i Nord-Afrika og i Italia. *Anekdotar*¹⁰ er kjenneteikna ved sine hatske utfall mot dynastiets elite og kritikken mot keisaren og hans nærmaste og omhandlar stort sett det indre liv i maktas korridorar. Mens *Historia om krigane* fokuserer på krigsarenaene, er altså *Anekdotar* meir fokusert på palassintrigar. *Bygningar* skildrar keisaren sitt byggeprogram, og er ein panegyrisk lovtale, ein sjanger som er sjeldan i dag, men har likskapstrekk med reklame. Samla gjev desse bøkene oss eit unikt innblikk i politikk og mentalitet i Konstantinopel og imperiet i brytingstida mellom seinantikken og tidleg mellomalder. Dei vart skrive av den same mannen i det same tiåret og dei skildrar stort sett dei same personane. Utfordringa vert å sjå desse kjeldene under eitt. Det sentrale spørsmålet må difor vera kvifor Prokopios skriv tre verk av ein såpass forskjellig karakter og kva desse verka fortel oss om det samfunnet Prokopios var ein del av. Fyrst må ein imidlertid sjå på personen bak namnet.

Me veit lite om Prokopios sin bakgrunn. Me veit det han viser til sjølv og det som er nedteikna i meir eller mindre offisielle dokument frå Konstantinopel. Prokopios var født i Cæsarea, ein by ikkje så langt unna Tel Aviv i dagens Israel, ein gong mellom 495 og 500. Han hørde sannsynlegvis til det lokale kristne jordeigande aristokratiet¹¹, som han på mange måtar gjer seg til talsmann for i *Anekdotar*. Han var utdanna retor¹². Det har vorte spekulert i om Prokopios utdanna seg til retor i Gaza, fordi imiteringa hans av Tukydid har det same mønsteret som Korikios' frå Gaza¹³. Dette er uansett berre spekulasjonar, men det er slett ikkje urimeleg i og med at Gaza var kjent for den juridiske kompetansen sin på denne tida. Prokopios kan dermed ha hatt Korikios som lærar i dei greske klassikarane ved universitetet i Gaza.

¹⁰ Det har vore spekulert i at *Anekdotar* er ei forfalsking, men ingen seriøse forskarar støtter dette synet i dag. Den må i tilfelle vera ei forfalsking frå Prokopios si samtid, og misser då uansett ikkje sin aktualitet. Påstandane var i all hovudsak politisk motivert. Sjå J. A. S. Evans: *Procopius*, s 29-30.

¹¹ Cameron, Averil: *Procopius and the Sixth Century*. s 6.

¹² J.A.S Evans: *Procopius*, s 17.

¹³ Cameron, Averil: *Procopius and the Sixth Century*, s 38.

Når det gjeld å sjå konturane av ein opposisjon gjennom verka til Prokopios (og andre forfattarar i tida), står ein overfor ei rekkje problem. Har Prokopios bevist overdrive og vrent på sanninga eller utelate ting? Kva motiv har han i tilfelle for å gjera dette? I samanheng med dette er det viktig å klargjera kven han skreiv for. Ytringsfridom er eit relativt moderne omgrep, Prokopios vart nok ikkje sensurert i ordets rette forstand, men han måtte i stor grad drive sjølvensur. I verk som var skriva for å publiserast, ville det ikkje vera klokt å koma med system- eller personkritikk av keisaren eller hans nærmaste. Dette kanskje like mykje fordi ein velskriven og positiv omtale av keisaren og hans omgjevnader ville få positive konsekvensar for forfattaren like mykje som ein negativ omtale ville gjort at han fall i unåde. Sett ut frå karriereomsyn var det klart at Prokopios hadde alt å tena på å omtale maktas menn med den respekt som dei forventa. Sånn sett er det enkelt å forklara *Historia om krigane* og *Bygningar*. *Bygningar* bær også heilt klart preg av å vera eit tingingsverk frå keisaren. Det at Prokopios vart *illustris*¹⁴ viser at han må ha gjort nokre rette karrieremessige val,¹⁵ her spelte kanskje forfattarskapen ei avgjerande rolle.

I *Historia om krigane I-VIII* fyller han rolla som det objektive augnevitnet som vil gje inntrykk av å fortelje dramaet rundt hendingane etter klassisk gresk litterære tradisjonar som går tilbake til Tukydid, Herodot og Polybos.¹⁶ Prokopios bruker Tukydid si *Historia om Peloponnesarkrigen* aktivt som ein mal der bestemte hendingar og situasjonar vert gjenfortalt i eksakt same mønster som av den gamle meistaren. Dette er spesielt tydeleg i Prokopios si skildring av pesten i 542 der han brukar Tukydid sin skildring av pesten i Athen mellom 430 og 427 aktivt. Prokopios brukar også eit gresk språk svært ulikt det som vart snakka i Konstantinopels gater i samtida, men som ligg nært den gresken Tukydid brukte. Dette trass i tidsspennet på nesten tusen år. Dette gjer det heile utilgjengeleg for alle andre enn den utdanna eliten. Det at han bevist fylgjer i fotspora til desse tidlegare forfattarane og byggjer historia opp med same repertoar og oppbygging som Tukydid, gjev imidlertid teksten eit formelt og autoritært preg som gjer at han får ekstra tyngd i samtida.

Prokopios ordnar stoffet geografisk i dei sju fyrste bøkene av *Historia om krigane*. Dei to fyrste bøkene omhandlar persarkrigane fram til 548. Nummer tre og fire omhandlar hendingane i Nord-Afrika opp til det same året, mens dei tre neste omhandlar hendingane i

¹⁴ Øvste stend i senatet, i det sjette århundret var det kun dei som hadde talerett og kan dermed kategoriserast som senatets rette medlemmar.

¹⁵ J. A. S. Evans: *Procopius*, s 17.

¹⁶ Cameron, Averil: *Procopius and the Sixth Century*, s 37-41.

gotarkrigen fram til 551. Den siste boka bryt mønsteret. Han bryt då den geografiske oppdelinga og skriv om hendingar på alle frontar mellom 548 og 553. Den siste boka utmerker seg også med ein synleg meir kritisk holdning til Justinian og austromersk politikk. *Historia om krigane* er nok ikkje eit tingingsverk i ordets rette forstand, men ei skildring basert på loggføring og dagboknotat som han hadde frå tida då han som sekretær og rådgivar for Belisarius mellom 527 og 539. Han hadde dermed som ein sentralt plassert medlem av militærapparatet til imperiet vore vitne til si tids mest betydningsfulle hendingar. Han må ha sett ei mogelegheit til å skaffa seg eit namn ved å gjenfortelja dette for samtida og ettertida. Målgruppa for desse bøkene var den utdanna eliten med økonomi og posisjon til å få tilgang til bøker, som måtte kunne kallast ein luksusartikkel. Det vil fyrst og fremst seia den eliten som var sentralt plassert i Konstantinopel og provinshovudstadene. Ein må gå ut frå at karriere, sosial status, økonomi og personlege ambisjonar kan ha vore viktigare enn den personlege integriteten som krevst for å koma med ei rett framstilling til ei kvar tid. Det er openbart når ein les *Historia om krigane* at Prokopios gjer det han kan for å forsvara sine overordna frå eventuell kritikk ved å fordela skuld for eventuelle fiaskoar nedover i kommandokjeda til underoffisersnivå og vidare, eller fordela skuld til folk som på tidspunktet boka vart skrive er døde eller falne i unåde. Det er Belisarius som er heltefiguren framfor nokon i bøkene, og Prokopios nyttar eit kvart høve til å skildra Belisarius i positive ordelag. Helten er ikkje feilfri, men viss noko går gale, er det vanlegvis på grunn av uheldige omstende. Dette svekkar ikkje kjelda sin verdi, tvert imot viser det kva premiss Prokopios arbeidde under med pålagt eller sjølvpålagt sensur.

Bøkene har imidlertid ei utvikling, det kan verka som om Prokopios vert meir kritisk til Belisarius og Justinian dess lengre han kjem i skriveprosessen, noko som tyder på at han skreiv bøkene over eit langt tidsspenn. Dette vert tydeleg i den siste boka der gotarkongen Totila får svært positiv omtale, blant anna i skildringa av Totila sin opptreden og ”krigsdans” før det avgjerande slaget ved Busta Gallorum i 552.¹⁷ Det er her tydeleg kvar Prokopios sin sympati ligg. Den edle og høviske gotarkongen får dermed ein martyrstatus for folket sitt via Prokopios si fargerike skildring av Totila sin heroiske kamp mot overmakta. Totila får i denne og andre skildringar den plassen i narrativet som Belisarius har hatt i dei andre bøkene.

¹⁷ Procop: *Wars VIII*, 31. 11-18.

Grunnen til denne nye haldninga kan vera at Prokopios vart meir kritisk, eller at han gradvis lét ei latent misnøye koma fram. Eit litterært verkemiddel som dei klassiske forfattarane hadde brukt flittig var å få fram motståande synspunkt gjennom talar som aktørane gjev. I desse talane kan ein etter kvart spora kritikk mot Justinian. Ein kan trass alt ikkje verta overraska over at ein fiende på slagmarka talar negativt om keisaren. Kritikken låg imidlertid på eit nivå som ikkje var naturleg for ein fiende å ytra. Ein ser dermed at Prokopios på slutten av boka kan retta sterk kritikk mot Justinian, om enn indirekte. Ein karakteristikk av Justinian gitt av Arsakes, som var ein gotarleiar, viser dermed kanskje kva mange eigentleg meinte:

”a man [Justinian] who always sits unguarded in some lobby to a late hour of the night, eagerly unrolling the Christian scriptures in company with priests who are at the extremity of old age”.¹⁸

Prokopios kunne altså komma med kritikk også i *Historia om krigane* om han kamuflerte det som ”galen manns ralling” eller ein fiende sine ord på slagmarka.

Bygningar kjem her på mange måtar i same stilling som *Historia om krigane*, men dette ber i større grad preg av å vera eit tingingsverk der han hadde keisaren som oppdragsgjevar. At det er keisaren som er oppdragsgjevar ymta han sjølv frampå om ved å skriva at keisaren vil at han skal byrja boka med å skriva om dei kyrkjene i Konstantinopel som er tileigna Guds mor.¹⁹ Justinian vert i denne boka i stor grad skildra som ein frelsar som redda eit rike i uorden og bygde imperiet ut både i kvalitet og kvantitet ved å (gjen)erobra tapte område. Han byggjer fort og forsvarsverk for å trygga grensene og befolkninga og kyrkjer til Guds ære samtidig som han kodifiserer lovene, støtta den rette tru, bringer fred og harmoni til riket mens han tilgjev dei som sver seg saman imot han.²⁰ Prokopios teiknar dermed eit bilete av Justinian som ein landsfader og idealkeisar. Boka ber klart preg av å vera ein propagandareiskap som skal sikra keisaren eit ettermæle, og var nok ikkje meint å lesast som skjønnlitteratur, men meir for spesielt interesserte og for ettertida. Prokopios seier sjølv at han skriv denne boka for framtidige generasjonar.²¹ Det at Justinian vart helgen i den ortodokse kyrkja etter sin død, kan tyde på at propagandaen hadde ein effekt for å sikra ettermælet og dynastiet si framtid.

¹⁸ Procop: *Wars VII*, 32. 7-11.

¹⁹ Procop: *Build I*, 3. 1.

²⁰ Procop: *Build I*, 1. 4-15.

²¹ Procop: *Build I*, 1. 1-4.

Det er avgrensa kva verdi *Bygningar* har som kjelde i denne samanhengen, anna enn å sjå på kva stil det er skriva i, og for å få eit bilete av kva retoriske grep som var naturleg å bruka i propaganda og i ein samanheng der Justinian sitt spor skulle tydeleggjerast for ettertida. Eit resultat av dette motivet er at Prokopios tileignar kvart byggverk i heile imperiet til Justinian som om han skulle vera personleg ansvarleg for alt, noko som sjølvsagt ville vera umogeleg. Ein kan også ved hjelp av arkeologi sjå at mange av dei forsvarsverka som Prokopios tileignar Justinian, i røyndomen vart oppført i keisar Anastasius (490-518) sin periode, og mindre reparasjonar vart skildra som fullskala bygging.²² Denne overdrivinga ville vera openbar for folk i samtida som var godt informert, men Prokopios rekna vel med at ettertida ikkje ville oppdaga dei ”kvite løgnene” som han brukte for å sikra keisaren sitt ettermæle.

Anekdotia, som er tredje bok i Prokopios sin ”triologi” om Justinian, er og har vore eit mysterium sidan ho vart gjenoppdaga i Vatikan-biblioteket i 1623. Med *Anekdotia* riv Prokopios ned alt det han har skriva i dei to andre bøkene sine og gjev ei forteljing frå det indre liv i maktas sentrum som handla om vondskap, korrupsjon, grådigskap og sjalusi. Ingenting er heilag og keisarens karakter og motiv får gjennomgå til dei grader. Helten i *Historia om krigane*, Belisarius, får også ein tilsvarande brutal behandling saman med keisarinne Teodora og meir eller mindre alle andre som har sentrale posisjonar i administrasjon eller militærvesenet. Prokopios gjer det til eit poeng i forordet at *Anekdotia* ikkje kan publiserast mens aktørane er i live fordi det då vil resultera i ein sikker død som fiende av keisaren:

”it was not possible, as long as the actors were still alive, for these things to be recorded in the way they should have been. For neither was it possible to elude the vigilance of multitudes of spies, nor, if detected, to escape a most cruel death. Indeed, I was unable to feel confidence even in the most intimate of my kinsmen”.²³

Det er òg openbart at dette er intensjonen i og med at han konsekvent omtalar Justinian i fortid. Heilt til siste side i boka der det vert tydeleg at Justinian framleis var i live då boka vart skriva, i og med at Prokopios her ser fram mot Justinian sin død med glede:

”So when Justinian either, if he is a man, departs this life, or, as being the Lord of the evil spirits, lays his life aside, all who have the fortune to have survived to that time will know the truth”.²⁴

²² Cameron, Alan, *Procopius and the Sixth Century*, s 107.

²³ Procop: *Anecdota*, 1. 1-4.

²⁴ Procop: *Anecdota*, 30. 30-34.

Kva motiv kan liggja bak eit verk som *Anekdotia*? Kva grunn hadde ein tilsynelatande reflektert og rasjonell mann som Prokopios til å totalt diskreditere seg sjølv ved å riva ned livsverket sitt og gje ut ei bok som motsa alt anna han før hadde skrive? Det motivet Prokopios gjev for å skriva *Anekdotia* er at han ikkje greier å skjula den fryktelege sanninga lenger. Han vil skrive det i bokform så ettertida får vita kva demonar som hadde kontroll over riket, sjølv om han trur at ettertida vil stempla han som ein myteforteljar fordi sanninga er for utruleg til å vera truverdig.²⁵ Spørsmålet er om dette motivet kan stemma, kva har han å tena på å skriva ei bok som må liggje i ei skuffe til keisaren, og sannsynlegvis Prokopios sjølv, er død?

Er det mogeleg at *Anekdotia* ikkje skil seg så dramatisk frå det andre han har skrive fordi han i *Anekdotia* berre gjer det same som i dei andre bøkene? Han framstiller ein versjon av sanninga meir eller mindre på vegne av nokon andre fordi det tener han. Så kven skal desse andre då vera? Kven hadde ressursar og innverknad til å rekruttera ein av imperiets store forfattarar til å fortelja sin versjon av saka? Den kritikken som Prokopios gjev uttrykk for, kan tolkast ut frå dei ankemåla som aristokratiet og senatorstanden må ha hatt imot dette dynastiet. Dynastiet hadde, etter at det var etablert i 518 med Justin I, sett i gang reformer og innovasjonar som ein har vanskar med å finne parallellar til, noko som ytterlegare svekkjer aristokratiet si stilling og senatet si makt. Det er med dette i bakhovudet ein må tolka *Anekdotia*, viss ein vel å sjå på Prokopios som ein rasjonell politisk ”spelar” i svært grumsete farvatn. Det er vanskeleg å ta Prokopios på ordet og konkludera med at det var samvitskvalar som fekk han til å påta seg det arbeidet og risikoen som denne boka utgjorde for han personleg.

Som sagt er *Anekdotia* eit verk som skil seg markant frå alt anna han har skrive i forfattarskapen sin, men det er ikkje ein unik sjanger. Den byggjer på ein sekulær romersk tradisjon, nemleg den Svetonius er eksponent for. Svetonius gjer seg bemerkert med sine injurierande og svært personfokuserte skildringar frå det fyrste hundreårets Roma i bøkene *Livet til keisarane* og *Livet til illustriane* på same måte som i Prokopios si *Anekdotia*. Det er usannsynleg at Prokopios fekk tilgang til desse bøkene i den gresksentrerte utdanning si. Denne openbare likskapen kan imidlertid ikkje vera tilfeldig. Kanskje han fekk tilgang til Svetonius sine bøker under opphaldet sitt i Italia med Belisarius.

²⁵ Procop: *Anecdota*, 1. 4-8.

Viss ein ser dei tre bøkene i dette perspektivet, kan ei sjå at dei er bygd på tre ulike litterære tradisjonar, men alle med det sentrale emnet politikk og eigenskapen av å fungera som propaganda for ein politisk aktør. Som tidlegare nemnt er *Bygningar* ein panegyrikk, *Historia om krigane* ei historiebok bygd på tradisjonar etter Tukydid og *Anekdotar* er ein satire basert på tradisjonen etter Svetonius, men med ein annan "oppdragsgjevar" enn dei to føregåande. Ein kjem dermed til den konklusjonen at forskjellen ikkje er så dramatisk som ein kan få inntrykk av, men at den berre består av ulik sjanger og "oppdragsgjevar". Den mest fruktbare innfallsvinkelen er derfor å sjå på Prokopios som ein opportunist som skreiv det som tente interessene hans. Dette faktumet svekkjer ikkje verdien av kjeldene, heller tvert imot. Ein kan av dette rekna med at Prokopios fungerte som ein reiskap for dei ulike partane i maktkampen. Framstillinga og argumenta hans kan dermed sjåast på som eksponeringar av dei skiljelinjene som eksisterte og dei argumenta som vart brukte i maktkampen.

Ved å sjå på eventuelle motiv kan ein eliminera tanken om at Prokopios, etter å ha vikt livet til ein karriere i keisaren si teneste, gjekk gjennom ein periode med resignasjon eller depresjon retta mot dynastiet og keisaren som resulterte i *Anekdotar*. Dette er eit synspunkt som enkelte forskarar har forfekta. Dei forklarar *Anekdotar* som eit resultat av ei personleg krise, noko som reduserer Prokopios til ei ureflektert og dermed mindre interessant kjelde. *Historia om krigane* og *Bygningar* gav han *illustris*-stillinga og allmenn akting. *Anekdotar* kan ha vore ei forsikring i tilfelle maktovertaking eller skaffa han ein fot i begge leirar, noko som er ein openbar politisk fordel. Ein ser dermed konturane av ein mann som var reflektert og var medviten på kva han produserte og kven han gjorde det for, med andre ord eit sjølvbevisst karrieremenneske.

Når det gjeld *Anekdotar*, er ho kanskje ikkje så unik som ein kan få inntrykk av ved fyrste augnekast. Det som er unikt er at ho vart skriva i ein periode då keisaren praktiserte noko som kan likna på absolutisme. Forfattarane frå det klassiske Roma levde i ein periode då litterær kritikk av makthavarane var ein etablert tradisjon. Prokopios derimot bygde vidare på desse fem hundre år lange tradisjonane i ein periode der keisarrolla hadde endra seg dramatisk, og dermed også den grada av kritikk som vart tolerert. I denne samanhengen kan ein seie at boka er spesiell, den graden av personangrep Prokopios tyr til overskrid langt det ein kan forventa ville verta tolerert. Etter innhaldet å døma er det ingen grunn til å tvila på Prokopios sitt ord om at ho ikkje kunne verta publisert mens Justinian var i live. I kva grad ho sirkulerte før Justinian sin død i 565 er uvisst, men det ville definitivt vore ein risiko for Prokopios å utsetja

seg sjølv for. Sannsynet er stort for at *Anekdotia* berre sirkulerte i ein lukka krins før Justinian sin død, men dette er sjølv sagt umogeleg å veta. *Anekdotia* var dermed retta mot Justinian-dynastiet meir enn Justinian sjølv. Når keisaren no byrja å dra på åra, var det viktig å diskreditere administrasjonen hans for å opna for at nye krefter som ikkje var tilknytte Justinian skulle kunna ta over ved Justinian sin død.

Sjølv om det generelle synet på dynastiet og folk knytt til det er ulikt i framstillinga i *Historia om krigane* og *Anekdotia*, passar Prokopios på å ikkje koma med sjølv motseiingar i dei to bøkene. Det er derimot ulike syn på motiv bak politikken som er den store forskjellen. Prokopios unngår dermed å diskreditere forfatterskapen sin og seg sjølv ved å koma med faktaopplysningar som motseier kvarandre i dei to bøkene. Det at han klarar dette trass i at han teiknar to vidt forskjellige bilete av situasjonen er om ikkje anna imponerende. Det er eit unntak, ansvaret for drapet på gotardronning Amalasueta i 535 gjev han i *Historia om krigane* nevøen og medregenten Teodahad saman med sterke krefter i den gotiske adelen som ein reaksjon på Amalasueta si samrøre med Justinian.²⁶ I *Anekdotia* derimot vert drapet beordra av ei sjalu Teodora som fryktar at ein eventuell politisk allianse mellom ektemannen Justinian og Amalasueta skal resultera i eit strategisk ekteskap for å forseгла pakta mellom gotarar og Konstantinopel.²⁷ Prokopios gjev som forklaring på desse motstridande framstillingane at han ikkje kunne avsløra sanninga i *Historia om krigane* fordi dette ikkje ville falla i god jord. Det at denne hendinga er den einaste der Prokopios motseier seg sjølv i dei to bøkene, viser at han har vore medviten på å ikkje diskreditere *Historia om krigane*. Dette viser tydeleg at Prokopios i aller høgste grad var bevisst på kva han gjorde då han skreiv *Anekdotia*. Prokopios forventa kanskje ikkje å verta teken på alvor i alle sine dryge personangrep, men han brukar desse til å byggja opp eit bilete av eit korrump dynasti utan å riva ned grunnlaget for historieboka *Historia om krigane*, som han må ha sett på som grunnsteinen i forfatterskapen sin. Dette viser at det er sjanger og fokus som har forandra seg, ikkje forfattaren sin personlege ståstad.

Kronologi er eit interessant og naudsynt spørsmål. Vart Prokopios *illustris* før eller etter at han skreiv *Anekdotia*? Me veit ikkje når han vart *illustris*, men dei sju fyrste bøkene i *Historia om krigane* vart openbart skrivne før den endelege sigeren i Italia i 552. Det vil seia at dei dekte hendingane fram til 551 og må ha blitt avslutta då. Den åttande og siste boka vart

²⁶ Procop: *Wars V*, 4. 22-31.

²⁷ Procop: *Anecdota*, 16. 1-5.

sannsynlegvis avslutta like etter 553, i og med at han skriv kva som har skjedd på krigsarenaene fram til nettopp dette året. Når det gjeld *Anekdotia* står ein overfor eit problem. Prokopios oppgjev i forordet at han skriv boka i det 32. året av Justinian sitt styre²⁸, dette må då vera i 559. Så enkelt er det imidlertid ikkje. Han kan ha rekna frå 518, då Justinian sin onkel Justin I (518-527) etablerte dynastiet og Justinian i stor grad styrte bak kulissane og ikkje i 527, ein hamnar då i 550. Kva er mest sannsynleg? Når ein ser på kva energi han brukar til å sverta keisarinne Teodora, kan ein tru at minnet om henne må vera ferskt. Ho døyde i 548, det ville ikkje ha vore så meningsfylt å skriva så mykje om henne viss ho hadde vore død i over ti år og dermed utspelt si rolle. På den andre sida ber *Anekdotia* preg av å vera uferdig, det kan då tyda på at han vart avbroten i skriveprosessen av sin død, og han døyde definitivt etter 550. Ein skulle også tru at han i 550 var opptatt med å skriva dei andre bøkene sine, nemleg *Historia om krigane*. Eg er derfor freista til å påstå at Prokopios skreiv *Anekdotia* som ein langsiktig prosess. Hatet hans mot Teodora kjem tydelegast fram i byrjinga av boka, seinare miste dette sin aktualitet. Det vil derfor vera vanskeleg å tidfesta denne boka til eitt år. Det kan hende at han starta skriveprosessen i 550, men at han har skriva denne boka over eit langt tidsspenn, kanskje mellom 550 og ca 560. Det er dermed ikkje usannsynleg at han vart utnemnt til *illustris* mens han skreiv på *Anekdotia*. Det er imidlertid viktig å påpeika at dette berre er spekulasjonar, kjeldene er ikkje gode nok til å koma med nokon endeleg konklusjon.

AGATIAS

Handlinga i Prokopios sine bøker vert avslutta med Narses sin siger over gotarleiaren Totila i Italia i 552. Viss ein skal dekkja heile Justinian si regjeringstid, må ein nødvendigvis bruka andre kjelder. Agatias av Myrrina (532- ca 579-82)²⁹ er då ei openbar moglegheit. Agatias var fødd på Myrrina som er ei øy i Egeerhavet. Han var utdanna retor i Alexandria før han byrja å praktisera som retor i Konstantinopel. Agatias seier i forordet at han i denne boka skal vidareføra arbeidet til Prokopios i *Historia om krigane* og fortsetja der Prokopios slapp.³⁰ Ein kan derfor med ein viss rett kalla dette for ei bok 9 i *Historia om krigane*, det var nok slik Agatias såg det sjølv. Som ein ser er det mange likskapstrekk mellom dei to forfattarane, begge kjem frå ein gresk elite i provinsen og begge er utdanna retorar. Det at Agatias meir

²⁸ Cameron, Averil: *Procopius and the Sixth Century*, s 9.

²⁹ Aga: *Histories*, intro IX-XIII.

³⁰ Aga: *Histories*, Forord. s 32.

eller mindre prøver å kopiera Prokopios sin stil og stadig refererer til han, gjer ikkje likskapen mindre. Det er imidlertid ein vesensforskjell. Prokopios var gjennom sin stilling i Belisarius sin stab sentralt plassert og hadde dermed fyrstehands kjennskap til det meste av det han skreiv om. Han hadde også betre tilgang til å møte augnevitne når han var ute og reiste som del av Belisarius sin stab. Agatias derimot sat i Konstantinopel, hundrevis av kilometer frå det han skreiv om, det er dermed ikkje den same ”snerten” over skildringane hans og dei er såleis heller ikkje like verdifulle. Det er openbart at Agatias heller ikkje hadde vidare god innsikt i mykje av det han skreiv om. Agatias var fyrst og fremst ein poet, ikkje politisk kommentator som Prokopios.

Ein annan ting er at han i mindre grad enn Prokopios skreiv om intern politikk i Konstantinopel. Agatias konsentrerer seg dermed utelukka om krigshandlingar i Italia, ved persargrensa og i Kaukasus. Dette fell litt på sida av tema i denne oppgåva. Som ein oppfølgjar av Prokopios si *Historia om krigane* er det imidlertid eit verk som kan gje verdifulle opplysningar i perioden mellom den austromerske sigeren i Italia i 552 og Justinian sin død i 565.

KRØNIKER

Prokopios og Agatias er begge godt planta i klassisk gresk-romersk litterær tradisjon. Det var imidlertid ein annan tradisjon med eit anna opphav som levde parallelt, nemleg ein kristen krøniketradisjon. Krønikene var meir ordknappe med mindre ”narrative” forteljingar om faktiske hendingar framført kronologisk. Eg kjem til å bruke fire slike kjelder her, Johannes Malalas si *The Chronicle, Ecclesiastical History* av Evagrius Skolastikus, *Chronographia* av Teofanes og *Chronicle* av Pseudo-Dionysius. Krønikene er spesielt verdifulle når det kjem til opplysningar om dei geistlege og ein eventuell geistleg opposisjon. Det vil i stor grad vera naturleg å sjå på dei ulike krønikene som talerøyr for denne gruppa. Det er då viktig å vera klar over at dei ulike forfattarane høyrer til ulike religiøse grupperingar som kanskje har ulike utgangspunkt til å behandla dei tema som dei skriv om. Viss ein har dette i bakhovudet, har ein eit godt utgangspunkt for å tolka dei ulike forfattarane sine skildringar. Den litterære forma til krønika tillet heller ikkje at han går inn i stoffet med forklaringar, analyser eller digresjonar. Dette gjer at stoffet får eit svært knapt og faktabasert preg.

MALALAS

Johannes Malalas (ca 491-578) si krønike *The Chronicle* har heilt klart sine avgrensingar. Blant anna skriv han stort sett om forhold som anten finn stad i heimbyen hans Antiokia eller som har relevans for denne byen og omeign. Han går berre overflatisk over hendingar i Konstantinopel og imperiet elles. Det som var mest påfallande med Malalas si krønike i si tid var at det var skriva på ”folkespråket”, vulgærgresk om du vil. Den var ikkje skriva etter Tukydid sin rettskrivingsnorm som Prokopios og andre brukte, og som var vanskeleg tilgjengeleg for dei store massane av folk som kunne lesa, men berre knapt nok.³¹ Malalas danna i stor grad norma for bysantinsk krøniketradisjon i og at han med si *The Chronicle* kan reknast som ein av grunnleggjarane av tradisjonen.³² Krønika avsluttar handlinga si i 563 og kan derfor gje verdifulle opplysningar i den perioden Prokopios ikkje dekkjer, elles stadfester eller utdjupar ho stort sett berre dei reine faktaopplysingane som Prokopios gjev oss. Malalas skreiv for den monofysittiske eliten i Syria, ein skulle dermed tru at han skulle presentera eit anna perspektiv på ting, men dette kjem sjeldan til uttrykk, kanskje på grunn av krønika si knappe og faktabaserte form. Det er spesielt Malalas skildring av Justin I si maktovertaking i 518, Nikaopprøret, fraksjonane og attentatforsøket mot Justinian i 562, der Belisarius vart implisert, som er av interesse for å illustrere maktforhold og faktiske hendingar. Kanskje spesielt attentatforsøket i og med at dette ikkje kjem med i Prokopios sine bøker. Malalas kan dermed til ei viss grad kasta ytterlegare lys over desse hendingane, både når han støttar Prokopios si framstilling, når han kjem med ein annan versjon, og når han kjem med ny informasjon. Malalas kjem òg med verdifulle opplysningar om tida før Justin I. Dette er ein periode Prokopios ikkje dekkjer, og som kan brukast til å illustrera kva politisk tradisjon Justinian trådde inn i.

EVAGRIUS

Evagrius Skolastikus (ca 536- etter 594) har det til felles med Malalas at han hadde opphavet sitt i det monofysittisk dominerte Antiokia. Han var retor og skreiv krønika *Ecclesiastical History* som dekte åra frå konsilet i Efesos i 431 til 594 fordelt på seks bøker. Evagrius var ein

³¹ Bury: *History of the Later Roman, vol II*, s 435.

³² Bury: *History of the Later Roman, vol II*, s 435.

del av det etablerte politiske miljøet i den grad at han vart utnemnd til kvestor av keisar Tiberius II (574-582).³³ Ein må derfor gå ut frå at han var godt oppdatert i det politiske landskapet i Konstantinopel på slutten av det 6. hundreåret. Det er også tydeleg at som Malalas hadde tilgang til Prokopios si *Historia om krigane*. Evagrius går langt i å oppgje Prokopios som hovudkjelda til det han skriv om Justinian,³⁴ og ved å sitera Prokopios med jamne mellomrom. Det som er interessant med Evagrius sitt verk er at han rettar sterk kritikk mot Justinian sitt styre. Den kritikken han rettar imot Justinian er stort sett basert på at skattetrykket var hardt, at han konfiskerte eigedomane til dei rike, at han favoriserte den blå fraksjonen (eit fenomen eg skal koma tilbake til) og at han brukte statens hardt tiltrengde pengar på noko så meiningslaust som å hjelpa gamle, sjuke og invalide.³⁵ Dette samsvarar med det Prokopios skriv i *Anekdot*. Dette gjer det sannsynleg at Evagrius hadde tilgang til *Anekdot* når han skreiv det på 590-talet. Dette kan tyda på at *Anekdot* var i omløp i politiske miljø i Konstantinopel etter Justinian sin død. Det er òg mogeleg at han retta kritikk imot Justinian på vegner av det monofysittiske miljøet i Antiokia, som han hadde opphavet sitt frå, eller ut frå rådande politiske element i Konstantinopel der han sat som kvestor, uavhengig av *Anekdot*. Evagrius såg på Justinian sin periode i retrospekt. Ein må derfor gå ut frå at den kritikken han gjev utrykk for mot Justinian var representativt for den kritikken Justinian hadde vorte utsett frå av ein opposisjon som etter hans død hadde kome sterkt tilbake og vorte ein del av det etablerte, i og med at Evagrius definitivt tilhørde det etablerte som kvestor.

Evagrius sin tørre kommentar til Justinian sin død i 565 fortel det meste om kva haldning han hadde til Justinian. Han skreiv då at: "God having provided some better thing for us".³⁶ Ein kan her spora den same haldninga og ankepunkta til dynastiet som Prokopios har i *Anekdot*. Dette kan sannsynleggjera at Prokopios ikkje henta påstandane sine i *Anekdot* frå lause lufta, men frå ein synleg og klar opposisjon som hadde eit sameint syn på Justinian sitt vanstyre frå det ortodokse Konstantinopel til det monofysittiske Antiokia. Viss dette er tilfellet, kan denne kjelda få stor betydning for å forstå utbreiinga av opposisjonen geografisk, sosialt og religiøst. Det gjer det sannsynleg at det på slutten av Justinian sitt styre voks fram ein sameint opposisjon i heile riket. Denne opposisjonen var då basert i imperiets tradisjonelle elite, som delte synspunkt, spesielt på den økonomiske situasjonen som krig, pest og naturkatastrofar

³³ Evag: *Eccles*, Bok 6. Kap 24.

³⁴ Evag: *Eccles*, Bok 4. Kap 12.

³⁵ Evag: *Eccles*, Bok 4. Kap 30-32.

³⁶ Evag: *Eccles*, Bok 4. Kap 41.

skapte. Denne opposisjonens synspunkt fekk kanskje ei friare rolle etter Justinian sin død. Dette er noko Evagrius sin kritikk kan vera eit uttrykk for. Det at det vart skrive i tiåra etter Justinian sin død kan paradoksalt nok auka verdien av kjelda ved at Evagrius då nytta høvet til å gje uttrykk for meiningar om Justinian sitt styre som ein forfattar under Justinian vanskeleg kunne gjera offentleg. Det at Evagrius støtta opp om Prokopios si *Anekdotia* kan dermed vera eit symptom på noko meir, nemleg at dei Prokopios gjer seg til talsmann for i *Anekdotia* til ei viss grad vann fram etter Justinian sin død og vart ein del av det etablerte, som Evagrius var ein representant for.

TEOFANES

St Teofanes (ca 758/60 – 817/8) var munk og forfattar.³⁷ Hans krønike, *Chronographia*, gjev verdifulle innblikk i mentalitet, men den faktabaserte verdien er avgrensa fordi han i stor grad bygger på andre verk og forfattarar som er overlevert fram til i dag. I si behandling av Justinian byggjer han i stor grad på Malalas. Det at dette verket vart skrive rundt 810, altså omtrent 150 år etter Justinian, forringar også verdien av kjelda. Han kan imidlertid ha verdi viss ein ser på korleis han har skildra den stemninga og dei forholda som rådde, spesielt i trekantforholdet mellom styresmaktene, fraksjonane og patrisiarane, som eg skal koma tilbake til. Dette forholdet har sannsynlegvis ikkje endra seg dramatisk frå Justinian si tid til Teofanes. Den til dels dominerande rolla som fraksjonsuroen har, spesielt frå slutten av 540-talet til slutten av Justinian sitt styre, viser oss også at fraksjonane sine aktivitetar hadde stor betydning for byen. Den merksemda han har gjeve til fraksjonane reflekterer dermed den merksemda og den dominerande rolla dei hadde i ”nyhendebiletet” i denne perioden.

PSEUDO-DIONYSIUS

Chronicle er ei veldig informativ og interessant kjelde, spesielt når det gjeld religiøs uro i dei austlege provinsane. Det som er problematisk er at me ikkje veit kven som er forfattere. Alt me veit om forfattere er det han avslører sjølv, noko som er avgrensa. Det me veit er at ho vart skriven på syrisk ved klosteret i Zuqin i Nord-Mesopotamia seint på 700-talet, den går

³⁷ Theoph: *Chron*, intro 1 – li.

derfor meir nøyaktig under namnet *Chronicle of Zuqnin*.³⁸ Det som er bevart er del tre av verket, som dekkjer perioden til Anastasius, Justin I og Justinian. Dette er ei utmerkt kjelde i og med at ho i stor grad har eit anna perspektiv enn kjeldene med opphav i Konstantinopel og Antiokia. Det er overhangande sannsynleg at forfattaren, kven han no er, var jakobinar.³⁹ Jakobinarane var ein syrisk/mesopotamisk avart av monofysittane. Det som skilde dei var i grunnen at dei hadde eit geistleg hierarki sjølvstendig overfor trusfellene i Egypt. Jakobinarane dominerte det religiøse landskapet i Mesopotamia.

Temaet i *Chronicle* er i all hovudsak avgrensa til saker av religiøs betydning, men som eg seinare skal visa, krinna mykje av politiske hendingar og avgjersler rundt dette temaet. Det at ho er skriva ca 100 år etter Justinian sin død, gjer også at dei skildringane som kjem misser noko av verdien sin. Pseudo-Dionysius har imidlertid ei geografisk nærleik til den religiøse forfølginga som skjedde i Syria og Mesopotamia under Justinian sitt styre som Prokopios ikkje hadde. Skildringane ber preg av ein overdriven fokus på den brutaliteten som vart vist. Dette kan vera eit symptom på at detaljane har fått eit meir brutalt preg etter kvart som historia er blitt gjenfortalt over den perioden frå dei faktiske hendingane til dei vart nedskrivne. Det kan også vera at forfattaren har hatt eit politisk motiv for å overdriva den brutaliteten som delar av befolkninga vart utsett for. Som jakobinar har han heilt klart ein fordel av å framstilla si eige gruppe som offer for ein intolerant praksis, noko dei for så vidt var, men kanskje ikkje i det omfanget som han gjev uttrykk for. Det er slett ikkje sikkert at valden ramma så tilfeldig og brutalt som han skildrar. Dei drapa og krossfestingane han nemner⁴⁰ ramma nok helst dei som aktivt hadde opponert dei lokale styresmaktene, og ikkje ”vanlege” jakobinarar som pløgde markene og passa sine eigne saker, som han gjev oss inntrykk av. Pseudo-Dionysius stadfester imidlertid med skildringane sine nokre av dei påstandane Prokopios kjem med når det gjeld religiøs forfølging i *Anekdotia*, men med meir detaljar.

³⁸ Pseudo-Dio: *Chronicle*, intro s 15.

³⁹ Sjø: Pseudo-Dio: *Chronicle*, intro, s 19-23.

⁴⁰ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 33.

LOVTEKSTER

I tillegg til den ”klassiske” litteraturen og krønikene finst det ei anna svært omfattande skriftleg kjelde frå denne perioden, nemleg *Codex Iustinianus. Digest*, som er hovudverket i dette svært omfattande lovverket som kvestor Tribonian leidde utforminga av mellom 529 og 534, den kan fortelje oss om mentalitet, samfunnsstruktur og samfunnsordning i Justinian sin æra. Det er også det fremste uttrykket for dei omveltingane og innovasjonane som Prokopios omtalar med slik forakt i *Anekdotia* og lovpriser i *Bygningar*. Ein kan kanskje ved å studera denne kjelda finne noko av årsaka til at delar av senatoreliten i 532 vart knytte til det kjende Nikaopprøret som eg seinare skal koma tilbake til. Lovreformene er eit uttrykk for dei omfattande omveltingane som Justinian innførte, og som kan ha vendt delar av aristokratiet mot han. Det er imidlertid viktig å vera klar over at lover i høgste grad er normative, det vil vera misvisande å lesa lovene direkte. Det er dermed viktig å ha i bakhovudet at rettspraksisen kan strida fundamentalt med det som står i lovene. Alt i alt kan det likevel fortelja oss ein del om kva stilling dei ulike samfunnsgruppene hadde reint formelt.

4

KEISARROLLA OG RENOVATIO IMPERII

Ein ambisiøs politikk som den Justinian førde føresette eit effektivt statsapparat og autoritær leining som står rusta til å møte opposisjon og motstand. Keisarrolla vert her eit sentralt tema. Kva rolle vart det forventa at Justinian skulle fylla? Keisarrolla hadde endra seg sidan Augustus som den fyrste reelle keisar definerte det over 500 år tidlegare. Augustus var fyrst fremst imperator, det vil seia hærførar. Dessutan hadde Augustus tribunmynde, som gav han vetorett og han var pontifeks maksimus, noko som gjorde han til den fremste verdslege og religiøse autoritet. Desse titlane var utferda av senatet, han var dermed formelt direkte underlagt senatet. Han hadde dermed, i teorien, innskrenkt mandat både i fredstid og det sivile liv. Autokraten var derimot rotfesta i austlege og greske tradisjonar, der herskaren var i sentrum og aristokratiet tenaren hans. Ein ser ei gliding i den retninga, blant anna innførde Justinian ny etikette i palasset:

”And while in earlier times those who attended upon the Emperor used simply to call him “Emperor” and his consort “Empress,” and used to address each one of the other magistrates in accordance with his standing at the moment, yet if anyone should enter into conversation with either one of these two [Justinian og Teodora] and should use the words “Emperor” or “Empress” and fail to call them “Master” or “Mistress” or should undertake to use any other word but “slaves” in referring to any of the magistrates, such a person would be accounted both stupid and too free of tongue, and, as though he had erred most grievously and had treated with gross indignity those whom he should by no means have so treated, would leave the imperial presence.”⁴¹

Denne austlege autokrattradisjonen som Justinian gjekk inn i, skilte seg frå den romerske imperatorstillinga ved grada av underkasting som vart forventa. Forskjellen mellom desse omgrepa er sjølvstekt glidande, men Justinian sitt krav om total underkasting av alle samfunnsgrupper, både symbolsk og reelt, plasserer han heilt klart som austleg autokrat. Med

⁴¹ Procop: *Anecdota*, 30. 18-30.

sine ambisjonar om å gjenopprette Romarriket, og som den siste latinskspråklege keisaren, kan ein derimot med rette kalla Justinian for den siste romerske keisaren. Med eit styre basert på krav om full kontroll og lojalitet utan eingong å etterlata senatet spor av symbolsk sjølvstende, er han heilt klart ein gresk autokrat meir enn romersk imperator. Grada av ”undertrykking” av senatet er noko som eg kjem til å koma inn på seinare. Keisaren si rolle som autokrat vart lovfesta i *Codex Iustinianus*, der han i praksis vart gjeven absolutt makt, keisaren sitt ord var lov. Senatet hadde dermed ingenting å seia reint praktisk. Viss ein skulle utøva makt og innverknad på dette nivået, måtte ein dermed gå gjennom keisaren, noko *Codex Iustinianus* slår fast:

”Therefore, whatever the emperor has determined by a letter over his signature or has decreed on judicial investigation or has pronounced in an interlocutory matter or has prescribed by an edict is undoubtedly a law. These are what we commonly call *constitutions*”.⁴²

Ein får inntrykk av at Justinian til ei viss grad byggjer vidare på enkelte keisarar sine prosjekt. Keisar Diokletian (284-305) hadde brukt religion som ein viktig identitetsskapar, om enn den gamle romerske religionen. Tradisjonen med å gje keisaren guddommeleg autoritet og gjera han til religionens representant og forsvarar, kan ein dermed skriva tilbake til Diokletian.⁴³ Riktignok var tradisjonen med å la keisaren verta tilbeden som ein Gud gammal, men dette var fyrste gong at keisaren vart brukt som forsvarar i eit dualistisk religiøst verdssyn, oss mot dei. Det var også under Diokletian at eit effektivt og profesjonelt byråkrati tok over senatet sin posisjon i administrasjonen. Dette var teknokratiet sin inntreden i imperiet.⁴⁴ Diokletian heva på mange måtar keisarembetet opp frå senatet og aristokratiet sitt grep og innsette seg sjølv i ei stilling som ”*vir rei publicae necessarius*”⁴⁵ eller ”mannen som staten treng”.

Staten trong, ifølgje den ideologien som vart innført med Diokletian, ein autokrat med absolutt makt over undersåttane meir enn ein imperator som skulle tena staten til folket sitt beste på vegner av senatet, som var folket sine representantar. Dette var sjølv sagt ein langsiktig prosess, men ein kan seia at det var Diokletian som starta prosjektet med å lausriva keisarembetet fullstendig frå senatet, og det var Justinian som fullførde det. Justinian lykkast

⁴² *Digest*, vol I, Bok I, 4. 1.

⁴³ *Encyclopædia Britannica*: Diokletian, s 6-7.

⁴⁴ *Encyclopædia Britannica*: Diokletian, s 5.

⁴⁵ *Encyclopædia Britannica*: Diokletian, s 7.

i stor grad med å gjera senatet til ei gruppe rikfolk han kunne skattleggja og lite meir, eller ei kulisser frå antikken, som Prokopios uttrykker det.⁴⁶

Ein ser dermed at sjølv om Diokletian og Justinian tilsynelatande var motsetnader i form av ulike religionar, hadde dei altså på mange måtar det same målet og medisinen for å revitalisera ei vaklande kjempe. Effektiv administrasjon og lov, sterk keisar på kostnad av senatet si makt, religiøs uniformering og sikring av Romarriket sine grenser mot barbarar. Synet på kvar rikets grenser gjekk var dei same, sjølv om realitetane ikkje skulle tilseia det. Diokletian var dermed mannen som rydda veg for Justinian sitt autokrati og senatet sitt fall i ”skyggenes dal”. Det er også interessant å sjå at *Codex Iustinianus*, som byggjer på lover frå alle keisarar tilbake til republikken, låner meir frå heidningen og kristendomsforfølgjaren Diokletian enn nokon andre. Kvestor Tribonian brukar 8586 linjer frå Diokletian, og berre 32 frå Konstantin I (306-337) i *Codex Iustinianus*.⁴⁷ Dette viser ein klar tendens til at Justinian ikkje var redd for å henta idear frå heidningen Diokletian på dette området. Dette kan tyda på at han har fått inspirasjon, direkte eller indirekte også på andre felt.

Forholdet mellom senatet og keisaren er eit tema som sekundærlitteraturen legg svært lite vekt på. Dette reflekterer det faktum senatet sin posisjon hadde vorte så marginalisert at dei praktisk talt var ribba for reell makt allereie før Justinian, og at kjeldene dermed fokuserer lite på det. Senatet sine medlemmer utgjorde imidlertid ei samla gruppe som i kraft av stillinga si som leiande medlemmer av riket sin jordeigande elite tradisjonelt hadde andre arenaer for innverknad enn senatet. Etter kvart som keisarrolla vart endra i ein meir autoritær retning og med ei auka makt på kostnad av senatet, synest det som at palasset og byråkratiet vart ein arena for senatseliten fram til Justinian si tid. Det vil dermed vera feil å tolka senatseliten ut frå dei tradisjonelle og formelle rammene av senatet, i og med at innverknadssfæren deira var mykje vidare enn ein kan få inntrykk av. Senatet var i stor grad redusert til eit rådgjevande organ lenge før Justinian. Gruppa sin innverknad går imidlertid inn på eit vidt område både politisk, økonomisk, administrativt, ideologisk, teologisk og juridisk. Dette er viktig å vera klar over for å forstå denne gruppa si evne og behov for motstand og for å sjå kva potensial og føresetnad dei hadde for å utøva motstand.

Embetsmannsverket og byråkratiet var dermed deira arena ved Justiniandynastiet sin tiltreding i 518. Den uformelle makta deira i form av posisjonen til denne klassen ser dermed

⁴⁶ Procop: *Anecdota*, 14. 7 - 11.

⁴⁷ Honoré: *Tribonian*, s 37-38.

ut til å ha vore langt større enn den meir formelle. Forholdet mellom Justinian og senatet må dermed sjåast i dette perspektivet, som ei innverknadsrik sosial gruppe, ikkje som eit organ av betydning.

Den mest openbare motstanden mot regimet var militær. Justinian sin epoke er i ettertid i stor grad blitt definert av krigane han utkjempa og ein kjem ikkje utanom dette viss ein skal ta for seg Justinian sin politikk. Dette fordi erobringane var skapt av ein offisiell ideologi og politikk som gjennomsyra alle Justinian sine ambisjonar, nemleg søking etter å gjera keisarmakta til absolutt autoritet som leiar av den kristne verda. Det var snakk om tofrontskrig, trefrontskrig og til og med firefrontskrig i Nord-Afrika, på Balkan, i Italia og ved persargrensa. Krigane mot Persia og på Balkan kan ein i stor grad kalla forsvarskrigar. Det var persarkongen Kusro I (531-579) med sine ambisjonar mot Middelhavet som var aggressoren. Justinian betalte tidvis store mengder tributt for å få fred,⁴⁸ noko som berre var delvis vellykka. Donaugrensa på Balkan måtte også kontinuerleg forsvarast mot barbargrupper som med jamne mellomrom trekte sørover med håp om å få utbytte av plyndring.

Krigane i vest var derimot angrepskrigar. Dette var kampanjar som på ingen måte vart påtvunga Justinian. Målet var erobring av gamle romerske område. Romarriket skulle gjenopprettast etter dei gamle grensene. Det er dette som er essensen i ideologien *renovatio imperii*. Nord-Afrika, Italia, Spania og Gallia var romerske område. Germanske folkevandringsfolk okkuperte dei for tida, men dette skulle no Justinian gjera slutt på. Motivet bak krigføringa ser ut til å vera ein deterministisk ideologi som såg på eit felttog i vest som det einaste rette. Diskusjonen som er skildra i *Historia om krigane* omkring avgjersla om å føre krig mot vandalane, avslører i stor grad motiv og motargument. Vandalriket var på denne tida ei frykta militærmakt i Middelhavet og hadde vore det ei god stund. Pretorisk prefekt Johannes av Kappadokia var mot krigen. Argumentasjonen hans var i det vesentlege basert på at risikoen var for stor:

”For if thou hast confidence that thou wilt conquer the enemy, it is not at all unreasonable that thou shouldst sacrifice the lives of men and expend a vast amount of treasure, and undergo the difficulties of the struggle; for victory, coming at the end, covers up all the calamities of war... is it not better to love a state of quiet rather than the danger of mortal strife?... And one might add that if thou art victorious over thy enemy, thou couldst not

⁴⁸ Procop: *Wars I*, 22. 1-3. Å betale tributt eller løysepengar til persarane var standard. Det skjedde ved mange høve. Dette er berre eit av tilfella.

take possession of Libya while Sicilia and Italy lie in the hands of others; and at the same time, if any reverse befall thee, O Emperor, the treaty having already been broken by thee, thou wilt bring the danger upon our own land. In fact, putting all in a word, it will not be possible for thee to reap the fruits of victory, and at the same time any reversal of fortune will bring harm to what is well established.”⁴⁹

Ein kan seia at dette var rasjonelle og gode argument mot intervensjon. Prokopios har kanskje gjengjeve dette med Italia i bakhovudet ved å tilpasse motargumenta til invasjon i Nord-Afrika til dei faktiske problema dei seinare møtte på i Italia, men motargument til invasjonen har sikkert vore basert på at risikoen var høg. Det argumentet som avgjorde saka kom imidlertid frå ein annan kant. Argumentasjonen var her basert på ideologi og religion, og ikkje på det me ville kalla for eit rasjonelt grunnlag:

”...one of the priests whom they call bishops, who had come from the East, said that he wished to have a word with the emperor. And when he met Justinian, he said that God had visited him in a dream, and bidden him go to the emperor and rebuke him, because, after undertaking the task of protecting the Christians in Libya from tyrants, he had for no good reason become afraid. “And yet,” he had said, “I will Myself join with him in waging war and make him lord of Libya.” When the emperor heard this, he was no longer able to restrain his purpose, and he began to collect the army and the ships, and to make ready supplies of weapons and of food...”⁵⁰

Viss det var på dette grunnlaget avgjersla om det vågale angrepet på Vandalriket vart teke, kan ein sjå ein tendens til at kven som helst kunne påverka keisaren til drastiske steg viss religiøs argumentasjon vart teken i bruk. No kan ein sjølv sagt ikkje dra denne slutninga av desse sitata. Som general Belisarius sin rådgjevar, var nok Prokopios vitne til delar av beslutningsprosessen, det var trass alt Belisarius som fekk kommandoen over styrkane. Det vil ikkje dermed seia at Prokopios gjev ei rett gjengjeving av forholda av den grunn. Det dette viser er imidlertid at kristen ideologi og retorikk hadde såpass stor gjennomslagskraft at denne typen argument vart brukt for å rettferdiggjera grunnlaget for krig. Ein ser dermed ein tendens til at reelle argument for politikk vert skjult bak religiøs retorikk. Den religiøse retorikken sin funksjon i argumentasjonen verkar dermed fyrst og fremst til å selja budskapet.

Bak *renovatio imperii*-politikken som vandalfelttoget på mange måtar representerte starten på, låg det reelle maktpolitiske målsetjingar. Grunnen til at *renovatio imperii* seinare er blitt

⁴⁹ Procop: *Wars III*, 10. 7-20.

⁵⁰ Procop: *Wars III*, 10. 13-28.

diskreditert er at det mislykkast militært i Italia. At politikken vart feilslått i Italia var ikkje på nokon måte ei sjølvfølge. Ein var fram til gotardronninga Amalasueta sin død i 535 nær ved å få til ei fredeleg overtaking av Italia. Opp til like før krigen starta verka dermed framtida for erobringa i vest veldig lovande. Italia kunne tilsynelatande erobrast med mindre ressursar enn det hadde kravt å erobra Nord-Afrika. Ting gjekk imidlertid gale, Amalasueta vart drepen og gotarane fekk ei ny leiing med andre ynske og behov. Hovudgrunnen til at krigen vart ein katastrofe må vera eit manglande ressursgrunnlag for å handtera ein utmattingskrig, som dette etter kvart utvikla seg til. Det er altså snakk om ei overstrekking. Om felttoget i Italia hadde lykkast, ville det vore i ideologiens natur å ekspandera vidare til Frankariket og Spania. Det ultimate resultatet hadde dermed kanskje uansett blitt det same, nemleg ein overekspansjon basert på eit for svakt ressursgrunnlag.

Sett frå ein økonomisk og maktpolitisk ståstad var dermed krigen i Italia frå 535 til 552 ein katastrofe. Det var illusjonen om gammal stordom som førde til eit erobra, men fullstendig ruinert Italia. Ein kan sjølv sagt hevda at Justinian ikkje hadde nokon føresetnad for å forutsjå dette i 535, då ting trass alt såg lovande ut. Ein får inntrykk av at den uheldige situasjonen i Italia vart skapt av at ein ikkje tok høgd for at det kunne skje. Ved å ikkje ta omsyn til faren for ein langvarig krig ved å senda tilstrekkelege ressursar for krigføring, sådde ein grunnen for at nettopp dette skjedde. Justinian kunne fått fred i 540 med ei løysing der Italia vart delt, resultatet ville blitt ein fred med austromersk kontroll av Italia sør for Po.⁵¹ Ifølgje Prokopios var det Belisarius som forspilte denne sjansen til fred fordi han var ambisiøs og ville erobra heile Italia, spørsmålet er om det stemmer. Prokopios kan ha hatt motiv for å leggja skulda på denne tabben på Belisarius i staden for keisaren i si offisielle historiebok om krigen, som keisaren nok ville få god kjennskap til. Eit delt Italia mellom Konstantinopel og gotarane var ikkje det lagnaden ville, kompromiss med barbarar passa ikkje inn i Justinian sin misjon. Dermed vart den openbare fornuftige og lønnsame løysinga ofra for ideologien *renovatio imperii*. Ein kan dermed dra den konklusjonen at den dogmatisk trua på lagnaden, Guds vilje og ideologi som ein ser i retorikken i dette og enkelte andre tilfelle, tåkela eit rasjonell søkjelys på problemløysing og skapt ein optimisme basert på falske premiss.

Grunnane til at gotarkrigen drog ut er mange, krig er som kjent full av uføresette hendingar, sjølv om hovudgrunnen som sagt var manglande satsing som resulterte i ressursmangel for

⁵¹ Procop: *Wars VI*, 24. 1-11.

hæren i Italia. Det faktumet at han drog ut kom til å hemma keisaren si manøvreringsevne spesielt overfor arvefienden Persia i aust, i og med at krigen i vest viste seg å verta ressurskrevjande over ein lang periode. Hendingane i Italia kan og delvis forklara den stadig forverra finansielle situasjonen i imperiet og dei konsekvensane dette fekk. Ein kan dermed seia at Justinian sin politikk i det 6. hundreåret fekk konsekvensar som var svært omfattande. Ein kan hevde at Persia sin ekspansjon på Austromariket sin kostnad tidleg i det 7. hundreåret ikkje hadde vore mogeleg viss Justinian ikkje hadde utarma imperiets ressursar på sine krigar i vest.

Storleiken på hæren kan vera ein indikator på at ikkje alt var som det burde vera i slutten av Justinian sin periode. Ein såg ein aukande tendens til at barbarar enklare utnytta imperiet sitt svake forsvar. Nord-Italia vart som kjent gradvis invadert av langobardane i perioden etter 568. Balkan vart gong på gong overrent av grupper av hunarar og slavarar, som lett gjekk over Donau og nådde langt ned i Hellas. I 559 var situasjonen så desperat at senatorane måtte vakta bymuren i Konstantinopel og ein aldrande Belisarius måtte bruka løpshestane frå Hippodromen til å møte fienden med saman med andre veteranar like utanfor bymuren.⁵² At fienden bokstaveleg talt skulle banka på porten til sentrum i imperiet hadde vore utenkjeleg 20 år tidlegare. Agatias har kommentert forfallet i si *Histories*:

”The Roman armies had not in fact remained at the desired level attained by the earlier Emperors but had dwindled to a fraction of what they had been and were no longer adequate to the requirement of a vast empire. And whereas there should have been a total effective fighting force of six hundred and forty-five thousand men, the number had dropped during this period to barely one hundred and fifty thousand. Some of these, moreover, were stationed in Italy, others in Africa, others in Spain, others in Lazica [dagens Georgia], and others still in Alexandria and in Egyptian Thebes... Such, then, was the extent of the drastic reduction in the armed forces incurred through the negligence of the authorities”.⁵³

Agatias anslag på 150 000 soldatar har ein ingen grunn til å tvile på. Han var sentralt plassert i Konstantinopel og burde kunne koma med eit rimeleg godt anslag på dette. Ein må gå ut frå at han sikter til den ståande hæren og ikkje allierte barbartropper. Det ynskte nivået på 645 000 er det neppe han som har funne på. Det må vera eit kvalifisert anslag av sentralt plasserte personar. Ein kan dermed dra den konklusjonen at Justinian med sin ekspansive politikk hadde ført riket i ein situasjon der det var overstrekt. Ikkje berre var dei nye

⁵² Malala: *Chron*, 18. 490.

⁵³ Aga: *Histories*, 5. 13. 7-8.

erobringane trua, men dei gamle delane av riket var no under press av invaderande styrkar som likna meir på flokkar av bandittar enn organiserte invasjonar. Alle ressursar tilgjengeleg hadde i lengre tid blitt brukt på erobring og byggjeprojekt, no hadde ein ikkje tilstrekkeleg med ressursar til å forsvare hovudstaden:

”Indeed the fortune of the Roman state had sunk so low that on the very outskirts of the Imperial City such atrocities were being committed by a handful of barbarians... There was nothing to stop them, no sentries, no engines of defence, nobody to man them. There was not even the sound of a dog barking, as would at least have been the case with a pig-sty or a sheep-cot”.⁵⁴

Ein kan ved å sjå på kva resultat den økonomiske situasjonen hadde forstå aristokratiet og Prokopios sin kritikk, ein kritikk som eg seinare skal skildra. På slutten av regjeringstida hadde Justinian utvida riket med ein tredjedel, men det såg ikkje ut til at riket hadde kapasitet til å betala prisen. Den verdslege opposisjonen som eksisterte i Justinian sin regjeringsperiode konsentrerte seg i stor grad om dei negative konsekvensane som den ekspansive politikken førde med seg. Samtidig vart den geistlege/religiøse opposisjonen konsentrert om å hindra keisaren å auka maktsfæren sin over teologiske eller praktiske område av det dei såg på som sitt domene. Ein kan dermed sjå på det meste av den opposisjonen Justinian møtte som ein reaksjon mot ambisjonane hans rundt gjenerobring av vest og auka keisarens autoritet på alle områder av samfunnslivet, inklusivt det religiøse. Forståing av keisarrolla og *renovatio imperii* ideologien er dermed sentralt for å forstå den opposisjonen som eksisterte.

⁵⁴ Aga: *Histories*, 5. 13. 5.

5

OPPOSISJON OG OPPRØR

Opposisjon vil alltid eksistere mot eit regime eller regjering. I ei tid då politikk og valdsbruk hang tett saman vil forholdet mellom herskar og opposisjon vera vital. Eg skal her ta for meg den opposisjonen som senatseliten og aristokratiet med senter i Konstantinopel representerte. For å forklara opposisjonen denne gruppa utgjorde er det naudsynt å forklare kven og kva dei opponerte mot. Det vert derfor naudsynt å skildra keisaren, keisaren sine medarbeidarar og keisaren sin politikk for å klargjera opposisjonen sitt utgangspunkt og metodar. Eg vil derfor behandla omstende rundt Justinian parallelt med senatseliten. Ein kan ikkje behandla det eine utan det andre, i og med at den eine sitt reaksjonsmønsteret til ei kvar tid spegla opponentens. Det er også viktig å kartlegga dei ulike aktørane og kva motiv som låg bak handlingsmønsterane for å få oversikt over emnet.

Opprør er ofte uoversiktlege og uføreseielege, dei er fulle av tilfelle og tilsynelatande uforklarlege hendingar. Dette gjeld spesielt når ein skal forstå opphavet til og resultata av eit opprør nesten 1500 år seinare. Nikaopprøret i 532 som er sentralt for vår forståing av relasjonen mellom keisarmakta og opposisjonen. Det fulle biletet bak Nikaopprøret får me aldri, men eg skal i dette kapitlet prøva å teikna konturane av dette opprøret, som utvikla seg til å verta ein open konfrontasjon mellom keisar og opposisjon. Ein har med Nikaopprøret ein situasjon der aktørane kasta maskene. Det er dermed mogeleg, ved å analysera dette opprøret, å danna seg ei oversikt over situasjonen. Kanskje årsaka var langt meir komplisert enn det eg gjev uttrykk for, eller at biletet er mindre nyansert og grunnleggande enn eg konkluderer med. Prokopios kan ein ikkje alltid stola på, han har sin sjølvstendige agenda som kjem til uttrykke i både *Historia om krigane* og *Anekdotane*. Det er derfor naudsynt å lesa mellom linjene og setje

saman eit bilete litt meir nyansert og samansett enn kva Prokopios og andre kjelder elles fortel oss.

Grunnen til at Nikaopprøret er så sentralt i mitt arbeid er at det illustrerer det brotet med tradisjonen som Justinian sin politikk utgjorde i åra etter 527. Resultatet av opprøret kan også, og eg understrekar kan, forklara delar av politikken etter 532. Det er ikkje sikkert at den ekspansive politikken militært, juridisk, religiøst og kulturelt hadde late seg gjennomføra i det omfang han gjorde viss ikkje delar av senatet hadde utspelt sin rolle ved å støtta eit mislykka opprør. Nikaopprøret kan derfor vera den hendinga som meir enn noko anna definerte Justinian si regjeringstid. Før me går inn på Nikaopprøret, er det naudsynt å visa konturane av aktørane, nemleg senatseliten og sirkusfraksjonane.

SENATSELITEN

Senatet var ved Justin-/Justiniandynastiet si tiltreding i 518 lite meir enn eit kollektiv av dei mest framstående patrisiarfamiliane og dei høgste embetsmennene i imperiet. Å vera senatsmedlem var fyrst og fremst ein ærestittel med symbolsk betydning meir enn praktisk. Senatet var ein maktelite basert på embeta og eigedomane sine, og den samla kompetansen han hadde, i tillegg til den prestisjen tittelen 'senator' hadde i seg sjølv. Senatet var ein reiskap for den tradisjonelle jordeigande eliten til å fremja sine interesser. Det var lenge sidan senatet hadde vore det styrande organet i imperiet. Utviklinga hadde vore gradvis, ei utvikling som på mange måtar hadde starta i seinrepublikken og med Julius Cæsar.

I løpet av det femte hundreåret var forskjellen mellom dei tre stendene i senatet auka. *Illustriane*, som hadde talerett, var no senatet sine rette medlemmer, mens *spectabilesane* og *classimiane* kan kallast formelle medlemmer meir enn reelle. Det er fleire ting som tyder på at utviklinga eskalerte med Justinian si maktovertaking i 527 og i tida etter Nikaopprøret. Senatet under Justinian vart ei blanding mellom dei med arverett til tittelen, og dei Justinian hadde utpeika. I *Anekdotia* skildrar Prokopios senatet sin forringa posisjon fleire stader, ein posisjon der senatet var redusert til ei kulisse, noko som han gjev Justinian ansvaret for.

”For the Senate sat as in a picture, having no control over its vote and no influence for good, but only assembled as a matter of form and in obedience to an ancient law, since it was quite impossible for anyone whomsoever of

those gathered there even to raise a voice, but the Emperor and his Consort generally pretended to divide between them the matters in dispute, but that side prevailed which had been agreed upon by them in private”.⁵⁵

Senatet si makt hadde lege i at medlemene der i stor grad hadde hatt monopol på sentrale posisjonar i administrasjon, hoff og hær. Ting kan tyda på at Justinian bevisst gjekk inn for ein politikk der han fjerna den gamle eliten frå desse posisjonane og den makt som dette gav dei umiddelbart etter 527. Kor tydeleg denne endringa var, eller om det i det heile var ei endring kan ein sjølvsagt diskutera. Det er ikkje rom her for å dra linjene bak til Anastasius og tidlegare keisarar så grundig som ein kunne ynskt. Det er imidlertid ting som talar for ei markant endring viss ein ser på mønsteret av nye tenestemenn.

Kvestor- og pretorisk prefekt-stillinga var dei to viktigaste i imperiet. Tradisjonelt vart desse stillingane gjevne til sentralt plasserte patrisiarar, menn av rang og rikdom. Justinians tilsetjing av Tribonian som kvestor i 529 må ein sjå som eit klart brot på denne tradisjonen, noko Prokopios gjer eit poeng av:

”Furthermore, he [Justinian] handled the office called the Quaestorship in unseemly fashion – an office which practically all previous Emperors had maintained with exceptional care, to the end that those who administered this office should be men of wide experience and, especially, skilled in matters involving the laws and also conspicuously incorruptible in money matters, on the ground that they could not fail to be most harmful to the State if those who held this office should either be handicapped by any inexperience or give rein to avarice. But this Emperor first of all appointed to this office Tribonianus... and when Tribonianus departed from among men... he appointed Junilus, a Libyan, to this office, a man who not even a hearsay acquaintance with the law, since he was not even one of the orators.”⁵⁶

Kva Prokopios meiner om Tribonian er openbart, i og med at han tidlegare ved fleire høve har refsa han for grådigskap og korrupte tilbøyelegheiter.⁵⁷ Tribonian og Junilus er på ingen måte unntak, heller regelen. Justinian hadde ein tendens til å bryta mønsteret. Han satsa i åra etter 527 nesten utelukka på menn som Tribonian til å innta nøkkelposisjonar i administrasjon og hær. Ein får dermed eit innrykk av unge menn, kanskje i midten eller slutten av tjuetåra, frå provinsen og utan samband til den gamle patrisiarelitene, på kort tid vart den statsberande eliten og dermed erstatta den gamle patrisiarklassen. Prokopios skriv at når Justinian vart keisar:

⁵⁵ Procop: *Anecdota*, 14. 7-11.

⁵⁶ Procop: *Anecdota*, 20. 12-20.

⁵⁷ Procop: *Wars I*, 24. 13-18.

”he [Justinian] would depose the existing officials and appoint new ones in control of the State’s business”.⁵⁸

Dette stemmer med det biletet ein får av ein ung generasjon som rykker inn i statsadministrasjon og hær.

Viss ein tek eit raskt blikk over den nye generasjon nær maktas sentrum, dannar det seg eit mønster som Tribonian, som var frå Pampylia⁵⁹ i dagens Sør-Tyrkia, passar inn i. Johannes av Kappadokia var ingen patrisiar, han kom frå Kappadokia i dagens Sentral-Tyrkia, langt frå maktas sentrum og vart i 531 utnemnt som pretorisk prefekt.⁶⁰ Johannes var også ung, sannsynlegvis født rundt år 500 som Tribonian. I hæren ser ein det same biletet. Belisarius og Sittas, som i 527 fekk ansvaret for å leia krigen på persargrensa, var svært unge, begge bar sitt fyrste skjegg på dette tidspunktet ifølgje Prokopios:

”These two men [Belisarius og Sittas] were both youths and wearing their first beards.”⁶¹

Dette må tolkast slik at dei var tidleg i tjuetåra. Belisarius kom ifølgje Prokopios frå Germania⁶² i dagens sørvestlege Bulgaria, som må ha vore perifert for etablerte maktelitar. Like etterpå vart Belisarius utnemnd til ”General i aust”,⁶³ noko som gjorde han til militær øvstkommanderande på dette ekstremt viktige frontavsnittet. Narses, som også skulle ha ein avgjerande rolle i hæren, var persarmenar og hadde ingen samband med patrisiarane, men jobba derimot som keisarens forvaltar i hoffet.⁶⁴ Narses var i tillegg evnukk,⁶⁵ noko som normalt skulle ha hindra han ein militær karriere, men i 551 vart han øvstkommanderande i Italia. Ein annan evnukk som fekk ein karriere utanom det vanlege var Solomon.⁶⁶ Solomon kom frå Daraområdet ved persargrensa⁶⁷ og i 534, då Belisarius vart kalla heim frå Nord-Afrika, vart han øvstkommanderande der.⁶⁸ Mundus var barbar frå Illyria,⁶⁹ men fekk ei sentral rolle som keisaren sin redningsmann saman med Belisarius under Nikaopprøret, då han kom inn med lojale styrkar som han var militær øvstkommanderande for i Trakia.

⁵⁸ Procop: *Anecdota*, 11. 1-2.

⁵⁹ Procop: *Wars I*, 24. 8-13.

⁶⁰ Malala: *Chron*, 18. 465.

⁶¹ Procop: *Wars I*, 12. 17-24.

⁶² Procop: *Wars III*, 11. 16-23.

⁶³ Procop: *Wars I*, 13. 8-16.

⁶⁴ Procop: *Wars I*, 15. 26-32.

⁶⁵ Procop: *Wars I*, 25. 21-27.

⁶⁶ Procop: *Wars III*, 11. 2-7.

⁶⁷ Procop: *Wars III*, 11. 7-16.

⁶⁸ Procop: *Wars IV*, 8. 17-25.

⁶⁹ Procop: *Wars V*, 5. 1-4.

Eg kunne gjort lista lengre, poenget er uansett at det var ein spesiell type Justinian gav tillit og ansvar. Alternativt kan ein seia at det var ei gruppe han ikkje gav tillit, nemleg dei som hørde til den tradisjonelle patrisiareliten. Det at han gav så sentrale posisjonar til så unge og uerfarne menn utan politiske kontaktar har vorte forklart med at Justinian var flink til å oppdaga unge talent. Dette stemmer nok, men er berre ein del av forklaringa. Hovudgrunnen må ha vore eit grunnleggande behov Justinian hadde til å fjerna seg frå senatseliten. Ved å strippa dei for innverknad og makt, gjorde han det mogeleg å ta eit oppgjær med dei. Når han ikkje gjorde seg avhengig av tenestene deira, gjorde han seg mindre sårbar for forræderi frå senatseliten si side, og stod dermed fritt til å behandla dei slik det passa til ei kvar tid. Dette er eit maktpolitisk triks som mange store leiarar har teke i bruk; kutt ut den tradisjonelle makteliten, som ofte har ein sjølvstendig agenda og andre lojalitetsband, med unge medarbeidarar som står i gjeld til deg og deg åleine. Unge menn frå maktas periferi vil dermed vera lojale til keisaren som gjorde lynkarrieren deira mogeleg. Dei vil i tillegg ha lagnaden knytt opp til keisaren i og med at dei ikkje har andre tryggingsnett i form av sosialt nettverk i ein parallell og ofte konkurrerende elite, eller store eigedomar å falla tilbake på. Justinian skapte dermed eit prestasjonssystem som favoriserte unge talent, kanskje ikkje så mykje av ideologiske årsaker, som av praktiske.

Dette er etter mi skjøn den einaste forklaringa på dette mønsteret. Uansett kor lovande Belisarius var i 527, må det ha funnest eldre, meir erfarne og betre kvalifiserte kandidatar til å ta leiinga over dette sentrale frontavsnittet enn ein mann som "bar sitt fyrste skjegg".⁷⁰ Det skulle også visa seg at han hadde blanda suksess. Han vart kalla tilbake til Konstantinopel i 532.⁷¹ Prokopios forklarar tilbakekallinga med at Belisarius var tiltenkt ansvaret for krigen i Nord-Afrika, men det er meir sannsynleg at det var på grunn av det militære nederlag hans mot persarane ved Kallinikum i 531,⁷² i og med at krigen mot vandalane sannsynlegvis enno ikkje var planlagt. Han rokk akkurat å koma til Konstantinopel i tide til å spela ei rolle i Nikaopprøret, noko som kanskje redda karrieren hans.

Det at Narses og Solomon, som var evnukkar, fekk ei viktig militær rolle, Narses som øvstkommanderande i Italia i 551 og Solomon i Nord-Afrika i 533, kan heller ikkje vera tilfeldig. Evnukkar vart tradisjonelt brukt som lågare embetsmenn i hoffet, ikkje som

⁷⁰ Procop: *Wars I*, 12. 17-24.

⁷¹ Procop: *Wars I*, 21. 1-6.

⁷² Procop: *Anecdota*, 3. 23-31.

hærleiarar. Det at dei var evnukkar gjorde imidlertid at han kunne rekna med lojaliteten deira, dei kunne ikkje ha personlege ambisjonar om å starta sitt eige dynasti. Det ville derfor vera meningslaust for dei å støtta eit opprør i desse provinsane mot keisarens autoritet. Dei ville då undergrava seg sjølv fordi dei berre kunne spela ei perifer rolle under eit nytt regime.

Ein kan seia at ein herskar i Justinian sin posisjon hadde ein legitim grunn til å vera paranoid. At Justinian til ei viss grad hadde denne eigenskapen, kan ein bruka behandlinga hans av helten og generalen Belisarius som døme på. Justinian var tilsynelatande redd for at Belisarius med sine militære suksessar skulle gjera han rangen stridig. Prokopios sine skildringar av gotarkrigen gjer det heilt klart at Belisarius sin manglande militære suksess i all hovudsak kjem av ein faktor, nemleg at Belisarius ikkje fekk dei ressursane han trong for å avslutta jobben. Ifølgje Prokopios måtte Belisarius finansiera sin andre ekspedisjon til Italia sjølv.⁷³ Dette viser heilt klart at ressursmangel var ein viktig årsak til Belisarius sin manglande suksess, når han måtte bruka av si eiga formue for å dekke utgiftene, Belisarius hadde også styrkar som var underlegne i tal i så godt som alle slag. Dette kan dels forklarast med at imperiet sin økonomiske situasjon etter kvart skranta, men det er ikkje heile forklaringa. Justinian var redd å omgåast folk med suksess eller å gjera nokon av undersåttane for mektige. Belisarius sitt fall i unåde i 543⁷⁴ kan best forklarast med at den populære generalen var vorten ein potensiell trussel mot keisaren. Då Belisarius vart teken i nåde att og reiste til Italia i 544, forventa alle, ifølgje Prokopios, at han skulle nytta høve til å ta eit oppgjør med Justinian.⁷⁵ Dette viser at han var i ein posisjon der dette kunne vera mogeleg.

Belisarius vart også implisert i eit attentatforsøk mot Justinian i 562.⁷⁶ Belisarius vart då arrestert for ein periode. Om Belisarius visste om planane er umogeleg å seia. Det er ikkje utenkjeleg at Justinian valde å inkludera Belisarius av politiske årsaker. Belisarius var ein potensiell trussel, ein effektiv måte å eliminera denne trusselen på var for Justinian til ei kvar tid å ha noko han kunne ta Belisarius for. Å nekta Belisarius suksess og implisera han i komplott og liknande kunne dermed vera eit maktpolitisk grep for halda han på plass.

Justinian og Teodora innførde ein ny etikette når patrisarane skulle møte dei. Denne etiketten hadde likskap med austleg tradisjon der patrisarane bokstaveleg talt måtte krypa for dei når

⁷³ Procop: *Anecdota*, 4. 36-41.

⁷⁴ Procop: *Anecdota*, 4. 6-36.

⁷⁵ Procop: *Anecdota*, 4. 36-41.

⁷⁶ Malala: *Chron*, 18. 493-495.

dei skulle introdusera seg. Sjølv om dette berre var ei symbolsk handling, var det noko som måtte provosera, og kanskje var meint å provosera. Dei kravde også at tenestemennene skulle vera tilgjengelege til ei kvar tid, noko som må ha vore upraktisk og provoserande.⁷⁷ Som ein ser, spelar keisarparet bevisst på at den øvrige eliten skulle underleggja seg totalt med handlingar som var meint å audmjuka. Prokopios gav Teodora skulda for dette. Kven som stod bak er likegyldig, effekten var at dei demonstrerte den avstanden og sjølvstendet dei hadde overfor senatseliten, ingen kunne setja spørsmålsteikn ved keisarens autoritet.

Det som er viktig her er at desse endringane må ha blitt oppfatta som ein enorm trussel mot den etablerte eliten sin posisjon. Ein posisjon som dei hadde hatt i fleire generasjonar. Konkurransen om embete i palass og administrasjon må ha vore stor frå før, og den nye situasjonen under Justinian kan berre ha gjort ting verre. Denne konkurransen om embete kan forklara kvifor Justinian og pretorisk prefekt Johannes av Kappadokia måtte kjempa mot eit overdimensjonert embetsverk. Det er truleg at keisarane sitt behov for å halda patrisiarane fornøgd opp gjennom mange tiår, for ikkje å seia hundreår, hadde skapt ein situasjon der stadig fleire "administrative" jobbar vart skapt. Ikkje fordi det var behov for dei, men fordi patrisiarane kravde karrieremoglegheiter. Dette skapte dermed eit tungrodd og dyrt byråkrati som Justinian ved hjelp av Johannes av Kappadokia måtte ta eit oppgjær med etter 527. Justinian sin kamp mot byråkratiet må imidlertid ha skapt mykje uvilje. Han stal moglegheita for ein karriere frå unge patrisiarar.

Mønsteret ein ser ved å undersøke kva personar Justinian omgav seg med og korleis han gjorde det, illustrerer dermed forholdet hans til den tradisjonelle eliten på ein utmerkt måte. Utan denne politikken ville nok ikkje Nikaopprøret fått dei dimensjonane det fekk. Patrisiarane hadde ikkje hatt noko å tena på eit regimeskifte viss dei hadde hatt tilgang på den makt og innverknad som dei var vane til. Faren for opprør på grunn av dette må Justinian ha vore klar over, men Justinian var ambisiøs, han ville skaffa seg uavgrensa makt for å omforma imperiet. Med dette målet var det nødvendig å ta eit oppgjær med ein konservativ elite som var så oppteken med å beskytta privilegia sine at all forandring vart oppfatta som ein trussel mot den økonomiske og sosiale posisjonen deira.

På toppen av dette byrja ei effektivisering av skatteinnkrevjinga å tyngja aristokratiet:

⁷⁷ Procop: *Anecdota*, 30. 18-34.

”he [Justinian] had taken away all the properties of the Senators and of the others who were considered prosperous, both in Byzantium and throughout the whole Roman Empire, there was nothing left for this profession thereafter other than to remain idle. For men possessed nothing of any value whatsoever, concerning which they might dispute with one another. Immediately, therefore, having become few in number instead of many and being everywhere held in no esteem at all though they had formerly been most highly esteemed, they were oppressed by extreme poverty as was to be expected, and in the end gained nothing from their profession except insult alone”.⁷⁸

“Now up to the time when what is known as the Nika insurrection took place, they saw fit to gather in the properties of the wealthy one by one... So, being strangled by the tax-collectors and ground down by what we may term the ever-flowing interest on their debts, they unwillingly lived on in a life which was lingering death”.⁷⁹

Ein må gå ut frå at Prokopios nok overdreiv og dramatiserte ein del i *Anekdotia*, noko mange av personkarakteristikkane bær klart preg av. Dette hindrar ikkje at det kan vera ein kjerne av sanning i påstandane om Justinian sine overgrep mot senatet og aristokratiet. Når ein les *Anekdotia* må ein skilje mellom rimeleg og urimeleg kritikk. At aristokratiet og senatet følte seg pressa, økonomisk og sosialt, stemmer med det biletet ein får av Justinian sin politikk. Det var jord som vart skattlagt, og det var aristokratiet som eigde jorda. Den ekspansive politikken og byggeprogramma som Justinian dreiv må ha kosta. Aristokratiet sat dermed att med rekninga, mens dei vart rana for dei privilegia dei hadde hatt i mange år i form av praktisk talt monopol på embete i eit overdimensjonert byråkrati. Det er viktig å understreka at Prokopios her skildrar forholda før Nikaopprøret, det verkar dermed som om han ymtar frampå om den egentlege årsaka til opprøret.

Dei religiøse forfølgningane som Prokopios berre har forakt for, ramma også aristokratiet. Viss ein ser på Prokopios som talsperson for aristokratiet sine interesser i *Anekdotia* vil ein dermed sjå at kritikken hans av den religiøse forfølginga ikkje har spor av verken heidenskap eller humanisme, eigenskapar ein del historikarar har gitt han, men er heller prega av pragmatisme motivert av aristokratiet sine sjølvinteresser. Det var spesielt Justinian si kompromisslause forfølgning av samaritanarane i Palestina som provoserte:

”All these heretics he [Justinian] commanded to change their earlier beliefs, threatening many things in case of their disobedience, and in particular that it would be impossible for them in the future to hand down their property to their children or other relatives... And when a similar law was immediately passed touching the

⁷⁸ Procop: *Anekdotia*, 26. 2-8.

⁷⁹ Procop: *Anekdotia*, 12. 9-18.

Samaritans also, an indiscriminate confusion swept through Palestine... And all the farmers, having gathered in great numbers, decided to rise in arms against the Emperor, putting forward as their Emperor a certain brigant, Julian by name, son of Savarus. And when they engaged with the soldiers, they held out for a time, but finally they were defeated in battle and perished along with their leader. And there is said that one hundred thousand men perished in this struggle, and the land, which is the finest in the world, became in consequence destitute of farmers. And for the owners of the land who were Christians this led to very serious consequences. For it was incumbent upon them, as a matter of compulsion, to pay to the Emperor everlastingly, even though they were deriving no income from the land, the huge annual tax, since no mercy was shown in the administration of this business ”.⁸⁰

Det var dermed ikkje forfølginga i seg sjølv Prokopios gav uttrykk for var problemet, men dei uheldige konsekvensane dette fekk for det kristne aristokratiet som eigde jord i området. Ein må gå ut frå at senatseliten i Konstantinopel hadde betydelege økonomiske interesser i dette området, dvs. den jorda som var ”the finest in the world”.⁸¹ Politikken vart oppfatta som meiningslaus og la stein til byrda på ei samfunnsgruppe som allereie følte seg pressa. Dette er noko som eg skal utdjupa seinare, noko som er naudsynt på grunn av den rolla religion spelte i politikk og samfunn.

Tribonian si kodifisering av romarretten er noko Prokopios ikkje ser positivt på i *Anekdotia*. Viss ein går god for at *Anekdotia* er eit talerøyr for aristokratiet, kan ein forklara dette med den fordel aristokratiet hadde hatt av eit uoversiktleg lovverk. Slik som tilstanden var før kodifiseringa, var det enkelt å manipulere utkoma av ei rettssak viss ein hadde ressursar. *Digest* er bygd på nesten 2000 bøker, ifølge Tribonian sjølv:

”While we were conducting our thorough investigations, it was intimated to us by the exalted man aforesaid [Justinian] that nearly two thousand books and more than three million lines had been produced by the ancient authors, all of which it would be necessary to read and scrutinize and out of them to select whatever might be best.”⁸²

Dette var bøker som tidlegare hadde blitt brukt i rettspraksis. Det var lover som hadde vorte akkumulert gjennom fleire hundreår, og alle var gyldige, sjølv om eit hierarki avgjorde at nokre var meir gyldige enn andre. Det seier seg sjølv at mange av desse lovene motsa kvarandre eller var tvitydige, noko som lét seg utnytta. Viss ein hadde ressursar, kunne ein grava fram vanskeleg tilgjengelege lover, som var spreidd for alle vindar, som ein dermed

⁸⁰ Procop: *Anekdotia*, 11. 13-31.

⁸¹ Procop: *Anekdotia*, 11. 13-31.

⁸² *Digest*, 16, f 16. 5-10.

kunne bruka for å støtta si sak. Kodifiseringa i seg sjølv vart dermed ein trussel mot aristokratiet sin juridiske situasjon, samtidig må ein gå ut frå at lovene vart vridd til fordel for keisaren, det kan dermed ha forskove maktbalansen ytterlegare:

”every day, as a rule, he [Tribonian] was repealing some laws and proposing others, selling off to those who requested it either favour according to their need”.⁸³

Prokopios ser på heile kodifiseringa som eit påskot for å manipulera lovene. Det at denne prosessen skulle resultera i grunnsteinen i seinare europeisk rettspraksis ville dermed ha overraska han. Det at etterspørselen av retorar no fall fordi kodifiseringsarbeidet hadde gjort lovene enklare og meir tilgjengelege, må ha falle ekstra tungt for brystet for Prokopios. Det var trass alt retor han var utdanna som, denne utdanninga må no ha falle kraftig i kurs. Stort sett forbigår han det heile i det stille, men ein må gå ut ifrå at kodifiseringsarbeidet er ein del av den innoveringa som han skriv så forkasteleg om i *Anekdotia*.

Ein ser dermed ein tendens i eit framandgjort senat, frustrert over manglande innverknad og ei kjensle av å sitja at med rekninga. Var Nikaopprøret ein direkte konsekvens av dette? Som eg snart skal gå inn på, er det fraksjonane som kjeldene peikar ut som syndaren. Dette er imidlertid ikkje ein tilstrekkeleg forklaring. Klimaet i senatseliten var på eit nivå som gjorde desperate handlingar mogeleg. Dette kan ha rydda vegen for ein usannsynleg allianse.

FRAKSJONANE

Hippodromen og ikkje palasset eller senatet var hjarta i den austromerske verda, alle dei større byane i imperiet hadde sin hippodrom. Hesteløpa som vart framvist der var ein direkte arvtakar av løpa i det gamle Romas Sirkus Maksimus og fraksjonane ein arvtakar av dei fire fargane som konkurrerte der (blå, raude, kvite og grønne). Det kjeldene fortel oss om fraksjonane er i stor grad mangelfylt. Me kan imidlertid med dei opplysningane me har forsøkt å rekonstruera delar av biletet, men det er dessverre mykje me ikkje kan veta. Det kan derfor vera nyttig å dra parallellar til vår moderne verd for å kunne forstå fenomenet. Det vert derfor naudsynt å supplera dei kjeldene me har til rådvelde med til samanlikningar til

⁸³ Procop: *Wars I*, 24. 13-18.

nyare system og strukturar som kan ha liknande funksjonar eller roller som Konstantinopels fraksjonar, og såleis kasta lys over emnet.

Det var to lag som dominerte, ikkje berre i Konstantinopel, men i imperiet generelt, nemleg dei grønne og blå. Ein ser at desse to fraksjonane infiltrerer alle lag av samfunnslivet. Eit døme på dette er at Prokopios ofte refererer til den blå fraksjonstilhøyrsla til Justinian og Teodora,⁸⁴ nøytralitet ser dermed ikkje ut til å vera ynskjeleg. Ein får heilt klart inntrykk av at fraksjonane var mykje meir enn supporterorganisasjonar for hestelaga. Fraksjonane var, som eg skal visa, ein maktfaktor som nådde frå maktas korridorar i palasset i Konstantinopel til det jødiske kvarteret i Antiokia. Arvefølgja i 518 saman med Nikaopprøret i 532 er indikatorar på at fraksjonane var sentrale på grunn til evna til å mobilisera byens mest garva slåstkjemper i gatekampar i store tal.

I det 6. hundreåret var det dermed dei to fraksjonane som kontrollerte gatene i kraft av å spela på entusiasme tilknytt hesteløpa i Hippodromen, og ei effektiv organisering. Prokopios har skildra dei på følgjande måte:

”In the first place, the mode of dressing the hair was changed to a rather novel style by the Factions; for they did not cut it at all as the other Romans did. For they did not touch the moustache or the beard at all, but they wished always to have the hair of these grow out very long, as the Persians do. But the hair of their heads they cut off in front back to the templets, leaving the part behind to hang down to a very great length in a senseless fashion, just as the Massagetæ do. Indeed for this reason they used to call this the “Hunnic” fashion. In the second place, as to fashions in dress, they all insisted on being well clad in fine garments, clothing themselves in raiment too pretentious for their individual rank. For they were enabled to acquire such clothing from stolen rank ”.⁸⁵

Ein kan med denne skildringa sjå at fraksjonane på mange måtar utgjorde ein subkultur. Dei kledde seg spesielt for å skilja seg ut frå mengda på same måte som ein kan sjå ungdom flokka seg til ulike subkulturar i vår tid. Dei befesta identiteten sin ved hjelp av aktiv symbolbruk som kan ha fungert som ein identitetsskapar og knytte gruppa saman til å verta ein slagkraftig organisasjon.

For å forstå fenomenet med dei to fraksjonane er det nyttig å dra parallellar til fenomen i vår eiga samtid. Ei mogleg fruktbar samanlikning kan vera moderne valdelege fotballsupporterar

⁸⁴ Procop: *Anecdota*, 10. 15-20.

⁸⁵ Procop: *Anecdota*, 7. 1-15.

organisert i supporterorganisasjonar. Slike organisasjonar eksisterer fleire stader, som i Buenos Aires i Argentina. River Plata og Boca Juniors sine supporterorganisasjonar er så store og mektige at dei når inn på eit politisk nivå på grunn av evna si til å mobilisera massane i gatene, og den fordel ein kan dra av den erfaringa dei har i gatekampar ved politiske markeringar. Ein ser òg fleire stader at fotballklubbar kan ha sin identitet knytt til politikk eller religion, det er då nødvendig å ha ein motpol eller ein fiende som forfektar motstridande verdiar. I Roma har ein fotballklubben Roma, som tradisjonelt har ein arbeidarklasse-/sosialist-identitet og symbolbruk, mens Lazio har tradisjonelt vore knytt opp mot middelklassen og fascistiske politiske element. Dette er viktig i symbolbruk og verdiar som vert brukt og forfekta. I Glasgow har ein det katolske/irske Celtics mot det protestantisk/rojalistiske Glasgow Rangers. Ved å blanda idrett med politikk og religion oppnår ein den effekten at identiteten knytt opp mot klubben vert sterkare. Klubben vert symbol på eit verdisystem. Ein ser dermed at enkelte supporterorganisasjonar har fellestrekk med fraksjonane ved at dei tar opp politiske agendaer, noko som kan forsterka betydninga av den valden dei utøver.

Den moderne mafiaen er eit anna fenomen som kan ha visse likskapar med fraksjonane, noko desse sitata frå Prokopios og Teofanes avslører:

”In every city the population has been divided for a long time past into the Blue and the Green factions; but within comparatively recent times it has come about that, for the sake of these names and the seats which the rival factions occupy in watching the games, they spend their money and abandon their bodies to the most cruel tortures, and even do not think it unworthy to die a most shameful death. And they fight against their opponents knowing well that, even if they imperil themselves, but knowing well that even if they overcome their enemy in the fight, the conclusion of the matter for them will be to be carried off straightway to the prison, and finally, after suffering extreme torture, to be destroyed. So there grows up in them against their fellow men a hostility which has no cause, and at no time does it cease or disappear, for it gives place neither to the ties of marriage nor of relationship nor of friendship, and the case is the same even though those who differ with respect to these colours be brothers or any other kin”.⁸⁶

”Now at first practically all of them carried weapons openly at night, but in the day-time they concealed small two-edged swords along the thigh under their mantle, and they gathered in groups as soon as it became dark and would waylay men of the better classes both in the market-place at large and in the alleys, robbing their victims of their clothing and their girdles and gold brooches and whatever besides they might have in their hands. And some they saw fit to kill as well to rob, to keep them from carrying word to anyone of what had befallen them...

⁸⁶ Procop: *Wars I*, 24. 1-8.

Such were the fortunes of the Blues. And of the partisans of the opposing side, some swung over to their faction through an eagerness to have a hand in committing offences without incurring punishment, while others took to flight and were lost to sight in other lands; many also who were caught there in the city were destroyed by their opponents or were put to death as a punishment by the Government ”.⁸⁷

”In the same year [520] the Blue faction rioted, creating disturbances in all the cities and causing stonings and many murders. They even attacked the authorities... they killed with their swords the Greens whom they encountered, going up and murdering even those who were hiding at home. The authorities did not dare impose penalties for the murders. This went on until the sixth year of the pious Justin [524]”.⁸⁸

Mafiaen er der han er sterk eit samfunn i samfunnet. Han har sitt hierarki, sine myter, sine tradisjonar, sine lover og sine kodar. Hierarki og lojalitetsband er her nøkkelord. For at ein organisasjon som mafiaen eller fraksjonane skal fungera er ei kommandokjede sentral. Ein person som bestikk sentrale medlemmer, må veta at resten av organisasjonen vil følgja denne personen eller personane sine ordrar. Utan denne kunnskapen vil heile organisasjonen vera sett ut av spel. Viss fraksjonane skulle kunna brukast av politiske aktørar, var organisering av fraksjonane eit avgjerande premiss. God organisering vert dermed eit nøkkelord i fraksjonane si makt og innverknad, som med den moderne mafiaen.

Ein får klart inntrykk av at normalen var at det rådde ein slags krigstilstand mellom fraksjonane. Teofanes skildrar i si *Chronographia* regelrette gatekampar mellom fraksjonane i 447, 549, 550 og 562. Ved desse tilfella skal det ha oppstått gateslag og bydelar skal ha vorte sett fyr på. Ein kan illustrera tilstandane med skildringa hans av hendingane i november 562:

”The Greens attacked the Blues. When the emperor heard , he went up to the *Kathisma* and, on seeing the fighting, ordered Marinus, *comes excubitorum*... to go down and separate the factions. They went off but were unable to disperse them. Many from both factions were killed and many other wounded. The Blues then invaded the Greens’ seats chanting “Burn here, burn there. Not a Greene anywhere”. In return the Greens chanted “Come, come, everybody, everybody!” They went to the Mese, to the quarters of the Blues and stoned those they encountered chanting, “Set alight, set alight! Not a Blue in sight!”... the emperor was not reconciled to the Greens until Christmas”.⁸⁹

Det er av mange historikarar gjort forsøk på å plassera fraksjonane inn i eit religiøst eller politisk landskap. Ein teori støtta av marxistisk inspirerte historikarar går ut på at dei blå skal

⁸⁷ Procop: *Anecdota*, 7. 10-22.

⁸⁸ Theoph: *Chron*, 166.

⁸⁹ Theoph: *Chron*, 235-237.

ha vore dominert av aristokratiet og deira klientar, mens dei grønne bestod av eit ”byborgarskap” med handelsinteresser støtta av byens fattige *demes*.⁹⁰ Dette har vorte gjort i eit forsøk på å gje valden og fiendskapen meining. Det har vore vanskeleg å tru at lojalitet til eit hestelag åleine kan vekke slike kjensler og utløysa krig i gatene. Det at kjeldene på ingen måte støtta opp om dette synet gjer det imidlertid vanskeleg å tru på. Det at fraksjonane kunne ta opp politiske krav i ny og ne, viser på ingen måte at dei kan samanliknast med politiske parti eller organisasjonar bygd på sosiale strukturar som marxistiske historikarar har meint. Prokopios og andre forfattarar frå tida kjem ikkje med nokon ymt om at ei slik sosial inndeling av fraksjonane er tilfelle. Viss denne tendensen hadde vore klar, skulle ein tru at i det minste ei kjelde hadde poengtert det. Fraksjonane støttar dei som det passa seg der og då, alliansane må ha vore flyktige og basert på anna enn ideologi.

Når det gjeld eit påstått religiøst skilje mellom fraksjonane, så er også denne teorien i beste fall dårleg dokumentert.⁹¹ Det er riktignok eit sitat i Teofanes si *Chronographia* der keisaren sin talsmann i forløpet til Nikaopprøret svarar på dei grønne sine rop med:

”Silence, you Jews, Manichaeans, and Samaritans!”.⁹²

Ei utsegn som blant anna J. B. Bury har hevda viser at dei grønne var kjent for sitt religiøse avvik og blasfemi. Det einaste det beviser er imidlertid at jøde, manikear og samaritanar var skjellsord i samtida, noko som neppe kan vera overraskande. Dei grønne sin respons på denne fornærmande kommentaren gjer det heile klart at det nettopp berre er meint som ei fornærming, dei svarar:

”Do you call us Jews and Samaritans? May the Mother of God be with everyone... If anyone denies that our lord is orthodox, let him be anathema, like Judas!”.⁹³

I botn og grunn er denne teorien bygd på dette sitatet. Det er andre ting som tyder på at dette er å overtolka kjeldene, dei grønne støtta etter alt å døma opp om opprøret mot Anastasius si innføring av monofysittisk liturgi i kyrkjene i 512.⁹⁴

⁹⁰ Cameron, Alan: *Cirkus Faction*, s. 74.

⁹¹ Sjø: Cameron, Alan: *Circus Factions*, s. 126-27.

⁹² Theoph: *Chron*, 182.

⁹³ Theoph: *Chron*, 182.

⁹⁴ Pseude-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 6-9.

Pseudo-Dionysios fortel om eit opprør i Cæsarea der jødar og samaritanarar slo seg saman og plyndra kristne kyrkjer.⁹⁵ Om dette var eit uttrykk for opportunisme (for å ta beslag på kyrkjegods) eller ein reaksjon på kristen undertrykking er usikkert. Det at opprørarane brukte fraksjonsfargane som symbol i opprøret kan imidlertid tyda på det fyrste. Viss dette hadde vore eit religiøst opprør ville det vore vanskeleg for samaritanarar og jødar å finne ein felles plattform. Dei ville også ha brukt religiøse symbol og ikkje fraksjonane sine symbol. Dette opprøret kan dermed kategoriserast som både eit fraksjonsopprør og eit religiøst opprør. Det kan verka som om at fraksjonsfargane ved dette høvet vert brukt som eit dekke av dei ulike religiøse gruppene. Det er elles ingenting som tyder på at fraksjonane i seg sjølv var inndelt i reelle religiøse blokker. Fraksjonane vart ganske enkelt brukt som eit påskot til å plyndra. Jødar og samaritanarar hadde ingen religiøse motførestillingar mot å plyndra kyrkjer i tillegg til anna. Det vert dermed feil å tolka denne episoden som eit uttrykk for religiøsitet i fraksjonane, det er berre eit uttrykk for at fraksjonane i dei ulike byane var ulikt samansett og brukte posisjonen sin til å skapa uro og berika seg sjølv når det passa. Cæsarea var ein by som var dominert av jødar og samaritanarar, fraksjonane i byen er dermed ganske enkelt eit symptom på dette faktumet. Det at dei ikkje var kristne var dermed "tilfeldig" og gjorde dei i stand til å rana kyrkjene.

Dei gongene fraksjonane tok del i det ein kan kalla politikk var dei tilsynelatande motivert av grunnleggande ynske og behov. Bestikkingar var det som fekk systemet til å fungera. Ved Justin I sin tiltreding i 518 fekk han som sjef for den nyleg avdøde keisar Anastasius sin livgarde, *excubitorane*, pengar hjå palassevnuken Amantios for å støtta sin kandidat Teokritos.⁹⁶ Ein må då gå ut frå at Justin si rolle var å bruka sin innverknad og desse pengane til å skaffa Teokritos støtte hjå *excubitorane* som han var sjef for, *scholariane* (palassgarden) og befolkninga. Befolkninga vil sannsynlegvis seia fraksjonane, som ein må gå ut frå styrte opinionen ved sitt nærvær og rykte. Justin brukte desse pengane til å fremja sitt eige kandidatur i staden.⁹⁷ Han vart vald som keisar, mens Amantios og Teokritos like etterpå vart dømde til døden under påskot av forsøk på statskupp mot Justin og avretta.⁹⁸ Det er ting som tyder på at Justin ikkje berre brukte desse pengane til å bestikka dei to livgardane, men også fraksjonane. Ein ser frå Nikaopprøret at vaktstyrkane i byen ikkje er tilstrekkelege til å ha noko betydning når fraksjonane slår på stortromma. Ved etableringa av eit nytt dynasti må

⁹⁵ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 127-28.

⁹⁶ Malala: *Chron*, 17. 410.

⁹⁷ Malala: *Chron*, 17. 410.

⁹⁸ Theoph: *Chron*, 165-166.

kontroll på gatenivå vera viktigare enn støtte i senatet. Måten kroninga er beskrive av Malalas støtter dette inntrykket:

”At God’s command the army with the *excubitores* guarding the palace, together with the people, crowned him [Justin] and made him emperor.”⁹⁹

Folket måtte godkjenna kandidaten, og i Hippodromen var det fraksjonane som var folket og det var der keisaren vart krona. Viss fraksjonane hadde vore fiendtlige til den påtroppande keisaren, ville dette blitt eit praktisk problem. Det som er avslørande i sitatet frå Malalas er at senatet ikkje vert nemnt som aktør i tronfølgja. Justin er heller ikkje senator, men soldat og sjef for avlidne Anastasius sin livgarde. Det heile minner dermed om eit kupp der senatsinteressene vart tilsidesett av ein soldat som kjøpte seg støtte i hæren og sentrale delar av opinionen for andre sine pengar. Dette kan forklara kvifor ein får inntrykk av at fraksjonane herja fritt på 520-talet. Dynastiet stod rett og slett i gjeld til dei. Det kan også forklara den intensitet Nikaopprøret fekk, fraksjonane følte seg svikta av sine eigne då Justinian prøvde å slå ned på fraksjonsuro etter han vart keisar i 527. No ville dei alliera seg med andre krefter for å få endring. Dei let seg dermed bruka under Nikaopprøret som i 518.

Prokopios klagar i *Anekdotia* over den effekten Justinian sin støtte til den blå fraksjonen utgjorde, han insinuerer at Justinian før han vart keisar i 527 brukte dei blå som ”sjokktroppar” og gav dei vern mot påtale, noko som visse element blant dei blå var raske til å utnytta:

”Now the populace from of old has been divided into two Factions... and he [Justinian] now adopted one of them, namely the Veneti or “Blues”, of whom, as it happened, he had previously been an enthusiastic supporter, and thus succeeded in throwing everything into disorder; and thereby he brought the Roman State to its knees. But not all the Blues saw fit to follow the will of this man, but only those who chanced to be militant... And of course the militant group of the Greens did not on their part remain quiet, but they too were constantly busy with crimes, as far as came within their power, although they were being punished continually, one at a time. Yet this very fact always led them on to deeds of much greater daring; for men, when they are unjustly treated, are wont to become desperate. So at this time, while he kept fanning the flames and manifestly stirring up the Blues, the whole Roman Empire was agitated from top to bottom”.¹⁰⁰

⁹⁹ Malala: *Chron*, 17. 410.

¹⁰⁰ Procop: *Anekdotia*, 7. 1-10.

Dette kan tyde på at Justinian brukte dei blå aktivt i politikken for å få kontroll i gatene og i Hippodromen, dei blå kan dermed ha fungert som ein nyttig reiskap i Justinian sin kamp om kontroll over samfunnet. Han forstod at for å arva onkelens tittel måtte han ha allierte i byens befolkning. Den blå fraksjonen passa då inn i dette maktspelet. Teofanes skildrar korleis Justin II (565-578) responderte mot fraksjonane då dei starta bråk i Hippodromen i nærværet hans i 569. For å roa gemyttane gav han fraksjonane ei åtvaring:

”the emperor sent proclamations to each of the factions, saying to the Blues, ”The emperor Justinian is dead and gone from you”, and to the Greens, ”The emperor Justinian still lives among you”. When the factions heard this, they became quiet and quarrelled no longer”.¹⁰¹

Uroa stoppa umiddelbart, beskjeden var ikkje til å misforstå, dei blå hadde mist keisarens støtte, og dei grønne hadde framleis hans vreide. Dette sitatet illustrerer betre enn noko at Justinian i sitt styre hadde praktisert ein splitt og hersk-politikk i fraksjonane for dermed å kontrollera gatene og skape uro viss han såg seg tent med det.

NIKAOPPRØRET

Opprør var ikkje uvanleg i Konstantinopel eller andre større byar i imperiet. Ein kan dra den konklusjonen når ein ser på mønsteret frå tidlegare opprør under keisar Anastasius, Justin I og Justinian at opprør på mange måtar var eit semi-legitimt maktmiddel, så lenge spelereglane vart overhaldne. Vanlegvis var opprør retta mot den motståande fraksjonen. Det er naudsynt å forsøkja å rekonstruera desse spelereglane etter kva mønster dei opprøra som vart tolerert og oppnådde sine mål utan å koma ut av kontroll, og kva som gjorde at Nikaopprøret fekk dei proporsjonane det fekk og nesten velta regimet. Regel nr. 1: angrep på keisaren sin person eller autoritet vart ikkje tolerert. Regel nr. 2: aristokratiet/senatseliten hadde ingen høve til å ta aktivt eller passivt del i opprøret, dei hadde sin arena i senatet og palasset, ikkje på gatene. Regel nr. 3: når opprørarane sine delmål hadde blitt innvilga, eller når opprørarane møtte tilstrekkeleg motstand til at dei måtte forstå at dei ikkje ville få sine mål igjennom, skulle opprøret avsluttast.

¹⁰¹ Theoph: *Chron*, 243.

Regel nummer tre er i høgste grad basert på skjønn, og er avhengig av eit minimum av organisering, noko fraksjonshierarkiet sørgde for. Viss eit opprør skulle kvelast, var det normalt tre moglegheiter. Anten kunne ein gje etter for krava, gje massen det dei ville ha, deretter kunne keisaren sole seg i glansen som folket sin velgjerar. Om dette ikkje var tilrådeleg, kunne ein sørgja for eit massivt oppmøte av soldatar i gatene som ville gjera det klart at straffereaksjonar ville koma mot dei sentralt plasserte i fraksjonen som stod bak opprøret viss det ikkje straks vart avslutta. Det tredje alternativet var bestikkingar til dei som hadde tilstrekkeleg autoritet i toppen av hierarkiet til å setta ein stoppar for det, eller splitta fraksjonens leiarar ved å støtte delar av fraksjonseliten ved å kjøpa nokre av dei, eller setja den eine fraksjonen opp mot den andre. Ein kunne også velja ein kombinasjon av desse verkemidla, noko eg skal visa vart gjort under Nikaopprøret utan effekt.

Det er viktig å påpeika at dette mønsteret er usikkert i den forstand at kjeldene ikkje gjer det mogeleg å rekonstruera mønsteret eksakt. Kvar situasjon og opprør er også unikt i seg sjølv, og ein vil ofte finna tilsynelatande brot på mønsteret. Eg vil bruka Nikaopprøret i 532 til å illustrera desse mekanismane, for i dette opprøret vart spelereglane totalt tilsidesett og aktørane kasta korta i eit opprør som utvikla seg til å vera retta direkte mot keisaren og hans autoritet. Ein kan i skuggen av dette opprøret sjå konturane av ein opposisjon som anten iscenesette hendingane, eller var raske til å utnytta hendingane som trua keisaren og tilsynelatande søkte å gjenoppretta Anastasius sitt dynasti. Nikaopprøret er heilt klart eit indirekte resultat av politikken mellom 518 og 532. Omorganisering og omstrukturering av makt, spesielt etter 527, hadde skapt eit klima blant aristokratiet som skapte ein voldsom reaksjon. Det er naudsynt fyrst å gå raskt igjennom opprøret steg for steg for å kasta lys på dei faktiske hendingane.

Nikaopprøret er utypisk på fleire måtar, men måten det starta på kan ikkje ha vore uvanleg. Opprøret starta med arrestasjonen og avrettinga av sju medlemmer frå begge fraksjonar laurdag 10. januar 532 som reaksjon på masseslagsmål og drap. Under den offentlege avrettinga fall skafottet saman så to av dei dømte, ein grøn og ein blå overlevde. Munkar tok seg av dei to og sendte dei inn i eit kloster som byprefekten Eudaimon fekk omringa for å få tak i dei.¹⁰² Tre dagar seinare (tysdag 13. januar) starta begge fraksjonane i Hippodromen å krevja benådning av dei to. Då keisaren ikkje svarde, byrja dei samla å ropa ”Lenge leve dei barmhjertige blå og

¹⁰² Malalas: *Chron*, 18. 473.

grøne!” og kampropet ”nika!” (overvinn!)¹⁰³ for å unngå å verta infiltrert av *excubitorane*,¹⁰⁴ og gjekk ut i gatene.

På dette stadiet må det ha gått opp for Justinian, som så mange gonger før sat i *kathismaen*,¹⁰⁵ at situasjonen var alvorleg. At fraksjonane allierte seg var noko som var uvanleg, men ikkje unikt og det må nødvendigvis ha vore avtalt mellom dei to partane på førehand. Dette hadde skjedd minst ein gong før, nemleg i 512 under Anastasius som reaksjon på Anastasius sine monofysittiske tilnærmingar.¹⁰⁶ Justinian hadde fram til han vart keisar i 527 vore ein svoren blå tilhengar, ifølgje Prokopios, og beskytta dei mot straffetiltak.¹⁰⁷ Det at dei blå no allierte seg med fienden, dei grønne, og gjorde opprør mot han må derfor ha kome som ein ekstra overrasking. Det viste seg no at han hadde gjort ein taktisk blunder ved å forskjellsbehandla fraksjonane. Når dei blå miste den gunsten dei var vane til å få fram til Justinian vart keisar i 527, reagerte dei med sinne og trass og lét seg ikkje setjast opp mot rivalane sine lenger. Det er openbart at situasjonen på dette stadiet var alvorleg, men det er framleis innanfor rammene av det som kan sjåast som normalt.

Onsdag den 14. januar ser ein derimot ei endring i opprørets karakter som bryt dramatisk med det ein kunne forventa. Dagen starta med at styresmaktene opna hesteløpa som vanleg i eit håp om at ting skulle roa seg. Mobben svarar med å setja fyr på Hippodromen og krevje avsetjing av pretorisk prefekt Johannes av Kappadokia, kvestor Tribonian og byprefekt Eudaimon.¹⁰⁸ Desse tre var blant dei som stod nærmast keisaren i hierarkiet, og må derfor ha vorte sett på som dei nærmaste støttespelarane hans:

”the factions came to a mutual understanding, as has been said, and so began the sedition, then openly throughout the whole city then began to abuse the two [Tribonian og Johannes] and went about seeking them to kill”.¹⁰⁹

Ein ser dermed at opprørarane har fjerna seg frå sitt opphavlege mål. Grunnen til at dei har teke opp ein ny agenda er uviss, men ting kan tyda på at folk som ikkje har tilknytning til opprørets opphav starta å utnytta den uoversiktlege situasjonen.

¹⁰³ Malalas: *Chron*, 18. 473-6.

¹⁰⁴ Den eine av to palassvaktstyrkar.

¹⁰⁵ Keisarlosjen i Hippodromen med ein avstengt tunnel direkte til palasset som låg like ved.

¹⁰⁶ Evag: *Eccles*, 3. 44.

¹⁰⁷ Procop: *Anecdota*, 7. 39-42.

¹⁰⁸ Malalas: *Chron*, 18. 475.

¹⁰⁹ Procop: *Wars I*, 24. 13-18.

Krava til opprørarane er interessante. Dei låg på eit politisk nivå som normalt låg utanfor fraksjonane sitt interessefelt, og hadde ikkje noko med den utløyssande årsak av opprøret å gjera. Fraksjonane sin mistillit mot byprefekt Eudaimon kan ein forstå i og med at han vart sett på som aggressoren som stod bak arrestasjonane og avrettingane. Johannes av Kappadokia og Tribonian derimot hadde ingenting med fraksjonane eller opprøret å gjera. Johannes sitt ansvar som pretorisk prefekt var effektivisering av skatteinnkrevjinga og slanking av statsadministrasjonen. Dette ramma aristokratiet som no fekk auka skatten på jordeigedomane sine og mindre sjanse til karriere i administrasjon, og ikkje fraksjonane. Kvestor Tribonian hadde sidan 527 vore oppteken med kodifiseringa av lovene, som stramma inn dei smotthol som lovverket tidlegare hadde gjeve dei som hadde ressursar og råd til å leiga juridisk kompetanse. Det er ingen grunn til at han skulle hatt høve til å gjera seg bemerkert eller upopulær blant fraksjonane. Både Johannes og Tribonian var også oppkomlingar i den forstand at dei kom frå provinsen og ikkje var av patrisiarbakgrunn, dei var dermed relativt nye i byen. Det at Prokopios kjem med svært nedsetjande personkarakteristikkar av desse to i *Historia om krigane*, midt i den knappe skildringa av opprøret er påfallande. Grunnen til at han i det heile kunne kritisera dei to var at Johannes fall i unåde i 541¹¹⁰ mens Tribonian døyde i 542 og er dermed ikkje politiske aktørar når boka vart skriven. Prokopios skildrar begge i botn og grunn som vulgære, grådige og ekstremt dyktige til å svindla befolkninga for pengar og leva ein ekstravagant livsstil på skattebetalarane (aristokratiet) sine pengar:¹¹¹

”The praetorian prefect at that time was John the Cappadocian, and Tribunianus, a Pamphylian by birth, was counsellor to the emperor; this person the Romans call ”quaestor”. One of these two men, John, was entirely without the advantages of a liberal education; for he learned nothing while attending the elementary school except his letters, and these too, poorly enough; but by his natural ability he became the most powerful man of whom we know. For he was most capable in deciding upon what was needful and in finding a solution for difficulties. But he became the basest of all men and employed his natural power to further his low designs; neither consideration for God nor any shame before man entered into his mind, but to destroy the lives of many men for the sake of gain and to wreck whole cities was his constant concern. So within a short time indeed he had acquired vast sums of money, and he flung himself completely into the sordid life of a drunken scoundrel; for up to the time of lunch each day he would plunder the property of his subjects, and for the rest of the day occupy himself with drinking and with wanton deeds of lust. And he was utterly unable to control himself, for he ate food until he vomited, and he was always ready to steal money and more ready to bring it out and spend it. Such a man then was John. Tribunianus, on the other hand, both possessed natural ability and in educational

¹¹⁰ Procop: *Wars I*, 25. 21-42.

¹¹¹ Procop: *Wars I*, 24. 8-18.

attainments was inferior to none of his contemporaries; but he was extraordinarily fond of the pursuit of money and always ready to sell justice for gain.”¹¹²

Dette er personkarakteristikkar som høyrer heime i *Anekdot*a og ikkje *Historia om krigane*. Grunnen til at Tribonian kjem heldigare ut av skildringa enn Johannes er nok fordi han ikkje fall i unåde før han døde. Så sjølv om Prokopios skildrar fraksjonane som imperiets botnslam, rettferdiggjjer han dermed fraksjonane sine politiske krav.

Måten Prokopios skildrar etterfølgjarane i kvestor- og pretorianske prefektstillingane er påfallande i forhold til korleis han nettopp har skildra Tribonian og Johannes som er avsett etter krav frå opprørarane. Pokas vart pretorisk prefekt, Prokopios understrekar at han er patrisiar og:

”a man of the greatest discretion and fitted by nature to be a guardian of justice”.¹¹³

Prokopios poengterer også at den påtroppande kvestoren Basilides er:

”a man known among the patricians for his agreeable qualities and a notable besides”.¹¹⁴

Ein får dermed inntrykk av at Prokopios støtta dei politiske krava som vart framsett i og med at han poengterte at dei som overtok etter dei gjennomkorrupte Johannes og Tribonian var heiderlege og flinke. Prokopios er ivrig etter å poengterer at den eine er patrisiar og den andre er godt likt av patrisarane. Det ser dermed ut til at Prokopios dermed vil gje lesaren eit inntrykk av at det fyrst og fremst er patrisiarane Justinian vil blidgjera, og ikkje fraksjonane som trass alt legg fram kravet og som normalt sett ikkje skulle ha samanfallande interesser med patrisarane. Han var på ingen måte nøydd til å beskriva Pokas i positive ordelag i og med at han hadde falle i unåde og gjort sjølv mord med gift for deretter å verta gravlagd saman med eit esel etter påstandar om heidendom i 545/46,¹¹⁵ før denne boka vart skriva. Pokas er også ein av dei få som får positiv omtale i *Anekdot*a der han vert beskriven som ein av to heiderlege pretorianske prefektar.¹¹⁶

¹¹² Procop: *Wars I*, 24. 8-18.

¹¹³ Procop: *Wars I*, 24. 13-18.

¹¹⁴ Procop: *Wars I*, 24. 13-18.

¹¹⁵ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 76-77.

¹¹⁶ Procop, *Anekdot*a, 21. 6-8.

Justinian avsette desse tre,¹¹⁷ samtidig som at han sendte Belisarius ut med gotiske leigetroppar som kom i kamp med opprørarane. Dei to fraksjonsmedlemene som var opphavet til opprøret var også frigjort ved at fengselet vart storma og fangane sett fri.¹¹⁸ Alle dei politiske krava til opprørarane var dermed innfridd samtidig som hæren var sett inn. På dette stadiet (onsdag 14. januar) hadde opprøret dermed i realiteten lykkast. Ting roa seg imidlertid ikkje, det gjekk frå vondt til verre. Fredag 16. januar vart Pretoriumet til den pretoriske prefekten satt fyr på og gjekk opp i logar saman med Hagia Sofia. Laurdag 17. januar kom general Mundus med tropper frå Trakia til byen, men situasjonen betra seg heller ikkje då.

Keisar Anastasius hadde tre nevøar som hadde vore aktuelle i arvefølgja i 518, Probus, Pompeius og Hypatius. Pompeius og Hypatius var på dette tidspunktet i palasset med keisaren, mens Probus var ute av byen. Justinian sende Pompeius og Hypatius ut av palasset den 17. januar saman med store delar av senatseliten. Prokopios seier at han gjorde det fordi han var redd dei skulle gjera eit åtak mot han i palasset. Hypatius og Pompeius protesterte og sa at dei var redd for å verta brukt av opprørarane som tronpretendentar, men dette gjorde Justinian berre meir mistenksam.¹¹⁹ Dette vitna om panikk, Justinian var openbart redd for eit statskupp i tillegg til gateopprøret, det er openbart at han ikkje stolte på andre enn sine aller nærmaste i palasset. Denne frykta var kanskje velgrunna, men avgjersla skulle vise seg å vera eit feilgrep.

Viss opprøret skulle lykkast var opprørarane avhengige av å ha eit alternativ til Justinian, eit imperium må ha ein keisar. Ryktet om at Hypatius hadde vorte forvist frå palasset spreidde seg raskt, og folk strøymde til heimen hans og hylla han som keisar. Det var dette Hypatius og Pompeius hadde åtvart Justinian mot, og no var det ein realitet. Kona til Hypatius, Maria, reagerte med å halda fast i mannen og ropa at dei leidde han til ein sikker død.¹²⁰ Det er ingenting som tyder på at Hypatius gjekk frivillig med opprørarane, han oppfatta vel heller at han ikkje hadde noko val. Prokopios skriv at:

”he [Hypatius] by no will of his own came to the Forum of Constantine, where they summoned him to the throne; then since they had neither diadem nor anything else with which it is customary for a king to be clothed, they placed a golden necklace upon his head and proclaimed him Emperor of the Romans”.¹²¹

¹¹⁷ Procop: *Wars I*, 25, 1-4.

¹¹⁸ Procop: *Wars I*, 24, 13-18.

¹¹⁹ Procop: *Wars I*, 24, 18-24.

¹²⁰ Procop: *Wars I*, 24, 18-24.

¹²¹ Procop: *Wars I*, 24, 18-30.

Den einaste kvalifikasjonen han hadde for å vera keisar var at han var nevø av keisar Anastasius. Anastasius som i 512 hadde opplevd eit opprør imot seg sjølv fordi han prøvde å innføre monofysittisk liturgi i kyrkjene,¹²² Hypatius, som Anastasius sin nevø, har nok også ha hatt monofysittiske tilnærminga, men det spelte openbart ingen rolle lengre.

Morgonen søndag den 18. januar gjorde Justinian eit siste desperat forsøk på å roa gemyttane, så han prøvde å ”ta ein Anastasius”. Når Anastasius hadde stått overfor liknande problem i 512 hadde då tala til opprørarane frå *kathismaen* utan krona på hovudet og med Bibelen i handa og bede om ro, noko som hadde fungert.¹²³ Justinian sitt forsøk på å gjenta bedrifta lykkast ikkje, han sa at alle som hadde delteke i opprøret skulle få nåde viss opprøret stoppa. Publikum svarte med å ropa på Hypatius.¹²⁴ Då keisaren vendte tilbake til palasset må ein gå ut frå at stemninga var dyster. Opprørarane og fraksjonane hadde kontroll i byen, Hypatius vart hylla som keisar og dei lokale vaktstyrkane hadde erklært seg nøytrale og nekta å ta del i kampene.¹²⁵

Det at dei lokale vaktstyrkane erklærte seg nøytrale er eit interessant poeng. Ein kan rekonstruera to motiv for dette. Dei kan ha handla ut frå ei velgrunna frykt for å binda seg for sterkt til den eine sida, og risikere å binda lagnaden sin opp til den. Viss dei støtta keisaren, og han tapte, ville dei dela lagnaden hans. Viss dei støtta opprørarane, ville dei også verta opprørarar. På dette stadiet i opprøret var det umogeleg å veta kven som kom ut på topp, og det ville dermed vera klokast å ikkje gjera noko sidan vaktstyrkane i hovudsak berre hadde symbolske og representative oppgåver. Dei var på ingen måte var sterke nok til å ha ei avgjerande rolle verken for keisaren eller opprørarane. Ei anna moglegheit er bestikkingar. Bestikkingar var eit politisk maktmiddel og må ha vorte brukt flittig av alle partar. På slutten av opprøret nytta Justinian seg av dette ved å ”kjøpa” delar av den blå fraksjonen,¹²⁶ dette var så effektivt at massen vart splitta og starta å kjempa innbyrdes.¹²⁷ Det er ikkje urimeleg å tenkja seg at vaktstyrkane også var kjøpt, anten med pengar eller lovnader for å få dei til å halda seg roleg. Vaktstyrkane var hierarkisk oppbygde, så ein trong då berre å bestikka dei på toppen, resten ville då følgja med fordi det var det mest behagelege alternativet og hadde visse openbare fordeler. Ein kan dermed sjå for seg ei moglegheit der det fyrste alternativet,

¹²² Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 6-8.

¹²³ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 8.

¹²⁴ Malalas: *Chron*, 18. 475-476.

¹²⁵ Procop: *Wars I*, 24. 44-50.

¹²⁶ Malala: *Chron*, 18. 476.

¹²⁷ Theoph: *Chron*, 185.

eller ein kombinasjon av begge, gjorde at dei erklærte seg nøytrale. Å klargjera heile biletet vil ikkje vera mogeleg med dei kjeldene ein har til rådvelde Dette illustrerer uansett at vaktstyrkane var satt ut av spel, anten ved direkte eller direkte påverknad frå opprørarane, og Justinian då måtte venda seg til barbartropper for å slå ned opprøret.

Delar av aristokratiet var forvist ut av palasset, openbart fordi Justinian følte han ikkje hadde grunn til å stola på dei, dei kunne koma til å fungera som ein trojansk hest. Det viser seg at mistanken mot senatseliten er velgrunna. Senatsmedlemar knytte seg no til Hypatius og opprørarane, og dei diskuterte om ein skulle angripa palasset, eller la Justinian flykta,¹²⁸ noko som verka som keisarens einaste reelle sjanse. Justinians makt kvilte no på nokre få lojale generalar og barbartroppane deira. Prokopios, som var til stades i palasset, har i *Historia om krigane* skildra den uoversiktlege situasjonen og den trykte stemninga då evakuering av palasset og byen vart diskutert. Ifølgje Prokopios var det Teodora som avviste fluktplanane med sitt innspel:

”My opinion then is that the present time, above all others, is inopportune for flight, even though it bring safety. For while it is impossible for a man who has seen the light not also to die, for one who has been an emperor it is unendurable to be a fugitive. May I never be separated from this purple, and may I not live that day on which those who meet me shall not address me as mistress. If, now, it is your wish to save yourself, O Emperor, there is no difficulty. For we have much money, and there is the sea, here the boats. However, consider whether it will not come about after you have been saved that you would gladly exchange that safety for death. For as for myself, I approve a certain ancient saying that royalty is a good burial-shroud ”.¹²⁹

Ifølgje Prokopios, som var ved hoffet, var det denne talen som gjorde det klart at flukt ikkje var ei mogelegheit. Opprøret måtte slåast ned. Grunnen til at Justinian hadde vakla i sin reaksjon på opprøret fram til no kan forklarast med at han ikkje ville verta sett på som ein brutal tyrann, denne strategien hadde imidlertid feila. No var det berre brutal makt som gjenstod, ved å utsetja dette hadde problemet auka, ved å visa svakheit hadde den latente misnøyen i senatseliten kome til overflata.

Mundus og Belisarius fekk no ansvaret for å slå ned opprøret. Det er mogeleg at dette hadde vore planen sjølv under diskusjonen om evakuering. Diskusjonen om evakuering kan ha handla om at Justinian skulle reisa frå byen mens opprøret vart slått ned, så han skulle ha ein

¹²⁸ Procop: *Wars I*, 24. 24-36.

¹²⁹ Procop: *Wars I*, 24. 30-43.

distanse til blodbadet.¹³⁰ Opprørarane hadde no samla seg i Hippodromen like ved palasset, kanskje i påvente av at Justinian skulle flykta, så palasset kunne stormast og plyndrast i det maktvakuemet som ville oppstå. Belisarius sin plan var å gå direkte opp den tronge passasjen som førte opp til *kathismaen* frå palasset. Soldatane som vakta denne passasjen ville imidlertid ikkje la dei passera på grunn av nøytraliteten sin.¹³¹ Dette skapte eit problem, viss han hadde brukt denne inngangen, ville han kunna nå direkte opp til Hypatius. Frykta for å verta fanga i den tronge passasjen gjorde imidlertid at han måtte gå igjennom Bronseporten og rett inn i folkehavet, mens Mundus gjekk inn Dødsporten i den andre enden. Det enda i ein massakre med 30 000 drepne ifølgje Prokopios¹³², og 35 000 ifølgje Malalas¹³³. Måndag den 19. januar kunne ein setja endeleg punktum. Hypatius og Pompeius vart avretta og kasta i Bosporos, og eigedomane deira vart beslaglagde. Det same vart eigedomane til dei senatorane som ope hadde støtta opprøret, og mange av dei vart landsforvist.¹³⁴

MOTIV OG RESULTAT

Sjølv om Prokopios si skildring av Nikaopprøret i *Historia om krigane* openbart er farga av dynastiet sitt behov for å framandgjera opprørarane og stempla dei som ei marginalisert gruppe driven av irrasjonell tankegang, ser ein likevel ein klar tendens til rasjonelle motiv blant sentrale aktørar bak opprøret. På samme måte viser Prokopios si knappe skildring i *Anekdotia* at han her er forsiktig med å skulda nokon i dette mislykka forsøket på å kasta keisaren. Han vel å ikkje bruka opprøret sitt propagandapotensial ved å visa det som eit uttrykk for kor upopulær Justinian var i befolkninga. Det virker dermed som om han vil teia om noko. Ingen i aristokratiet ville verta assosiert med det, det var då enklare å gje fraksjonane og massane heile skulda. Faktumet at fraksjonane allierer seg tyder på at ”nokon hadde snakka saman”. I den augneblinken keisaren vakla og ikkje viste seg handlingskraftig nok til å slå ned opprøret i startfasen, dukka det opp politiske krav som låg på eit nivå der eliten i samfunnet hadde interesser. Nokon må dermed ha utnytta situasjonen til sin fordel, dess lengre keisaren venta, og dess meir ettergjevande han vart, dess større vart problemet. Då

¹³⁰ Geoffrey: The Nika Riot: A Reappraisal. *The Journal of Hellenic Studies*, Vol. 117 (1997), s. 78.

¹³¹ Procop: *Wars I*, 24. 44-50.

¹³² Procop: *Wars I*, 24. 50-56.

¹³³ Malal: *Chron*, 18. 476.

¹³⁴ Procop: *Wars I*, 24. 56.

han avsette dei tre ministrane sine, vart dette sett på som eit teikn på svakheit. Keisaren sitt forsøk på forsoning skapte eit bilete av ein svak keisar. Dei kreftene som tidlegare hadde halde seg i kulissane, kasta no maskene og støtta opprøret og tronpretendenten Hypatius ope. Det er då snakk om sentrale krefter i senatseliten som ved å støtta den svake Hypatius ville få ein keisar dei kunne kontrollera. Ting tyder på at dei søkte ei løysing der keisaren sat på deira nåde, anten det var Hypatius eller Justinian. Dette var noko dei ikkje hadde høve til så lenge Justinian hadde ein posisjon der han kunne føra ein politikk der aristokratiets makt stadig vart forringa med juridiske og skattepolitiske innovasjonar.

Ved å lesa kjeldene får ein inntrykk av at opprøret nok ikkje starta på initiativ av senatseliten, men at denne gruppa var raskt ute og overtok kontrollen over situasjonen, noko som førde til ei eskalering. Det at senatseliten gjekk til det radikale steget som det var å alliera seg med fraksjonane og konfrontera keisaren ope med eit opprør som dette, tyder på stor grad av desperasjon. Senatseliten satsa stort, og tapte. Ein kan dermed bruka Nikaopprøret for å illustrera den avmakta som senatet følte. Dette var ikkje eit uttrykk for ein realistisk og sunn langsiktig politikk frå senatseliten si side. Det var russisk rullett prega av eit desperat behov for å kvitta seg med ein politikk som øydela livsgrunnlaget deira før det var for seint. Det er og uttrykk for at senatet ikkje hadde andre pressmiddel å bruka. Det var ikkje lenger mogeleg for dei å jobba inne i systemet for å nå sine mål. Nikaopprøret er, som tidlegare nemnt spesielt, kanskje til og med unikt i bysantinsk samanheng. Denne spesielle hendinga har sannsynlegvis oppstått som eit resultat av keisarens spesielt hardhendte politikk mot den etablerte eliten i samfunnet.

At senatet hadde mist si reelle makt, hadde senatseliten sannsynlegvis for lengst akseptert. Det var noko anna når eit nytt dynasti med opphav blant geitegjetarar i latinskspråklege Illyria¹³⁵ etablerte seg og trua fleire hundreår lange tradisjonar. Justinian strippa dei for posisjonar, privilegier og til ein viss grad eigedomar som dei hadde hatt i generasjonar og såg på som sitt. Det var dette som utløyste denne kraftige reaksjonen. Det at reaksjonen kom i form av gatemobb med brannfaklar sannsynlegvis motivert av bestikkingar, lovnader og ønske om palassplyndring viser avmakta blant rikets fremste menn. Palassrevolusjon, attentat eller eit organisert opprør ved hjelp av delar av dei væpna styrkene var det trass alt tradisjon for, dette ville også hatt ein betre sjanse. Det ser ut til at senatsmedlemene rett og slett ikkje greidde å

¹³⁵ Procop: *Anecdota*, 6. 1-5.

organisera noko anna enn det dei gjorde. Posisjonen deira var alt så forringa at Nikaopprøret var det beste dei kunne klara å organisera, dei hadde ikkje lenger kontaktane eller ressursane til å få til noko betre. Realistisk sett hadde dette opprøret ingen reell mogelegheit til å lykkast. Dei kunne nok klart å jaga Justinian ut av Konstantinopel, men kva så? Den dystre monologen til Teodora¹³⁶ er nok eit uttrykk for ei overdramatisering anten frå hennar side eller Prokopios. Viss keisaren hadde rømt byen hadde det ikkje vorte aktuelt for keisaren og keiserinna å gøyma seg i ei hole i Hellas, dei hadde betre alternativ. Ein må ein uansett rekna med at han hadde hatt den store majoriteten av hæren bak seg, Justin I var tross alt hærens sin mann ved tronfølgja i 518. Han hadde også høve til å ta med seg innhaldet i skattkammeret og dermed kjøpa seg den støtta han ikkje fekk gratis.

Sjølv om opprørarane hadde fått Justinian til å forlata byen, hadde dei ikkje dermed vunne, dette var sannsynlegvis noko dei viste sjølv. Prokopios siterer diskusjonen blant senatsmedlemene om å storma palasset, noko dei sikkert hadde klart. Dei valde å la vera, kanskje fordi dei var ute etter ei forhandlingsløyising der Justinian kunne koma med visse garantiar som kunne sikra deira posisjon. Senator Origenes argumenterte som følger:

”...if we should go out against the enemy, our cause will hang in the balance, and we shall be taking a risk which will decide everything in a brief space of time; and as regards the consequences of such action we shall either fall down and worship Fortune or reaproach her altogether... But if we handle the present situation more deliberately, not even if we wish shall we be able to take Justinian in the palace, but he will very speedily be thankful if he is allowed to flee; for authority which is ignored always loses its power, since its strength ebbs away every day.”¹³⁷

Ved å gje Justinian mogelegheit til å flykta, kan dermed senatet ha opna døra for forhandlingar. Argumentet om at Justinian ville vere takksam for å få denne mogelegheita kan vanskeleg tolkast på anna måte. Det ultimate målet til senatsmedlemene som støtta opprøret var dermed ikkje nødvendigvis å rydda Justinian ut av vegen for godt, men å få til ei løysing der deira interesser vann fram. Viss Justinian hadde flykta frå byen, ville framtidsutsiktene uansett ikkje vera gode for opprørarane. Ein keisar på krigsstigen med det meste av hæren og rikets finansar utanfor bymurane, mens opprørarane sat relativt blakke og med ingen legitime krav på autoritet over byens befolkning, verka ikkje freistande. Viss opprørarane hadde storma palasset, hadde dei sannsynlegvis klart det, men fuglen (Justinian) hadde vore ute av

¹³⁶ Procop: *Wars I*, 24. 30-43.

¹³⁷ Procop: *Wars I*, 24. 24-30.

buret. Viss keisaren ville flykta, hadde han uansett klart det, men ingenting ville vore avgjort. Dette er dermed eit uttrykk for ei utstrekkt hand frå leiarane av opprøret. Ei hand som Justinian valde å slå av ved å massakrera mobben når dei var samla i Hippodromen.

Justinian var ikkje villig til å inngå kompromiss, han hadde derimot ei mogelegheit til å ta eit oppgjær med element i senatet som ville verta brysame i framtida. Opprørets konklusjon må dermed ha svekt senatet såpass at det var ute av stand til å utgjera noko form for effektiv opposisjon etter opprøret. Kjeldene nevner ikkje senatet som ein aktør etter Nikaopprøret. Justinian hadde dermed full mogelegheit til å følgja sine ideologiske og politiske mål i og utanfor imperiet utan å ta hensyn til ei konservativ kraft som senatet utgjorde, og som fyrst og fremst var interessert i å behalda det dei hadde. Dei hadde ikkje samanfallande interesser med keisaren, som ville skapa noko nytt.

Ein ser dermed at Nikaopprøret mislykkast og enda med eit svekt senat. Sentrale medlemmer som tidlegare kanskje hadde opponert i det skjulte, miste no makt og innverknad. Opprørarane sine handlingar ber preg av urealistiske forhåpningar, sjølv om byen stod i brann og keisaren sat isolert igjen i palasset, halt han alle dei gode korta. Opprørets utfall må ha ramma den handlekrafta senatseliten trass alt framleis hadde. Justinian kom styrkt ut ved å ha teke eit oppgjær med desse elementa i senatet. Ein ser i åra etter opprøret ein meir aggressiv og ekspansiv politikk, spesielt på militære område. Spørsmålet er om denne nye ekspansive politikken, som har fått merkelappen *renovatio imperii*, hadde vore mogeleg viss opposisjonen ikkje hadde støtta Nikaopprøret. Opposisjonen kunne då kanskje ha hindra delar av denne ekspansive politikken som etter kvart kom til å utmatta statsfinansane.

Dei geistlege kom i stor grad til å unngå denne type konfrontasjonar, kanskje dei hadde lært lekse av senatsmedlemene sine fatale feil. Dei lét seg ikkje diskreditera ved å støtta opprør som i botn og grunn var dømt til å mislykkast. Det var etter Nikaopprøret openbart at Justinian ikkje lét seg pressa til kompromiss. Dei geistlege sin strategi skulle på lang sikt skulle vise seg å gje dei langt meir innverknad enn det aristokratiet etter Nikaopprøret hadde.

6

RELIGIØS OPPOSISJON

Det var i botn og grunn kun to grupperingar i imperiet som var sterke nok til å utgjera ein konstant opposisjon. Dette var det omtalte aristokratiet, og det var dei geistlege i dei ulike religiøse gruppene. Det var desse to gruppene som var tilstrekkeleg organisert og hadde dei økonomiske musklane som var naudsynte. Dei geistlege var også flinke til å byggja ein ideologisk basis og organisasjon for sin kamp om makt og innverknad. Eg skal her klargjera kva grunnlag den religiøse opposisjonen var bygd på og kva resultat dette fekk for dei ulike aktørane. Kalkedondekretet kjem her til å verta sentralt. Kalkedondekretet vart formulert ved konsilet i Kalkedon i 451 som ein reaksjon mot dei ulike tolkingane som herska rundt spørsmålet om Jesu natur. Dette var eit spørsmål som stod i fare for å splitte kyrkja. Kalkedondekretet er dermed ikkje årsaka til splid, det er eit forsøk på å samle grupper som ved å ha ulik oppfatning set den religiøse eininga i fare. Ein hadde tidlegare byrja å bruka terminologi og omgrep frå gresk filosofi for å forklare teologiske fenomen. Omgrep som ”natur” og ”substans” var då sentrale. Ein fekk med det det fagspråket ein trong, men det resulterte også i at ulike syn kom til overflata. Stridens kjerne var her forklaringa rundt balansen mellom Jesus som menneske og Gud.

Følgjande formulering er sentral i Kalkedondekretet og omhandlar Jesu natur:

”Following, then, the holy Fathers, we all with one voice teach that it should be confessed that our Lord Jesus Christ is one and the same Son, the Same perfect in godhead, the Same perfect in manhood, truly God and truly man, the Same [consisting] of a rational soul and body; *homoousios* with the Father as to his godhead, and the Same *homoousios* with us as to his manhood; in all things like unto us, sin only excepted; begotten of the Father before ages as to his godhead, and in the last days, the Same, for us and for our salvation, of Mary the Virgin *Theotokos* as to his manhood;

One and the same Christ, Son, Lord, Only-begotten, made known in two natures [which exist] without confusion, without change, without division, without separation; the difference of the natures having been in no wise taken away by reason of the union, but rather the properties of each being preserved, and [both] concurring in one person (*prosopon*) and one *hypostasis* – not parted or divided into two persons (*prosopa*), but one and the same Son and Only-begotten, the divine Logos, the Lord Jesus Christ; even as the prophets from of old [have spoken] concerning him, and as the Lord Jesus Christ himself has taught us, and as the Symbol of the Fathers has delivered to us.¹³⁸

Det var altså i Kalkedon i 451 at den spliden i kyrkja skjedde som Justinian skulle bruka heile regjeringstida si på å fjerna. Som eit direkte resultat av det dekretet som vart vedteke, braut patriarkane i Alexandria og Antiokia ut av ortodoksien og keisarens kontroll. Spliden hadde altså eksistert eit lite hundreår allereie då Justinian prøvde å samla gruppene under keisarens autoritet. Kvifor og korleis dette målet vart forsøkt realisert skal eg koma tilbake til, men fyrst er det naudsynt å skildra dei ulike religiøse gruppene i imperiet som var alt anna enn religiøst einsretta.

Ein kan dele dei religiøse grupperingane inn i to. Det er dei ein av mangel på eit betre ord kan kalla "heidningar" som klart stod utanfor det kristne fellesskapet og som ikkje anerkjente Jesus som frelsar. Eg skal seinare gå i detaljar, men ein kan her nemna manikearane, samaritanarane og tilhengarane av den gamle gresk-romerske gudeverda som dei mest sentrale. Ein har deretter dei som anerkjende Jesus og kalla seg kristne, men som vart stempla som "kjettarar". Med kjettarar kan ein fyrst og fremst nemna nestorianarane, arianarane, monofysittane og jakobinarane. I tillegg har ein jødane som vert behandla som om dei står i ei slags mellomstilling. Den greske og latinske kyrkja var på Justinian si tid endå ikkje splitta, sjølv om paven kravde autoritet i alle teologiske spørsmål på kostnad av blant anna den austromerske keisaren. Ein ser blant anna at pave Vigilius, om enn motvillig, ratifiserer avtalen frå konsilet i Konstantinopel i 553.¹³⁹ Kyrkja i Roma og Konstantinopel var dermed formelt på same banehalvdel.

Det har vorte hevda at grunnlaget for splittinga mellom dei ortodokse, som i all hovudsak var greskspråkleg, og dei andre gruppene som i stor grad brukte latin, koptisk, syrisk eller gotisk, rett og slett var basert på at dei andre språka ikkje hadde det same ordforrådet i teologiske

¹³⁸ Grillmeier, Aloys, s.j: *Christ in Christian Tradition, Vol II*, s 3.

¹³⁹ Theop: *Chron*, 228-229.

spørsmål som dei filosofisk anlagde grekarane.¹⁴⁰ Dette skal såleis ha resultert i feiltolkingar og misforståingar som igjen har ført til splid.¹⁴¹ Eg skal ikkje ta stilling til om dette stemmer, men dette kan ha vore ein av grunnane, så banalt som det enn høyrer ut.

For å forstå Justinian sin reaksjon mot det som vart oppfatta som religiøse avvik, må ein forstå den ideologiske rolla religionen spelte i imperiet. Tanken om ein uniformert stat var på Justinian si tid allereie gammal. Diokletian sine kristendomsforfølgingar på slutten av 200-talet rydda ironisk nok vegen for Justinian sin intolerante politikk mot alt som vart oppfatta å strida med den offisielle tolkinga formulert i Kalkedondekretet. I ideologien Justinian bygde på var einingstanken sentral. Keisaren skulle vera den øvste autoritet på alle aspekt i imperiet og den kristne verda, noko som i teorien var to sider av same sak. For at keisaren skulle vera den øvste autoritet for kristendomen, var det eit behov for å samla dei ulike tolkingane under ein paraply. Denne paraplyen var nettopp Kalkedondekretet, der den offisielle linja hadde vorte formulert.

Eg vil no ta for meg dei ulike gruppene og kva politikk Justinian førte mot dei for å teikna eit bilete av ein tilsynelatande uoversiktleg situasjon. Eg skal til slutt prøva å forklara kvifor uniformeringa av det religiøse livet i imperiet var så viktig for Justinian, kvifor det møtte motstand, og kva resultat det fekk.

HEIDNINGAR

Heidningar som manikearar, samaritanarar og tilhengjarar av den gamle greske gudeverda vart sett på som grupper som nådeløst måtte nedkjempast og utryddast. Ingen kompromiss eller toleranse var aktuell. Det var ingen felles grunn for kompromiss i og med at gruppene stod for langt unna reint teologisk. Manikearane og samaritanarane var monoteistiske, men stod klart separert frå den kristne fellesarva. Dei var også i seg sjølv eldre religionar. Dei hadde heller ikkje den maktbasen som var naudsynt for å øva press mot styresmaktene.

Justinian leidde ein ”pogrom” i Konstantinopel i 540/541 mot heidningar der fleire patrisiarar vart avslørt som manikearar og brent på bålet då dei nekta å avsverja trua si.¹⁴² Dette viser at

¹⁴⁰ Sjå kart over språkfordeling i imperiet på s 103.

¹⁴¹ Sjå A. H. M. Jones, *The Later Roman Empire 284-602, Vol II*, s 990-92.

¹⁴² Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 74-76.

det, overraskande nok, eksisterte manikearar i hjarta av imperiet i høge sosiale lag, også på denne tida. Manikearane hadde for øvrig kjerneområdet sitt i Mesopotamia, det er derfor overraskande at dei har påverknadskraft på eit så høgt nivå i Konstantinopel. Nettverket var imidlertid så svakt at det lét seg opprullast og utslettast, men det at det eksisterte på dette nivået i samfunnet viser at kristendomen ikkje hadde etablert monopol blant samfunnets elite i hovudstaden. Det at den tidlegare pretorianske prefekten Pokas vart avslørt som tilhengjar av den greske gudeverda viser omfanget av den ikkje-kristne aktiviteten i palassets skygge.¹⁴³ Dette må ha vore litt av ein vekkjar for Justinian. I tida etterpå vart ein misjonsoffensiv lansert i Litleasia der 70 000 vart omvent til kristendomen og 96 kyrkjer bygd.¹⁴⁴ Det viser at heidensk ideologi og påverknadskraft har utgjort ei reell utfordring mot det uniformeringsprogrammet Justinian var forkjempar for, der kristen ideologi definerte keisaren og imperiet si rolle i verda.

Samaritanarane hadde ein sterk regional base i Palestina, men det kan verka som om dei ikkje hadde nokon aktivitet eller innverknad utanfor dette kjerneområdet. Teologisk sett kan ein kategorisera samaritanarane som ei forgreining av jødedommen.¹⁴⁵ Ein får inntrykk av at dei var ein sosial paria som fungerte som leiglendingar for den kristne jordeigande elite i regionen. Dette var eit faktum som gjorde nådelaus forfølgning mogeleg og opprør blussa opp som reaksjon mot Justinian sin politikk:

”All these heretics he [Justinian] commanded to change their earlier beliefs, threatening many things in case of their disobedience, and in particular that it would be impossible for them in the future to hand down their property to their children or other relatives... And when a similar law was immediately passed touching the Samaritans also, an indiscriminate confusion swept through Palestine.”¹⁴⁶

Samaritanopprøret i Palestina skal, ifølgje Prokopios, ha kosta hundretusenvis livet og avfolka regionen med katastrofale økonomiske følgjer for dei kristne jordeigarane som direkte konsekvens.¹⁴⁷ Prokopios har her openbart overdrive tapstalla og konsekvensane av opprøret, kanskje for å klargjera dei negative resultatata opprøret fekk for dei kristne jordeigarane i regionen. Misfornøgde aristokratar som mangla leiglendingar var openbart ein pris Justinian var villig til å betala for å kvitta seg med ei religiøs gruppe som utfordra den religiøse eininga

¹⁴³ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 76-77.

¹⁴⁴ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 77-78.

¹⁴⁵ *Encyclopædia Britannica*: Samaritan, s 1.

¹⁴⁶ Procop: *Anecdota*, 11. 13-19.

¹⁴⁷ Procop: *Anecdota*, 11. 19-31.

i imperiet. Trass i at dei tilsynelatande ikkje utgjorde nokon latent trussel og ikkje ein gong bidrog til oppsplitting av den kristne eininga. Ingen kompromiss eller fred var mogeleg å få for desse folka som ikkje berre trassa keisaren, men Gud. Lover vart vedtekne for å få dei til å omvenda seg. Arvelova vart endra så det vart umogeleg for ein heidning å arva jord.¹⁴⁸ Dette resulterte i at dei som nekta å bøya seg ville møte økonomisk ruin og sosial degradering.

Dei "hellenske" heidningane hadde tradisjonelt vore ein intellektuell elite i Hellas, med det nyplatoniske Akademiet i Athen hadde dei hatt ein bastion for utdanning av filosofar, retorikarar og innanfor statsvitskap. Alt var ettertrakta i statsadministrasjonen. Justinian si stenging av Akademiet i 529 er av mange rekna som sjølv dato for antikkens slutt. Samtidig slo han hardt ned på alle spor av heidendom, offentlege embete vart no berre tilgjengelege for ortodokse kristne.¹⁴⁹ I den "endelause freden" i 532 med Persia er eit av krava til persarkongen Kusro (531-579) at greske filosofer skal få venda heim og praktisera trua si.¹⁵⁰ Persia var strengt zoroastisk. Kusro må ha vist kva betydning dette hadde for Justinian, og omtanken hans for greske filosofer ser dermed ut til fyrst og fremst å vera motivert av mogelegheita til å gje eit lyskespark til sin nemesis og rival i vest.

Restar av heidendom eksisterer også i vest. Når Roma vart beleira under gotarkrigen nytta enkelte av borgarane høve til å opna døra til Janustempelet som den gamle religionen krevde under krigstid.¹⁵¹ Den desperate situasjonen fekk gamle trussystem til å koma til overflata igjen. Det at statua av Janus framleis stod i tempelet viser også at dei kristne i vest kanskje heller ikkje var like ivrige til å sletta alle spor av heidendom som det keisarane i aust hadde vore.

JØDAR

Jødane var noko for seg sjølv. Jødane var på denne tida spreidd over store delar av Middelhavsområdet, men var konsentrert i Palestina. Jødane var, ifølgje Det gamle testamentet, Guds utvalde folk. Dei hadde imidlertid ikkje forstått at frelsaren hadde kome og gått. For å få dei til å forstå dette vart visse middel tekne i bruk:

¹⁴⁸ Procop: *Anecdota*, 11. 13-19.

¹⁴⁹ Theop: *Chron*, 180.

¹⁵⁰ Sjø Evans. J. A. S: *The Age of Imperial Power*, s 70.

¹⁵¹ Procop: *Wars V*, 25. 15-21.

”... these constant and daily tamperings with the laws of the Romans were not the only harm he [Justinian] did, but the Emperor also took pains to abolish the laws which the Hebrew honour. If it ever happened, for instance, that the year in its recurring rounds brought on the Feast of the Passover before the festival of the Christians, he would not allow the Jews to celebrate this at the proper time nor to make offering to God at the feast nor to perform any of the rites customary among them.”¹⁵²

Ein ser at undertrykkinga av jødane var langt mildare enn den av samaritanarane eller dei “hellenske” heidningane. Det vart ikkje vedteke nokon lover som hindra arvefølge som tilfellet var med samaritanarane. Jødar hadde med andre ord framleis arverett. For å illustrera at det likevel vart ført ein intolerant politikk mot jødane, kan ein visa til ei hending under felttoget til Belisarius i Italia. Då Belisarius inntok Napoli i 536, var det jødane i byen som utmerkte seg som byens mest iherdige forsvararar og ikkje gotarane. Då Belisarius kom, svor jødane at dei skulle forsvare muren.¹⁵³ Då resten av byen var hamna under Belisarius sin kontroll, fortsette jødane kampen i sitt kvarter lenge etter at det heile i praksis var avgjort.¹⁵⁴

Denne episoden fortel oss to ting. Det jødiske nærværet i Napoli må ha vore betydeleg sidan dei kunne utgjera ein viktig faktor i forsvaret av byen. Om Napoli sin store jødiske befolkning er representativ for andre italienske byar er usikkert, men det er ingen grunn til å tru at jødane i Italia var sentrert i Napoli, ein må derfor gå ut frå at dei også hadde eit sterkt nærvær i mange andre middelhavsbyar. Det at det var jødane som utgjorde den gruppa som gjorde mest motstand, og sjølv etter at gotarane hadde lagt ned våpna, tyder også på at Justinian må ha vore illgjeten for forfølgning av denne gruppa. Dei må ha levd relativt fritt under religiøst tolerante gotarar som trass alt var dei ein skulle tru hadde mest å kjempa for. Gotarane hadde ikkje behov for å inkludera den italienske befolkninga generelt i sin arianisme. Dei brukte ganske enkelt sin religiøse eigenart til å ekskludera andre frå sin stilling som herskarklasse, noko som eg skal koma tilbake til. Dette var fordelaktig for jødane, som dermed fekk fridom til å praktisera si tru og sine tradisjonar utan det presset som Justinian sitt styre ville påføra dei med sin politikk om å bruka religion i eit sameinande prosjekt der jødisk tru per definisjon vart sett på som illojal.

¹⁵² Procop: *Anecdota*, 28. 11-17.

¹⁵³ Procop: *Wars V*, 8. 37-44.

¹⁵⁴ Procop: *Wars V*, 10. 20-27.

KJETTARAR

Det var ei rekkje "kjettagrupper" innetter i kristendomen som ope utfordra keisarens autoritet, noko Prokopios her omtalar:

"There are in the whole Roman Empire many rejected doctrines of the Christians, which they are accustomed to call "heresies" –those of the Montani, the Sabbatani, and all the others which are wont to cause the judgment of man to go astray. All these heretics he [Justinian] commanded to change their earlier beliefs... Now the shrines of these heretics, as they are called, and particularly those who practiced the Arian belief, contained wealth unheard-of. For neither the entire Senate nor any other major group of the Roman State could be compared with these sanctuaries in point of wealth... And many persons, and that too of the orthodox faith, excusing themselves by the occupations in which they were engaged, always depended upon the property of these sects for the means of their livelihood. So the Emperor Justinian began by confiscating the properties of these sanctuaries, thus stripping them suddenly of all their wealth. From this it came about that thereafter most of them were cut off from their livelihood. So, then, while many were being destroyed by the soldiers and many even made away with themselves, thinking in their folly that they were doing a most righteous thing, and while the majority of them, leaving their homelands, went into exile, the Montani, whose home was in Phrygia, shutting themselves up in their own sanctuaries, immediately set their churches on fire, so that they were destroyed together with the buildings in senseless fashion, and consequently the whole Roman Empire was filled with murder and with exiled men".¹⁵⁵

Det er Kalkedondekretet som må liggja i grunn for tolkinga av dei fleste kjettarorganisasjonar nettopp fordi dekretet i stor grad vart formulert som ein reaksjon mot desse gruppene kan ein sjå kvar skoen trykker. Kalkedondekretet var dermed eit forsøk på å samle hovudgruppene i imperiet under ein paraply der dei teologiske aspekta var klart definert og formulert. Det viste seg imidlertid at det ikkje skulle vera så enkelt. Kompromiss viste seg å verta vanskeleg av årsaker som eg skal koma tilbake til.

NESTORIANISME

Nestorianismen var grunnlagt av Nestorios som vart biskop i Konstantinopel i 428, han er kjent for sin hardhendte forfølging av det han oppfatta som kjettarar.¹⁵⁶ Det er ein openbar lagnadens ironi at nettopp hans tilhengjarar seinare vart hardt pressa av religiøse autoritetar som representerte andre retningar. Nestorios si lære vart fordømt allereie ved konsilet i

¹⁵⁵ Procop: *Anecdota*, 11. 13-25.

¹⁵⁶ *Encyclopædia Britannica*: Nestorius, s 2.

Efesos, som vart samla som ein reaksjon mot Nestorios i 431 under keisar Teodosius II (408-450),¹⁵⁷ og seinare ved konsilet i Kalkedon i 451 under keisar Markian. (450-457).¹⁵⁸ Nestorianarane vart sett på som ein alvorleg trussel. Dei hadde ein maktbase i det austromerske Mesopotamia, der dei hadde sitt parallelle nettverk, og dei trua den kristne eininga ved å ope utfordra Kalkedondekretet og keisaren sin autoritet. Den teologiske basisen for nestorianarane handla ikkje overraskande om Jesu natur. Nestorios la vekt på det faktum at Jesus i realiteten var to personar, ein guddommeleg og ein menneskeleg og at dette berre var sameint i ein laus union som bestod av lekamen hans.¹⁵⁹ Ein kan dermed seia at dei såg på Jesus som eit alvorleg tilfelle av splitta personlegdom, der desse to sidene var totalt atskilt. Som ein konsekvens av dette var Jesus dermed ikkje ein mann skapt av Gud, men ein mann inspirert av Gud.

Dette står i kontrast med Kalkedondekretet, som ikkje går like langt i å setja skilje mellom det menneskelege og guddommelege. Det var altså følgjande avsnitt i Kalkedondekretet nestorianarane opponerte mot:

”...not parted or divided into two persons (*prosopa*), but one and the same Son and Only-begotten, the divine Logos, the Lord Jesus Christ”.¹⁶⁰

Dette betydde lite for nestorianarane, for dei anerkjente ikkje konsila og konsila anerkjende ikkje dei. Ein var dermed like langt. Ein kan her sjå kjernen av problemet med dei fleste av kjettarorganisasjonane.

MONOFYSISME

Monofysittane dominerte det religiøse livet i Egypt og Syria på Justinian si tid. Det som gjorde at dei kom i opposisjon mot Kalkedondekretet var, som med nestorianarane, ulik oppfatning av Jesu natur. Det heile var i botn og grunn ein strid om omgrep. Kalkedondekretet fastslo at Jesus var av to atskilte naturar, ein menneskeleg og ein guddommeleg, der den menneskelege naturen kom frå Maria og den guddommelege direkte frå Gud. Patriarken av

¹⁵⁷ Malala: *Chron*, 14. 365.

¹⁵⁸ Malala: *Chron*, 14. 367.

¹⁵⁹ *Encyclopædia Britannica*: Nestorius, s 3.

¹⁶⁰ Grillmeier, Aloys, s.j: *Christ in Christian Tradition, Vol II*, s 3.

Alexandria, Kyril (412-444), var ikkje einig i dette. Han vart den fremste talsmannen for det synet at Jesus var av ein samansett natur der både det guddommelege og menneskelege var integrert.¹⁶¹ Dette var eit syn som både Kalkedondekretet og nestorianarane avviste. Retninga fekk namnet monofysisme, av gresk "ein natur", og vann gehør spesielt i Egypt og Syria der befolkninga i all hovudsak ikkje var greskspråkleg. I Syria og Mesopotamia var jakobinarane ei slags undergruppe av monofysismen, det var minimal teologisk forskjell, men institusjonane var ulike. Keisarens forsøk på å få monofysittane inn i ortodoksien kom til å dominere den religiøse debatten i Justinian sin periode. Det er dermed det same avsnittet i Kalkedondekretet som nestorianarane monofysittane opponerte mot, men med "motsett" synspunkt. Viss ein skal stilla dei tre hovudretningane i aust på ein akse, ville dermed ortodoksien støtta av Kalkedondekretet hamna teologisk i ein mellomstilling med nestorianismen og monofysismen på kvar side.

ARIANISME

Arianismen var på denne tida kanskje den klaraste utfordraren til ortodoksien. Arianismen dominerte blant folkevandringsfolka i vest. Arianismen var på mange måtar av natur ein religion utanfor pavens og keisarens kontroll, og stod i opposisjon til både den verdslege makta representert av keisaren, og den geistlege representert av paven/patriarkane. Teologisk var arianismen relativt fjernt frå ortodoksien. Arianarane anerkjende ikkje treeininga eller Jesus sitt guddommelege vesen.¹⁶² I denne samanhengen kan ein derfor sjå på arianarane som halvvegs heidningar.

Så lenge vandalane og gotarane hadde politiske fordelar av status quo på det religiøse planet, ville dei ikkje la seg omvenda. Dette var sannsynlegvis noko både paven og Justinian forstod. Løysinga på "arianarproblemet" var dermed i stor grad politisk, barbarane måtte slåast militært for deretter å verta inkorporert når det tente dei å underleggja seg Justinian og hans samlingsprosjekt. Kampen mot desse gruppene skapte friksjon, men konsekvensen var ikkje større enn kva ein var villig til å handtera. Arianarane vart dermed tolerert som gruppe, men den offisielle politikken var å overta kyrkjene deira, inndra kyrkja sine verdiar og diskriminera medlemene og satsa på at dette skulle få folk til å venda seg til ortodoksien av

¹⁶¹ Sjå: Moorhead, John: *Justinian*, s 120-22.

¹⁶² *Encyclopædia Britannica*: Arianism, s 1.

pragmatiske omsyn. Eit av delmotiva for *renovatio imperii*-politikken ser dermed ut til å vera å rydde ut arianismen. Biletet er imidlertid samansett, og motivet var fyrst og fremst utbreiing av den austromerske maktsfæren generelt.

PAVEN SITT DILEMMA

Det er interessant å sjå at pave Silverius (536-537) var positiv til austromarane sitt engasjement i Italia. Silverius argumenterte sterkt for å sleppa austromerske troppar inn i Roma,¹⁶³ noko som tyder på at han og den katolske kyrkja såg fram til å hamna under keisarens herredøme på kostnad av gotarane, som trass alt hadde behandla dei godt. Viss gotarane vart lagt under ein ortodoks keisar, ville paven verta den øvste religiøse autoriteten i Italia, og dei ville måtta underordna seg til ein makthavar som geografisk var langt unna. Dette ville, i teorien, auka paven si makt. Vonbrotet må derfor ha vore stor då Belisarius avsette og utviste han året etter og utnemnde Vigilius (537-555) som ny pave.¹⁶⁴ Prokopios hevdar i *Anekdotia* at dette var ein del av Teodora sine intriger.¹⁶⁵ Det er vel meir sannsynleg at det var ein del av ein meir eller mindre offisiell politikk for å ta kontroll med den vestlege kyrkja, som var brysam i forsøket på å inkorporera monofysittane inn i ortodoksien. Det at ein austromersk general no avsette og innsette paven i Roma lova ikkje godt for kyrkja i Italia. Dette var noko gotarane aldri hadde gjort, paven hadde tidlegare hatt full suverenitet i indre saker. Ein kan dermed sjå spor av vonbrot hjå dei geistlege og aristokratiet i Italia, som med den austromerske invasjonen hadde fått det dei hadde bede om, nemleg bli kvitt sine barbarherrar. I prosessen miste dei imidlertid det sjølvstendet som dei var vortne vane med ved å no hamna under herredømet til ein autokrat som kravde full autoritet også i teologiske spørsmål. Invasjonen fekk dermed motsett effekt av det dei forventa og håpt på.

Pontifeks Maksimus, eller yppersteprest, var ein heidensk tittel paven hadde arva etter den romerske keisaren. Ein kan sjå for seg at Justinian ikkje såg på det som ei arv, men eit lån. Paven i Roma hadde ein spesiell stilling i forhold til dei andre patriarkane i Jerusalem, Antiokia, Alexandria og Konstantinopel ettersom desse hadde fortsett under keisarens innflytningssfære. Paven i Roma derimot var under barbarherredømme, og fekk dermed ein

¹⁶³ Procop: *Wars V*, 14. 1-7.

¹⁶⁴ Procop: *Wars V*, 25. 11-15.

¹⁶⁵ Procop: *Anekdotia*, 1. 11-14.

spesiell og sjølvstendig stilling innanfor den kristne verda. Denne stillinga måtte han no kjempa for å behalda. Dette er noko av forhistoria til det endelege brotet mellom katolisismen og ortodoksien i 1054.

KAMP OM OMGREP

Valet sto altså mellom å prøva å utrydda eller inkorporera dei ulike retningane. Kva strategi som vart vald varierte til ein viss grad med kva potensial den religiøse gruppa hadde for inkorporering, eller eventuelt kva maktbase ho hadde. Det var altså ein gradforskjell. Ulike grupper vart behandla ulikt etter kor sterke dei var og etter kor langt dei stod frå dei prinsippa som Kalkedondekretet la til grunn. Kalkedondekretet er, som tidlegare nemnt, ikkje årsaka til splittinga, men symptomet. Dei retningslinjene som Kalkedon la til grunn, kom for klart å definera ortodoksiens offisielle linje. Dette vart nok gjort for å unngå forvirring, men det skapte nok ein situasjon der frontane vart tydelegare og dermed vanskelegare å bryta.

Den totale mangelen på pragmatisme og kompromissvilje er slåande i alle leirar. Ein kan seia at det er vanskelegare å finna fram til kompromiss om religiøs overtyding enn i politiske saker ganske enkelt fordi religion i utgangspunktet er eit konsept basert på overtyding og ikkje praktiske omsyn. Konflikatar vert også ofte meir vedvarande i og med at når frontane er etablert, vert kompromiss oppfatta som eit svik mot dei gudsinspirerte tankane til grunnleggjaren av sekta. Etter grunnleggjarens død er kompromiss veldig vanskeleg fordi ingen andre har autoritet til å oppheva delar av den opphavlege grunnideen. Ein politisk opposisjon vil lettare kunne tilpassa ideologien etter skiftande forhold fordi ideologi vanlegvis er bygd på pragmatiske og realistiske mål og argument.

Ein får imidlertid mistanke om at grunnen til at splittingar oppstod og vedvarte ikkje berre handla om religion. Religionen kan ha vorte ein arena for ”kverulerande” individ med behov for å utøva personleg makt og innverknad over ei gruppe, eller å gøyma ein politisk agenda bak ein religiøs fasade. Desse leiarane har dermed ingen interesse av å inngå kompromiss eller bøya av, i og med at dette då vil redusera den påverknadskraft dei har. Argumenta låg dermed på eit abstrakt nivå, mens måla kanskje var enkle og handfaste. Å tolka dei ulike skisma på det nivået som dei involverte la opp til, vil dermed lett misleia meir enn det oppklarar. Ein kan også sjå for seg ein situasjon der ei gruppe eller ein region har interesse av

å bruka religiøse argument eller retorikk for å få merksemd eller innverknad over lokale spørsmål. Ein må imidlertid ta omsyn til at det eksisterer ein gradforskjell, ein kan sjå politiske likskapstrekk, men gruppene var spreidd utover eit vidt teologisk og geografisk spekter. Dei vart dermed behandla ulikt og reagerte ulikt på statens forsøk på kontroll.

RELIGIØS REALPOLITIKK

Prokopios gjev i *Anekdotia* inntrykket av at Justinian var besett av kampen mot dei ulike gruppene. Det er ikkje nødvendigvis sant at han var unik i så måte. Keisar Anastasius forviste to patriarkar i Alexandria som nestorianarar.¹⁶⁶ Ein kan spørja seg kvifor dei hadde vorte patriarkar i utgangspunktet når dei var nestorianarar. Påstandar om religiøse avvik kan ha vore eit praktisk påskot for å kvitta seg med folk ein av ein eller annan grunn ikkje kunne stola på. Eksistensen av kjettarorganisasjonar vart kanskje overdriven nettopp fordi ein hadde bruk for eit fiendebilete. Viss dei geistlege ikkje bøygde av i ei sak, var det enklast å brennemerka dei som nestorianarar og dermed ha eit påskot til å avsetja eller utvisa dei. Desse personane kunne då verta tvinga over i ”feil” leir av omstenda. Ved å verta brennemerkt som nestorianar utan grunn, kunne ein altså verta nestorianar for å søkja ly i denne organisasjonen etter å ha mist det nettverket og den status ein hadde.

Ein kan få inntrykk av at Anastasius hadde ein annan strategi både når det gjaldt tilnærming til sirkusfraksjonane og religiøse avvikarar enn den linja det nye dynastiet baserte seg på. Anastasius støtta den raude sirkusfraksjonen,¹⁶⁷ noko som må kunne kallast nøytralt fordi desse var det ”snille” alternativet til dei grønne og blå og ikkje var aktørar på same måte. Anastasius kom òg med utilslørte monofysittiske tilnærmingar når det gjaldt teologi og liturgi.¹⁶⁸ Anastasius var med andre ord ikkje mindre oppteken av desse spørsmåla, taktikken var imidlertid meir forsonande. Med nøytralitet i fraksjonsstriden og tilsynelatande religiøs toleranse overfor monofysittane, prøvde han å ta det vonde med det gode. Det var nok desse ”gode gamle dagar” Prokopios lengta tilbake til.

¹⁶⁶ Malala: *Chron*, 16. 400.

¹⁶⁷ Malala: *Chron*, 16. 393.

¹⁶⁸ Malala: *Chron*, 16. 406-407.

Ein har eit interessant tilfelle av "anti-nestorianisme" i Antiokia under keisar Zeno (474-491). Då Zeno kom til makta, avsette han patriarken av Antiokia, Peter, og innsette Stefanos som ny patriark. Denne patriarken vart deretter drepen av sine eigne geistlege for å vera nestorianar. Zeno innsette då Kalandion som erstattar for den uheldige Stefanos. Kalandion vart etter kort tid drepen på same måte, også han for å vera nestorianar. Zeno beit då i det sure eplet og fekk Peter ut av eksil og gjeninnsette han som patriark.¹⁶⁹ Nestorianar ser dermed ut til å vera ein behageleg merkelapp å gje ein patriark som det lokale presteskapet treng eit påskot for å drepa eller rydda av vegen. Den eigentlege årsaka til at begge dei to patriarkane som keisar Zeno innsette fekk ein brå og brutal død påført av dei som skulle stå han nærast, ser ut til å vera presteskapets misnøye med at keisaren blandar seg inn i det dei oppfattar som lokale saker. Det reelle omfanget av nestorianismen kan dermed ha vore langt mindre enn det ein fyrst får inntrykk av når ein les kjeldene. Det er mogeleg at berre eit fåtal av dei som vart stempla som nestorianarar i realiteten var det, for både keisar og geistleg opposisjon brukte dette som merkelapp på uynskte individ dei vil kvitta seg med eller drepa av heilt andre årsaker.

Ein ser at dei arianske austgotarane i Italia og vandalane i Nord-Afrika følgjer ulike strategiar i si tilnærming til dei katolske geistlege. Austgotarane følgjer ei linje av toleranse der paven, og andre religiøse grupper, som jødane, får styra sine saker utan innblanding. Vandalane derimot fører ei kompromisslaus linje, noko som vart eit viktig argument i diskusjonen om austromersk intervensjon i 533.¹⁷⁰ Ei folkevandringsgruppe som valde ei tredje linje var frankarane, dei gjekk over frå arianismen til katolisismen rundt år 500 leidd av kong Klovis I.¹⁷¹ Desse ulike strategiane andsynes kristendomen kan forklarast med ulike politiske behov.

Frankarane såg nytten av å ha paven og den latinske kyrkja som ein nær alliert i ein framtidig invasjon av Italia for å utvida sin maktsfære. Ein ser at dette i stor grad var vellykka ved at dei vart Konstantinopels framtidige konkurrent om hegemoniet i vest. Ein kamp dei i botn og grunn vann under Karl den store, med paven som alliert. Austgotarane var redde for å verta assimilert av den katolske befolkninga i Italia, men dei ville ikkje følgja ei konfronterande linje mot paven, som hadde betydeleg autoritet i befolkninga. Toleranse og samarbeid, men separate institusjonar var dermed den fornuftige linja for dei. Vandalane hadde andre behov. Vandalane hadde vorte rike av sjørøvaraktivitet i Middelhavet etter at dei invaderte Nord-

¹⁶⁹ Malala: *Chron*, 15. 380-381.

¹⁷⁰ Procop: *Wars III*, 10. 13-28.

¹⁷¹ *Encyclopædia Britannica*: Clovis I, s 1.

Afrika i 429,¹⁷² dei plyndra blant anna Roma i 455.¹⁷³ Nord-Afrika var på denne tida eit rikt jordbruksland og behovet for import var lite, noko som gjorde at rikdomen samla seg opp i enorme mengder, ifølgje Prokopios.¹⁷⁴ Utbytet ved å plyndra katolske kyrkjer ved Middelhavet må ha gjort ei forsonande linje med paven og den katolske kyrkja ulønsam og dermed uynskt. Resultatet var ein intolerant politikk der katolikkar i Nord-Afrika vart utsett for overgrep.¹⁷⁵

I ettertid er det ikkje lett å gjenskapa eit fullstendig bilete av situasjonen og kva innverknad skisma hadde på samfunnet. Det heile synest veldig kaotisk og uoversiktleg. Prokopios gjev uttrykk for planar om å skriva ei bok om dei ulike religiøse retningane i både *Historia om krigane*¹⁷⁶ og *Anekdotia*:

”For the measures that were taken with regard to the Christians will be told by me in the following narrative.”¹⁷⁷

Dette er ein lovnad han ikkje lever opp til. Noko av grunnen til at han skriv såpass lite om eit av tidas store stridstema kan derfor nettopp vera at han sparte dette materialet til ei seinare bok om emnet. Det er dermed mindre å henta hjå Prokopios om dette sentrale temaet enn ein skulle tru basert på kva merksemd samtida må ha gitt emnet. Prokopios skraper berre i overflata og går ikkje i djupna med digresjonar og forklaringar som han gjer med det meste anna han skildrar. Alt tyder på at religion vart tatt alvorleg av det breie lag av befolkninga. Prokopios er vorten sedd på som eit unntak i og med at han gjev såpass lite plass til dette i bøkene sine. Dette er etter mi meining ei misoppfatning basert på utsegner som dette frå *Historia om krigane*:

”...to confer about tenet of faith, which is a subject of disagreement and controversy among the Christians... I shall by no means make mention of them; for I consider it a sort of insane folly to investigate the nature of God, enquiring of what sort it is. For man cannot, I think, apprehend even human affairs with accuracy, much less those things which pertain to the nature of God.”¹⁷⁸

Om dette berre var Prokopios sitt syn, eller om hans syn var representativt for det øvre sosiale lag i Konstantinopel, som han var ein del av, er usikkert. Det at han kan uttrykkja slike tankar

¹⁷² Procop: *Wars III*, 5. 18-25.

¹⁷³ Procop: *Wars III*, 5. 1-9.

¹⁷⁴ Procop: *Wars IV*, 3. 17 – 4. 3.

¹⁷⁵ Procop: *Wars III*, 8. 1-9.

¹⁷⁶ Procop: *Wars VIII*, 25. 11-15.

¹⁷⁷ Procop: *Anekdotia*, 11. 31-37.

¹⁷⁸ Procop: *Wars V*, 3. 1-9.

i *Historia om krigane* tydar imidlertid på at dette var ei oppfatning delt av mange. Kanskje til og med Justinian hadde denne oppfatninga, men at han vart tvinga til å pressa spørsmålet for å oppnå den religiøse eininga han var ute etter. Det at Prokopios uttrykkjer planar om å skriva ei eiga bok om uroa som dominerer kristendomen, viser at han tok det heile svært alvorleg, men som observatør og ikkje som deltakar. Prokopios kritiserer indirekte Justinian for å bruka mykje tid på religiøse spørsmål i *Historia om krigane*,¹⁷⁹ men han er altså villig til å gjera det same ved å skriva ei bok om det. Ein får inntrykk av at Prokopios ser det absurde i heile den religiøse situasjonen i imperiet som ifølgje forfattaren skapar uro og ubalanse, noko han gjev Justinian ansvaret for i *Anekdotia*:

”For in his [Justinian] eagerness to gather all men into one belief as to Christ, he kept destroying the rest of mankind in senseless fashion, and that too while acting with a pretence of piety. For it did nor seem to him murder if the victims chanced to be not of his own creed. Thus his single interest was the ceaseless destruction of men”.¹⁸⁰

Merksemda Justinian gav dette spørsmålet kan ha frustrert mange som var interessert i ei meir ”realpolitisk” linje. Ifølgje den tankegangen keisarane hadde brukt sidan Diokletian skulle religion verka som ei kraft som batt riket saman. Om alle i imperiet hadde delt same religion, der keisaren saman med dei fem patriarkane hadde øvste autoritet, hadde dette sjølv sagt hatt den ynskta effekten. Når keisaren blanda seg inn i teologiske spørsmål for å oppnå den effekten som guddommeleg makt innebar, ville all opposisjon i religiøse spørsmål verta ei direkte utfordring mot keisaren, noko det kanskje ikkje var i utgangspunktet. Ein kan dermed seia at ved å behandla dei religiøse avvikarane som ein trussel, vart dei ein trussel.

Pseudo-Dionysius går lengre enn Prokopios i sine skildringar av forfølgjingane av dei som fornekta Kalkedondekretet:

”This villain [biskop Abraham] used (all means) including the killing, crucifixion and burning of believers in a barbarous and cruel way, without mercy... Also when he learned that there was an uprising (and the people) were shouting these words. “Behold! the new martyrs by the hand of the Christians have appeared! So why do the Christians blame any longer the pagan judges who did that, when now they themselves, like those, do (the same)”, he tormented men and women because they had stood up against him when he demanded that they should accept the Council of Chalcedon.”¹⁸¹

¹⁷⁹ Procop: *Wars VII*, 32. 7-11.

¹⁸⁰ Procop: *Anekdotia*, 13. 4-10.

¹⁸¹ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 33-34.

Som ein ser er resultatet av dei religiøse skisma i somme tilfelle ekstremt valdeleg. Ein må gå ut frå at forfattaren kanskje overdriv litt og at det heller er unntaket enn regelen at det får slike konsekvensar, men drap, tortur og korsfesting på dette grunnlaget har nok førekome. Det Pseudo-Dionysius skildrar samsvarer med det Prokopios skriv, berre det at Prokopios ikkje går i detalj på same måte. Det kan dermed verka som om spesielt den austlege regionen rundt Palestina og Syria var dominert av ein religionskrig der eigenrådige biskopar og religiøse autoritetar fann seg til rette og slo brutalt ned på alt som lukta av kjettarverksemd. Grunnen til at akkurat dette området vart hardt råka var nok at det var den regionen i imperiet der ein hadde størst religiøst mangfald, med jødar, samaritanarar, jakobinarar, nestorianarar, manikearar, monofysittar og ortodokse samla. I kor stor grad ein kan halde Justinian og styresmaktene i Konstantinopel til ansvar for dette er usikkert. Gruppene var tilsynelatande fanatiske og blotta for toleranse, og bar difor kanskje sin del av ansvaret for situasjonen. Regionen hadde heller ikkje den vitale plassen i imperiets matproduksjon som Egypt, som trass alt også var dominert av monofysittar.

Det kan verka som om Pseudo-Dionysius, som ein kan velja å sjå på som meir eller mindre representativ for monofysittane/jakobinarane i Mesopotamia/Syria, ikkje legg skulda for dette rotet direkte på Justinian på same måte som Prokopios gjer. Den omtalen Justinian får i Pseudo-Dionysius si *Chronicle* er stort sett nøytrale. Det vert gjort eit poeng av at Teodora er ei ”rettruande” og dermed hadde ein positiv innverknad på keisaren.¹⁸² Det vert også gjort eit poeng ut av at keisaren inviterte egyptiske geistlege og skipsreiarar(!)¹⁸³ til Konstantinopel for å koma til kompromiss med dei om religiøse spørsmål, men då han oppdaga at dei ikkje var villige til å bøya av for keisarens krav, vart møtet raskt avslutta.¹⁸⁴ I *Chronicle* vert dermed ikkje keisaren halt direkte til ansvar for uroa, i motsetnad til i *Anekdotia*. Dette kan verka litt ulogisk, i og med at Pseudo-Dionysius nettopp er ein jakobinar og dermed eit offer for dette, ulikt Prokopios.

Denne haldninga kan forklarast med den stillinga keisaren kan ha hatt som farsfigur for imperiet og folket. Me veit til dømes kva stilling tsaren i Russland hadde som far og beskyttar for folket og, ifølgje generell oppfatning, ikkje greip inn mot overgrep frå adel og embetsverk

¹⁸² Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 32.

¹⁸³ Eit interessant poeng. Skipsreiarane hadde ei nøkkelrolle i Egypts korneksport. Dette viser at spørsmålet om religion og handel med Egypt var samanfletta. Skipsreiarane var underlagt dei lokale geistlege sin kontroll og innverknad, dette var noko Justinian nok prøvde å endra ved å vinna dei over til seg.

¹⁸⁴ Pseudo-Dio: *Chronicle*, Bok 3. 136.

mot befolkninga fordi han var villeidd av nettopp desse, og dermed ikkje visste betre. Det er ikkje utenkeleg at folk også i Austromarriket kan ha hatt denne noko naive haldninga til det som skjedde. Pseudo-Dionysius kan ha hatt denne haldninga, mens Prokopios, som frekventerte det øvste sjiktet i Konstantinopel, ikkje hadde slike illusjonar. Prokopios gjev dermed Justinian skulda for slike episodar som Pseudo-Dionysius skildrar fordi han meiner Justinian veit kva som skjer og dermed er direkte ansvarleg.

Å samla ortodoksien og monofysismen vart etter kvart Justinian sin fremste prioritet. Det ser ut som om dette kom lenger fram på prioriteringslista etter kvart som Justinian vart eldre og ”lei” av dyre byggeprosjekt og langvarige krigar. Den teologiske forskjellen var tilsynelatande overkomeleg. Det faktum at Teodora var monofysitt og ope opponerte Justinian i religiøse spørsmål¹⁸⁵ viser at retninga var anerkjent og sosialt akseptert. Keisar Anastasius, som regjerte før Justiniandynastiet kom til makta, vart oppfatta som ein monofysittisk sympatisør,¹⁸⁶ det same vart arvingane hans. Som eg tidlegare har påpeikt i samanheng med Nikaopprøret, vart dette sett på som ei ulempe for eit keisaremne, men ikkje diskvalifiserande.

Tilsynelatande skulle prosjektet såleis vore overkomeleg. At det var dødsdømt frå byrjinga av kan ein seia i ettertid, men dette var ikkje like openbart i samtida. Problemet er at ”ein må vera to for å dansa tango”, som ordtaket seier. Det er enklare å skapa ei konflikt enn å forsona. Ein konflikt kan oppstå ved misforståingar, enkle meiningsforskjellar, ulik prioritering eller ved at den eine parten har interesse av konflikt eller avstand der og då. Viss ein skulle forsona dei to gruppene, som i botn og grunn var einige om det aller meste av betydning, må ein ha som utgangspunkt at begge partar ser seg tent med det. Keisaren var desperat etter å føra monofysittane inn under sin direkte autoritet på same måte som dei ortodokse. Han ville då verta udiskutabel leiar i kristendomen, samla under eit dekret som alle grupper av betydning kunne støtta. Det skulle visa seg at det var sterke krefter som hadde motståande interesser til keisaren på dette området.

Paven i Roma hadde ingen openbar fordel av dette. Han kravde autoritet over dei kristne i vest på kostnad av keisaren. Ein keisar med absolutt autoritet over religiøse spørsmål i aust ville styrkja keisarens krav på det same i vest. Ein kan dermed sjå spor av motvilje hjå paven under konsilet i Konstantinopel i 553. Dette kan tolkast som misnøye med dei tilnærmingane

¹⁸⁵ Procop: *Anecdota*, 10. 15-20.

¹⁸⁶ Evag: *Eccles*, Bok 3. Kap 30.

keisaren gjorde mot monofysittane. Det framandgjorde ei allereie desillusjonert katolsk kyrkje i vest, samtidig som det ikkje hadde nokon effekt på monofysittane. Ortodoksien vart dermed i realiteten splitta i tre maktsfærar, med Roma, Alexandria og Konstantinopel som episenter.

Monofysittane sin påstand om at den "offisielle" kyrkja i Konstantinopel eigentleg var nestorianarar, er det eit snev av gehalt i.¹⁸⁷ Forskjellen mellom Kalkedondekretet og nestorianarane var betydeleg mindre enn mellom dei ortodokse og monofysittane.¹⁸⁸ Dette kan paradoksalt nok vera årsaka til at nestorianarane vart såpass hardt forfølgd. Keisaren og kyrkja hadde eit behov for å distansera seg frå andre kjettarorganisasjonar for å unngå å verta samanlikna med dei. Dette kan illustrera at det fyrst og fremst var ein organisasjon sin styrke og maktbase som avgjorde korleis dei vart behandla, ikkje kva den reelle avstanden til Kalkedondekretet og kyrkja i Konstantinopel var. Mens forskjellen mellom Kalkedondekretet og nestorianarane i stor grad var basert på språkleg forvirring rundt omsetjinga av greske tekstar til syrisk, var forskjellen meir reell i monofysittane sitt tilfelle. Justinian sin politikk i religiøse spørsmål var derfor ikkje så prinsippfast og irrasjonell som ein kan få inntrykk av ved fyrste blick.

Motivet for keisaren sin politikk var eit religiøst uniformert imperium og keisarens absolutte autoritet på både verdsleg og geistleg plan. For å illustrera dette ultimate målet som keisaren jobba for, kan ein sjå på dei freskane med framstilling av keisaren. Keisaren og keisarinna har glorie,¹⁸⁹ dei er dermed dei einaste personane som får ta del i denne æra, ved sida av helgenar. Symbolikken er ikkje til å misforstå, keisaren har eit spesielt band til det guddommelege. Keisaren står mellom Gud og mennesket og kan som ein direkte konsekvens av dette krevja absolutt og universell autoritet og er imperiets og kristendomens fremste forsvarar. Dette er for så vidt ein tradisjon ein kan spora tilbake til Konstantin, som gjorde kyrkja til den statsberande organisasjonen som ho var på Justinian si tid.

Viss Justinian hadde lykkast i sitt prosjekt med å samla ortodoksien og monofysismen, hadde denne rolla fått eit klimaks under han. Med kontroll over Italia kravde han også rett til å utnemna paven i Roma. Resultatet ville ha vorte ein "prestekonge" med uinnskrenkt makt

¹⁸⁷ Malala: *Chron*, 17. 411-412.

¹⁸⁸ Catholic Encyclopedia: Nestorius and Nestorianism, II The Heresy.

¹⁸⁹ Sjå bilete s 105-107.

samla i sitt embete. Ein kan i botn og grunn seia at det var dette målet som var motivet bak keisaren sin politikk i religiøse spørsmål.

Var keisaren og "kjettarane" motivert av idealisme eller pragmatisme? Dette spørsmålet vil ikkje avdekkja noko fordi idealisme i seg sjølv ofte er pragmatisk. Keisaren hadde alt å tena på å byggja ein statsideologi med sin versjon av religionen i sentrum. Dette overordna målet kan imidlertid ved mange høve ha skapt konflikhtar eller situasjonar som synes unødvendige og lite pragmatiske. Politikken mål var dermed pragmatisk, politikken for å nå målet var det ofte ikkje. Ei sterk sentralmakt har ein openbar fordel av å ha ei befolkning som delar ein felles forståingshorisont og verdssyn. Alternative grupper kjem derfor i konflikt med keisaren. Ikkje i natur av sine meiningar eller synspunkt som i og for seg kan virke totalt harmlause og utan å stå i direkte konflikt med det etablerte, men fordi dei nettopp stod utanfor det etablerte.

Justinian kan ha hatt fleire grunnar til å ikkje vera tolerant. Økonomi er her eit sentralt tema. Justinian sin politikk var dyr og ein sunn økonomi under Anastasius vart gradvis, via byggeaktivitet, naturkatastrofar og krig, skada.¹⁹⁰ Mange av kjettargruppene, spesielt arianarane, hadde akkumulert store rikdomar, som dermed var utanfor statens kontroll.¹⁹¹ Med ein tolerant politikk ville desse gruppene fått behalda sin status og rikdom. Ved å gjera fiendar av dei, vart eigedomane ekspropriert av keisaren. Dette var også vanleg praksis for politiske fiendar, noko ein blant anna ser i samanheng med Nikaopprøret.¹⁹² Ein kan sjå ein klar tendens til at Justinian vert meir engasjert i teologiske spørsmål mot slutten av regjeringstida. Det kan sjølvstundt vera mange grunnar til det, men ei mogeleg forklaring er at etter kvart som finansane vart stadig dårlegare, vart det viktigare å driva inn ressursar via ekspropriering. Viss dette var eit viktig motiv, kan ein samanlikna det med den proskripsjonen som Sulla, og seinare Augustus og Markus Antonius gjennomførte for å skaffa ressursar til sine militærkampanjar i republikkens siste periode. Folk vart proskribert, ikkje fordi dei nødvendigvis utgjorde ein trussel, men fordi dei hadde store verdiar som makthavarane ville ha eit påskot for å beslagleggja. Keisaren kan med andre ord ha hatt eit økonomisk motiv for å stempla sekter eller personar som statsfiendar.

¹⁹⁰ Procop: *Anecdota*, 19. 5-12.

¹⁹¹ Procop: *Anecdota*, 11. 13-19.

¹⁹² Procop: *Anecdota*, 12. 9-13.

Den openbare ulempa med ei intolerant forfølging av religiøse dissidentar, vart dermed meir enn oppvogen av fordelene dette har, både økonomisk og ideologisk. Det verna om statsideologien og den forutbestemte rolla som keisaren hadde å fylla som kristendoms samlande figur, i tillegg fylte det ein slunken statskasse. Justinian kan dermed hatt svært reelle pragmatiske motiv for å angripa grupper med eit marginalt teologisk avvik i høve til det som var slått fast i Kalkedondekretet.

Ein kan ta som utgangspunkt at monofysittane sitt mål fyrst og fremst var eit minimum av autonomi i lokale religiøse saker med separate institusjonar som sikra den lokale eliten karrieremogelegheiter. Med dette utgangspunktet ser ein at monofysittane utnytta Konstantinopels haldning ved å halda den religiøse eininga i imperiet som gissel. Ved å leggja seg på ei linje der dei lét som om forskjellane kunne overvinnast, men utan å gje heilt etter, påtok dei seg rolla som ein lojal opposisjon. Dette var openbart ei vinnaroppskrift. Dei vart ikkje forfylgt så intenst som dei meir eigenrådige nestorianarane, men dei vart heller ikkje inkorporert og strippa for innverknad som gruppe. Ein ser til og med at enkelte av biskopane deira levde under Teodora sitt vern i palasset,¹⁹³ noko Justinian ikkje kan ha vore uvitande om. Noko av suksessen kan sjølvsagt vera på grunn av den sterke regionale basen dei hadde i Syria og Egypt, som var imperiets kornkammer. Dette viser at Justinian kunne ty til pragmatisme også innanfor teologi. Det er tvilsamt at ei gruppe som openbart stod i opposisjon hadde vorte tolerert viss det hadde vore mogeleg å slå dei ned utan å risikera at ein vital region som Egypt skulle gjera opprør.

Grunnen til monofysittane sin relative suksess kan dermed vera sterk maktbase i ein vital region, og ei haldning der dei gav uttrykk for at kompromiss var mogeleg, men utan å gje etter. Ein er freista til å påstå at kontroversen rundt Jesus sin lekam og sjel berre var eit påskot. Det er sjølvsagt ikkje det kjeldene seier, dette var eit tema som, ifølgje Prokopios, splitta familiar og skapte uro i riket, men motivet til dei leiande monofysittiske geistlege kan ha vore så enkelt. Den kompromisslause haldninga som dei geistlege på toppen hadde, spreidde seg dermed nedover i samfunnet og sådde uro og splid i befolkninga generelt. Det kjennest dermed litt urettferdig at Prokopios gjev Justinian eit så stort ansvar for dette.

Gruppene hadde også ulike motiv for den motstand mot keisaren si linje som dei utøvde. Dei religiøse gruppene var på ingen måte ein homogen masse, dei motarbeidde kvarandre aktivt.

¹⁹³ Pseudo-Dio: *Chronicle*, 138.

Dei såkalla heidningane hadde ein openbar grunn til å opponera. For dei handla det om overleving av sin identitet og sitt livssyn. Grupper som samaritanarane, jødane og manikearane representerte eit alternativ til både den kristne og den romerske verdsordenen. Dette var gamle religionar som ikkje anerkjende Roma eller Konstantinopel sitt krav på hegemoni. Ein kan sjå for seg ei haldning der dei fyrst og fremst ynskte fridom til å praktisera si tru uavhengig av kva keisaren gjorde eller sa. Dei representerte dermed eit alternativ til både Romarriket og kristendomen.

Med dei greske heidningane, som Prokopios kallar dei, stilte det seg litt annleis. Desse folka representerte den opphavlege imperiet med den opphavlege gresk-romerske gudeverda og dei opphavlege verdiane. Det var dei, og ikkje dei kristne, som hadde skapt den antikke verda og Romarriket. Det må derfor ha vore med ikkje reint lite resignasjon dei no såg at det statsapparatet og imperiet dei hadde bygd, no vendte seg mot dei. Riktignok lånte kristen teologi ivrig omgrep frå gresk filosofi, men dette var berre for å få det fagspråket som han trong. Desse gruppene vart no fritt vilt for styresmaktene. Lovene om arvefølge som vart skapt viser dette i all klartekst, personar som vart oppfatta som heidningar, miste retten til å arva jord eller verdjar.¹⁹⁴ Desse gruppene skulle omvendast og forsvinna, enkelt og greitt.

Behovet til desse gruppene for å behalda sin opphavlege livsstil, ideologi og religion ser ut til å vera motivert av ei genuin tru på sin eigen kultur eller kults forrang. Kristendomen er ikkje åleine om å ha martyrar, mange medlemmer av desse gruppene miste alt dei eigde eller livet for si religiøse overtving. Irrasjonelt kanskje, men viss dei genuint trudde på dei læresetningane i religionen sin, noko som dei må ha gjort sidan dei gjorde dei offer som dei gjorde, så var dette den einaste rasjonelle ting å gjera. Desse "heidningreligionane" representerte ikkje eit reelt alternativ til statsreligionen, dei var meir eit supplement som ikkje vart tolerert i Justinian si nye sentraliserte religiøse ordning. Det var ingen rom for dialog eller kompromiss, keisaren såg på det som ei oppgåve å rydda desse brysame elementa vekk ein gong for alle.

Av dei kristne "kjettarorganisasjonane" er det i stor grad maktbase og ressursar og ikkje teologi som avgjorde kva stilling dei hadde og korleis dei vart behandla av den etablerte eliten i Konstantinopel. Arianarane sin dominans blant folkevandringsgruppene kan, som eg tidlegare har nemnt, forklarast med den praktiske og strategiske fordelten dette gav dei.

¹⁹⁴ Procop: *Anecdota*, 11. 19-25.

Fordelane av å stå utanfor både den stigmatiserande heidningdefinisjonen, men også utanfor keisaren, paven og biskopane sin kontroll var openbar. Gotarane og vandalane valde dermed ei mellomstilling som passa dei. Dette hadde kanskje lite å gjera med overttyding. Å ta det teologiske spranget til å akseptera treeininga burde late seg gjera, fordelane med å ikkje gjera det var derimot var store. Det at det var frankarane som gjekk over til katolisismen, illustrerer berre poenget. Det var i deira interesse sett ut frå maktpolitiske ståstad på grunn av den geografiske avstanden dei hadde til keisaren og paven. Folkevandringsfolka hadde elles ein heilt klar fordel ved å skilja seg ut frå befolkninga elles i dei landa dei hadde erobra og etablert seg som ein herskarklasse, slik dei gjorde ved å halda fast på sin eigenart, sitt språk, sine tradisjonar og sin religion. Viss desse folka vart assimilert med resten av befolkninga, ville maktbasen og kulturen forsvinna og dei ville verta eit lett offer for makter utanfrå. Dette var noko som gotarane og vandalane forstod, arianismen fungerte dermed som ein ekskluderande identitetsskapar. For Justinian derimot, var målet å fjerna desse ekskluderande undergruppene og samla kristendomen under eit dekret der keisaren var den udiskutable autoriteten. Det at arianismen "forsvann" som ei sjølvstendig religiøs gruppe relativt raskt etter Justinian sitt felttog i vest viser arianismens pragmatiske premiss. Den maktpolitiske situasjonen hadde endra seg, arianisme representerte ikkje lenger ein fordel, og han avgjekk med døden rimeleg fort som ein direkte konsekvens av dette.

Monofysittane i Egypt og Syria hadde liknande motiv for sin motvilje mot å bøya av for Kalkedondekretet sine formuleringar. Basisen for den motviljen dei demonstrerte var kanskje ei grunnleggande mistru blant den lokale koptiske eliten til motiva til den greskspråklege verdslege og religiøse eliten i Konstantinopel. I vår sekulariserte tidsalder er det vanskeleg å forstå at religion og politikk på denne tida var såpass samanvoven at det var umogeleg å skilja det eine frå det andre. Monofysittane trudde nok på det dei stod for og argumenterte for, men kanskje av ein annan grunn enn det dei var klar over sjølv. Sjølvbedrag kan som kjent nå uante høgder. Dei koptisk- og syrisktalande majoritetane i desse regionane hadde eit behov for distanse og sjølvstende. Viss dette motivet var skjult bak teologiske formuleringar og argument ville dette rettferdiggjera ei elles uakseptabel og illojal linje. Viss dei argumenterte på religiøs basis, ville ei større grad av sjølvhevdning verta tolerert. Opposisjon på eit anna grunnlag i ein region som Egypt ville sannsynlegvis ha kullminert i ei form for væpna opprør. Eit opprør i Egypt var noko Justinian må ha frykta. Egypt var ein vital region, det var

imperiets kornkammer, kornet vart frakta i stor skala frå Alexandria til Konstantinopel.¹⁹⁵ Viss eit opprør basert på koptisk regionalisme skulle bryte ut i Alexandria, ville konsekvensane potensielt verta enorme og uoversiktlege. Opprør i Alexandria ville betydd slutt på korneksport, slutt på korneksport ville bety kornmangel i Konstantinopel, noko som keisaren ville verta stilt til ansvar for av ein sveltande befolkning. Dette kunne i verste fall resultert i eit nytt Nikaopprør. Ei slik eskalering ville også innebera ein uoversiktleg situasjon i Egypt, noko den lokale eliten neppe såg seg tent med. Monofysittane sin opposisjon kan dermed ha fungert som ein ventil der misnøye vart kanalisert gjennom relativt ufarleg verksemd. Dette forklarar kvifor det store fleirtalet av monofysittane slapp såpass billig unna i forhold til nestorianarane som hadde ein svakare maktbase i Mesopotamia. Nestorianarane stod teologisk nærare ortodoksien enn monofysittane, så grunnlaget for kompromiss skulle då logisk sett ha vore betre. Ein svak maktbase gjorde imidlertid at ei hard linje mot nestorianarane var det mest praktiske.

RESSURSAR AVGJORDE

For at det heile skal vera interessant må ein forsøkja å sjå dei store linjene. Dei geistlege i dei ulike religiøse gruppene rådde over ein svært ettertrakta og verdifull kapital. Leiarane i desse gruppene hadde ein autoritet blant befolkninga som inga anna gruppe hadde. Denne makta var ein reell og potensiell trussel mot keisarens autoritet. Grunnen til at senatseliten i stor grad let seg kua både før og etter Nikaopprøret var ganske enkelt at dei ikkje rådde over autoritet over ein betydeleg del av befolkninga på same måte som store delar av den religiøse eliten gjorde. Den kapitalen dei rådde over var handfaste verdiar, som til ei viss grad let seg beslagleggjast, og ei tradisjonell rolle som forsvararar av tradisjonar, tradisjonar som viste seg forsvarsause mot keisarens innovasjonar.

Leiarane i dei ulike religiøse gruppene hadde derimot ein trufast tilhengarskare som dei kunne mobilisera om nødvendig. Dette er spesielt tydeleg når det gjeld monofysittane som i natur av den potensielle faren uro i Egypt utgjorde, kunne skaffa seg merksemd og ei viss grad av sjølvstende i sine saker. Det er påfallande at kjeldene seier såpass lite om religiøs uro og statleg forfølgning av monofysittar i Egypt når så mykje av dette skjer i andre provinsar,

¹⁹⁵ Procop: *Build*, 5. 1. 6-13.

spesielt Syria og Palestina. Dette kan tyde på at forholda var stabile i Egypt fordi dei geistlege der ikkje hadde nokon reelle utfordrarar. Dei hadde eit ynske om stabilitet, og dei fekk det fordi dei ikkje møtte grupper med kapasitet til å trua den stillinga dei hadde.

Ein ser også ein tendens i Prokopios si *Bygningar* til at samtidig som Justinian beslaglegg enorme verdjar frå religiøse og verdslege grupper av ulikt slag, donerer han store verdjar til ulike ortodokse kyrkjer, spesielt i Konstantinopel. Dette kan karakteriserast som ei gedigen omfordeling av økonomisk styrke til den delen av kyrkja som passa inn i keisarens misjon. Dette var kanskje ei gulrot for å ”kjøpa” kyrkja inn i Justinian sitt prosjekt.

Ein av dei meir interessante bieffektane av keisaren sin intolerante politikk mot dei ulike religiøse gruppene er at mange flykta ut av urbane strøk for å byggja kloster i villmarka der dei stort sett fekk vera i fred. Dette er ein tendens ein ser i Egypt, Palestina, Syria og Mesopotamia, spesielt utover det 6. hundreåret. Desse gruppene var også motivert av moglegheita for å koma nærmare Gud, som var større i aude strøk enn i ein ”syndig” storby. Resultatet av denne ”urbane flukta” var uforutsett. Då pesten nådde riket i 541/542 og herja imperiet det neste hundreåret, var det byane som vart hardast råka. Mange av dei geistlege i byane døydde, mens dei ute i villmarka stort sett kom frå det relativt upåverka. Eit direkte resultat av pesten var dermed at den ortodokse kyrkja sentrert i byane kom relativt svekt ut i forhold til dei klosterorganisasjonane som hadde etablert seg i villmarka, og som var del av ei kjettarrørsle. Desse organisasjonane tok dermed over ein større del av det religiøse livet etter 542, noko som kom til å svekkja Justinian sine sjansar til å få til ei samling.

Ein vert dermed sitjande att med eit klart inntrykk av politikken kring dei religiøse spørsmåla. Dette var ikkje fyrst og fremst eit spørsmål om teologi, det var ein maktkamp på lik linje med den aristokratiet var involvert i. Med dette for auga kan ein dermed sjå på den verdslege og religiøse opposisjonen som to sider av same sak. Keisaren sin politikk var dermed fyrst og fremst ambisiøs, ikkje irrasjonell, han var motivert av ynske om meir makt. Dette var eit mål som det skulle visa seg å verta umogeleg å realisera fordi for mange geistlege ikkje hadde interesse av å gje frå seg innverknad. Dei geistlege hadde dermed i botn og grunn det same motivet som keisaren, nemleg makt. Kontroll over ressursar avgjorde, men då må ein også sjå på den påverknadskrafta som geistlege autoritetar hadde på befolkninga som ein ressurs.

7

KONKLUSJON

Me starta reisa vår inn i Austromarriket og Justinian sitt imperium med å stilla ei rekke spørsmål omkring forholdet mellom keisar Justinian og dei ulike opposisjonsgruppene han stod overfor. Eg meiner at me no kan dra ein serie konklusjoner som i stor grad besvarar desse spørsmåla basert på ein gjennomgang og analyse av dei kjeldene som eksisterer frå denne perioden. Det framgår tydeleg at sjølv om keisarane på denne tida hadde ein klart autoritær stil, så var det grupper som han måtte forhalda seg til som til ei viss grad utfordra han.

Når det gjeld senatet og senatseliten sin posisjon får ein heilt klart inntrykk av at senatet alt før Justinian var redusert til eit organ utan spor av reell makt. Dette inntrykket vert befestet med senatet si tilsynelatande ubetydelege rolle ved valget av Justin I som keisar i 518, kjeldene gjev inntrykk av at dei ikkje ein gong var ein aktør. Det at senatet hadde mist makt og innverknad vil derimot ikkje vera nok til å konkludera med at dei austromerske keisarane før Justinian, eller for den del Justinian sjølv, var eineveldig. Det var heilt klart grupper i samfunnet som var i ein posisjon der dei kunne påverka offisiell beslutningstaking og politikk. Ved å granska mønsteret i kva type medarbeidarar Justinian valde å knyta til seg i åra like etter 527, ser me kva steg Justinian tok for å rydda brysame element med makt på keisarens kostnad av vegen.

Ein vert freista til å kalla hendingane i åra 527 til 532 for ein revolusjon. Det teiknar seg eit bilete av ei massiv forflytting av makt frå ein tradisjonell elite av patrisiarar, over til utelukkande unge talentfulle menn frå provinsane som hadde som sin fremste kvalifikasjon at dei kunne takka keisaren for den stillinga dei fekk. Korleis forholda var lenger nede i administrasjonen kan ein berre gjetta, men ein må gå ut frå at ein hadde den same tendensen der. Dette sannsynleggjer at det biletet kjeldene gjev av ein opposisjon som er spesielt aktiv

under Justinian, stemmer. Justinian hadde med sin politikk endra hevdvunne tradisjonar med desse nye grepa. Det var nok naudsynt for keisaren å røska opp i eit system med ”mandarinar” i administrasjonen som sat der ikkje fordi dei var dei beste til jobben, men fordi dei meinte dei hadde rett på posisjonane og den rikdomen og makta som det medførde.

Ein må sjå den verdslege opposisjonen i lys av den massive omdistribueringa av makt som fann stad. Når ein ser opposisjonen med dette for auga, får ein heilt klart inntrykk av at Justinian sin politikk, som på mange måtar var spesiell, førde til ein reaksjon som også kan kategoriserast som spesiell. Viss ein ser Nikaopprøret i samanheng med dette, opnar det seg ein ny dimensjon. Nikaopprøret viser oss at sterke krefter i samfunnet var desperate etter endring frå Justinian sin politikk som trua deira interesser.

Fraksjonsuroa spesielt på 520-talet kan ein sjå på i dette biletet. Ein kan spekulera i om den blå fraksjonen på mange måtar var dynastiet sin klient på dette tidspunktet, noko som førde til at dei i stor grad fekk herja fritt. Etter 527 då Justinian hadde sikra makta, vart det slått hardare ned på fraksjonane, dette førde til ein reaksjon der fraksjonane sin frustrasjon kan ha resultert i at dei lét seg verva av delar av senatseliten. Dei blå si tilknytning til keisaren er noko ulike kjelder poengterer ved fleire høve. Dei grøne var tilsynelatande utan patronar, men det er ikkje utenkjeleg at dei hadde ei liknande tilknytning til andre politiske element. Dette er noko kjeldene ikkje nemner noko om, men det er ein logisk konsekvens av rivaliseringa mellom fraksjonane og keisaren sitt forhold til dei blå, kombinert med senatseliten sin opposisjon mot keisaren som kjem til syne under Nikaopprøret. Fraksjonane ser dermed ut til i all hovudsak å vera motivert av opportuniste, ikkje ideologi, ved at den blå fraksjonen er såpass rask til å støtta opprøret mot keisaren.

Senatseliten sine interesser vert ikkje klart formulert i nokon av kjeldene. Eg har jobba ut frå den hypotesen at nøkkelen til å forstå denne sentrale gruppa sine politiske behov er å finna i den kritikken Prokopios rettar mot keisaren, keisaren sin politikk og dei som stod keisaren nær. Eg har i stor grad sett på *Anekdotia* som eit uttrykk for ei tilknytning Prokopios har hatt til visse politiske element som stod i opposisjon til Justinian. Denne samanhengen lét seg ikkje bevise, men samanhengen er etter mi meining openbar. *Anekdotia* vart formulert som ein reaksjon mot keisaren sin politikk, og er ikkje som enkelte forskarar har forfekta eit uttrykk for raljering frå ein bitter isolert gammal mann. Kritikken er dermed uttrykk for meir enn ein mann sine meiningar. Det som har lurt mange er at Prokopios har brukt ein sjanger der

personangrepa, som nok i stor grad er meint til å tolkast metaforisk, er blanda saman med den reelle kritikken av reelle saker. Ved å lesa *Anekdotia* med eit kritisk blikk, sit ein dermed att med eit inntrykk av eit sameint aristokrati som rettar kritikk mot Justinian sin politikk på alle nivå og for heile imperiet. Justinian sin politikk hadde dermed ført aristokratiet i heile imperiet saman. Fyrst og fremst som ein reaksjon på ein politikk som skada dei økonomisk med høge skattar og manglande juridisk sikkerheit som eit direkte resultat av Justinian sin ekspansive og innovative politikk på alle nivå i samfunnet. Denne motstanden mot keisaren sin politikk, som i stor grad strippa den etablerte eliten for innverknad etter 527, kulminerte i Nikaopprøret, der sterke element i senatet brukte fraksjonane i eit opprør. Det at opprøret mislykkast styrkte keisaren sin posisjon ytterlegare, og opna i stor grad for ein eineveldig stil overfor dei verdslege opposisjonsgruppene i resten av regjeringstida hans.

Det andre aspektet av opposisjon som Justinian måtte handtera, var av ein annan art. Dei religiøse gruppene var alt anna enn homogene. Gruppene var spreidd geografisk, etnisk, kulturelt og teologisk. Dette gjorde dei vanskelegare å forhalda seg til. Viss Justinian søkte kompromiss med ei gruppe, ville han automatisk fjerna seg frå ei anna. Det er vanskeleg å få fram kor viktig religiøs eining var for Justinian, men det har ein klar samanheng med den sentrale plassen religion og teologi hadde som identitetsskapar og definerande faktor i folk si verdsforståing og keisaren sitt krav om autoritet over den kristne verda.

For å forstå kva rolle dei religiøse skisma hadde i austromersk politikk og samfunn, må ein sjå på keisarrolla Justinian prøvde å plassera seg i. Som me har sett braut Justinian tradisjonen med å innføra ein meir autoritær stil i forholdet til senatseliten. Med dei religiøse gruppene derimot fylte han ei tradisjonell rolle som var vel etablert sidan Konstantin. Målet var openbart ei samla kristen kyrkje i imperiet med keisaren som øvste autoritet. I den grad Justinian skil seg frå forgjengarane sine på dette området, er det med den intensiteten han forfølger dette målet. Kjettarane og heidningane vart utsette for eit press der kamp eller kapitulasjon var dei einaste alternativa. Konsekvensane var ofte uheldige, og politikken kan derfor tilsynelatande verka unødvendig og upragmatisk. Målet i seg sjølv var derimot i aller høgste grad pragmatisk. Å kritisere Justinian på dette området, noko mange historikarar har gjort, kan derfor vera uttrykk for ein mentalitet der dei ikkje ser skogen for berre tre. Justinian fell her inn i ein vel etablert tradisjon, det er i stor grad ulike religiøse elitar som fyrst og fremst er ute etter maktposisjonar og fordelar, som bruker religion som ei brekkstong mot Konstantinopel sitt hegemoni.

Som ein ser, er det desse gruppene sin kontroll over ressursar og posisjonen deira blant befolkninga i dei aktuelle områda som avgjer, ikkje kor stor den teologiske avstanden var. Dette faktum avslører at Justinian i stor grad hadde pragmatiske motiv og ikkje baserte politikken på ei kompromisslaus fundamentalistisk tolking. Det at samlinga av kyrkja ikkje lykkast kan forklarast med at spesielt monofysittane i Egypt kontrollerte ein region som var vital i imperiet, og ikkje ut frå teologi i seg sjølv. Eg har derfor lagt vekt på å omtala den mentaliteten som rådde både blant keisaren og dei geistlege leiarane i provinsane som ikkje gjorde samling mogeleg, fordi essensen i skisma var, som med den verdslege striden, makt. Makt er som kjent vanskeleg å gje frå seg eller dela, ei innrømming på eit felt kan føra til at ein misser meir enn ein er villig til å gje frå seg og skapa ein uheldig presedens. Det er dermed openbart at ved å tolka skismaet ut frå teologi åleine, vil ein missa poenget. Teologi var fyrst og fremst ein reiskap i politikken, det var symptomet, ikkje sjukdommen, middelet, og ikkje målet.

SENTRALE AKTØRAR

Amalasuhta: (d.535). Gotardronning, Teoderik si dotter, mor til Atalarik (516 -534), som var formell konge frå 526 til 534. Valde søskenbarn Teodahad til medregent (dei var ikkje gift). Førde ein Konstantinopel-vennleg politikk, vart avsett og drepen av fraksjonar innanfor den gotiske adelen som støtta Teodahad sin politikk, som var anti-austromersk. Amalasuhta sin død gav Konstantinopel påskot til å intervenera.

Anastasiu I: *Flaviu Anastasiu*. (ca 430-518). Keisar frå 490 til sin død.

Belisariu: (ca 505-565). Født i Germania (i dagens Bulgaria). Øvstkommanderande i aust frå 527 til 531. Kommanderte keisarvennlege troppar som slo ned Nikaopprøret i 532. Øvstkommanderande for vandalfelttoget i 533. Mottok den siste romerske triumf i historia ved heimkomsten. Øvstkommanderande i Italia 535-540 og 544-549. Tilboden tittel som keisar i vest av gotarane som ei fredsløysing i 540. Øvstkommanderande for forsvaret av Konstantinopel mot bulgararane i 559. Konsul ved fleire høve. Dømd for korrupsjon i 562, fengsla, men benåda av Justinian. Vert på grunnlag av bedriftene sine sett på som eit av dei store militærgenia i verdshistoria, om enn ein av dei mindre kjende.

Gelimer: (480-553). Siste vandalkonge frå 530 til 533. Vart konge ved å avsetja og drepa den nykonverterte katolikken, ”Konstantinopel-vennen” og slektningen Ilderik. Dette gav austromarane påskot til å intervenera i 533. Vart førd til Konstantinopel som krigsfange, der han fekk pensjonera seg og bu i ein villa utanfor byen til sin død.

Germanu Justinu: (d. 551). Nevø av Justinian. Øvstkommanderande i Italia frå 549 til sin død i 551. Var gift med Matasuhta, dotter av gotardronning Amalasuhta, og enkje etter tidlegare gotarkonge Witiges. Dette tydar på at han var tiltenkt rolla som Justinians arvtakar og den som skulle føra gotarane og austromarane saman med sitt strategiske ekteskap. Ein av dei få som Prokopios omtalar positivt i *Anekdotu*. Dette tyder på at Germanu hadde representert eit håp om forsoning med gotarane i Italia og ein ny politikk i imperiet.

Hypatius: (d 532). Nevø av Anastasius. Militær kommandør i aust under Justin I. Senator som vart brukt som tronpretendent under Nikaopprøret. Drepen av Justinian som ei følgje av dette.

Johannes av Kappadokia: Frå Kappadokia i dagens Sentral-Tyrkia. Pretorisk prefekt frå 531 til 541, med eit avbrekk i 532. Sentral i omorganisering av administrasjon og skattereformer. Kjend via Prokopios sine skildringar for dekadent livsstil og korruperte tilbøyelegheiter, noko som sannsynlegvis er ei overdriving. Fall i unåde i 541 etter påtrykk frå keisarinne Teodora og landsforvist, enda opp som munk.

Justin I: *Flavius Iustinianus*. (ca 450-527). Keisar frå 518. Fødd i fattige kår i Illyria, verva seg i keisarens livgarde tidleg i tjueåra. Vart sjef for palassvaktene og hylla som keisar ved Anastasius sin død. Var analfabet og sannsynlegvis senil på slutten av regjeringstida si.

Justin II: *Flavius Iustinus (Iunior) Augustus*. (ca 520-578). Nevø av keisar Justinian. Keisar frå 565 til sin død. Vart etter kvart sinnssjuk.

Justinian I: *Flavius Petrus Sabbatius Iustinianus*. (482-565). Nevø av keisar Justin, konsul i 521, øvstkommanderande i aust, de facto keisar før han vart utnemnt i 527. Kjent for kodifisering av romarretten, byggeaktivitet, erobringskrigar i vest og religionsforfølging. Helgen i den gresk-ortodokse kyrkja.

Kusro: (d. 579) Persarkonge frå 531 til sin død. Justinian sin nemesis. Ein fredsavtale utan tidsavgrensing vart teikna i 532. I 540 braut imidlertid Kusro denne avtalen som reaksjon på Justinian sin ekspansjon i vest tilsynelatande fordi persarane frykta at Austromarriket var i ferd med å verta for mektig. Etter 540 leia Kusro ei rekkje felttog mot blant anna Antiokia. Desse felttoga var reine plyndringstog der han la brannskatt på byar han passerte.

Mundus: (d. 536). Øvstkommanderande for keisarlojale tropper (germanske herular) i Trakia under Nikaopprøret. Keisarens redningsmann saman med Belisarius. Var barbar, truleg hunnar.

Narses: (478-573). Øvstkommanderande i Italia frå 551 til like etter Justinian sin død i 565 når han vart avsett av Justin II. Var persarmenar (frå den persiske delen av Armenia) og

evnukk. Det var Narses som avslutta gotarkrigen i Italia i 552 og åra etter. Fekk generelt betre ressursar enn Belisarius, denne tilsynelatande favoriseringa kan koma av at han ikkje var noko potensiell trussel på grunn av sin alder og stilling som evnukk.

Teodora: (ca 500-548). Dotter av ein bjørnepassar. Tidleg karriere som skodespelar/prostituert ved Hippodromen, var monofysitt. Gift med Justinian i 523 og vart dermed keisarinna i 527, hadde ein son frå eit tidlegare forhold. Anerkjent i samtida som intelligent, om enn ikkje alltid populær. Hadde klar innverknad på delar av imperiet sin politikk, spesielt innan religion og kvinner sine rettar. Prokopios sitt hatobjekt nummer ein i *Anekdotia*. Helgen i den gresk-ortodokse kyrkja.

Teoderik den store: (454-526). Austgotarkonge frå 488 til 526. Formelt ein vasall under keisaren i Konstantinopel.

Totila: (d. 552). Gotarkonge i Italia frå 541 til 552. Leia kampen mot austromarane. Anerkjent og respektert som ein dyktig og rettvis hærleiar. Drepen i slaget ved Busta Gallorum i 552 som avslutta krigen. Etterfølgt av Teia, som var den siste kongen og vart drepen i 553.

Tribonian: (ca 500-542). Født i Pampylia på sørkysten av dagens Tyrkia. Vart i 528 sjef for kodifiseringsprosessen av romarretten. Kvestor i 529 til sin død, med eit kort avbrekk i 532. Romarretten sin "legitime far".

Stotzas: Austromersk soldat som leidde opprøret i Nord-Afrika som braut ut i 536. Allierte seg med maurarane.

Pave Vigilius: (d. 555). Pave frå 537 til 555. Etablert som motpave til pave Silverius av austromarane. Godtok avgjerslene frå konsilet i Konstantinopel i 553, trass klar motvilje.

TIDSSKJEMA

431: Det tredje økumeniske konsil i Efesos.

451: Det fjerde økumeniske konsil i Kalkedon.

482: Flavius Petrus Sabbatius, seinare keisar Justinian født i Bederiana (Justiniana Prima) i Illyria (dagens Serbia).

518: Keisar Anastasius I dør, Justin I ny keisar.

521: Justinian konsul.

523: Justinian giftar seg med Teodora.

524: Persia går til krig mot Austromarriket i Kaukasus.

525: Justinian utnemnt til Cæsar, vert dermed tronfølgjar.

526: Austgotarkonge Teoderik den store dør. Dottera Amalasueta regent for sonen Atalarik som vart formell konge. Amalasueta sitt søskenbarn Teodahad medregent.

527: 1. april: Justinian utnemnt som Augustus (medkeisar). 1. august: Justin I dør, Justinian vert einekeisar.

528: Fyrste lovkommissjon leidd av Johannes av Kappadokia.

529: Tribonian kvestor.

531: General i Aust, Belisarius, slått av persarane ved Kallinikum, kalla tilbake til Konstantinopel.

531: Johannes av Kappadokia utnemnt som pretorisk prefekt.

532: 13-19. januar: Nikaopprøret.

532: Den såkalla endelause freden vart avtala med Persia.

533: Felittoget mot Vandalriket i Nord-Afrika innleidd under Belisarius si leiing.

534: Belisarius tilbake til Konstantinopel frå Nord-Afrika, får triumf (historias siste romerske triumf). Solomon ny øvstkommanderande i Nord-Afrika.

535: Gotardronning Amalasueta avsett og drepen av medregent Teodahad i Italia, sannsynlegvis på grunn av Amalasueta sin kontakt med Konstantinopel. Gotarkrigen startar med at Belisarius invaderer Sicilia i desember som ein reaksjon på dette.

536: Soldatmytteri i Libya leia av Stotzas. Belisarius går inn i Italia og tar Roma.

540: Belisarius kalla tilbake frå Italia til Konstantinopel.

540: Persarkongen Kusro bryt ”den endelause freden”, plyndrar Antiokia.

541: Totila vert austgotiske konge i Italia.

541: Johannes av Kappadokia fell i unåde, vert avsett som pretorisk prefekt og landsforvist.

541: Konsulembetet oppheva.

541-542: Pest når middelhavsområdet og Konstantinopel.

542: Kvestor Tribonian dør. Junilus ny kvestor.

543: Belisarius i husarrest, under mistanke for forræderi.

544-549: Belisarius til Italia, oppnår lite med knappe ressursar.

545: 5-års fredsavtale med Persia.

548: Keisarinna Teodora dør.

549: Justinian sin nevø, Germanus, tek over som øvstkommanderande i Italia etter Belisarius.

551: Narses tek over kontrollen av dei austromerske styrkane i Italia etter at Germanus dør.

551: Prokopios si *Historia om krigane I-VII* publisert.

552. juli: Gotarane slått og Totila drepen av Narses i slaget ved Busta Gallorum (Taginæ).
Gotarkrigen i realiteten slutt.

552: Ny 5-års fredsavtale med Persia.

553: Det femte økumeniske konsil i Konstantinopel.

553: Prokopios si *Historia om krigane VIII* publisert

554: Prokopios si *Bygningar* publisert.

ca 561(?): Prokopios dør.

562: Attentatforsøk mot Justinian mislykkast, Belisarius implisert i komplottet.

565. Mars: Belisarius dør.

565. November: Justinian dør, Justin II ny keisar.

568: Langobardane startar sin invasjon av Italia


KART

Konstantinopel i det 6. hundreåret.



(<http://www.unc.edu/awmc/downloads/connorConstLblMed.jpg>)

Europa i 530 like før Justinian starta eroblingskrigane i vest.



(<http://www.friesian.com/romania.htm#prince>)

Europa ved Justinian sin død i 565.




(<http://www.friesian.com/romania.htm#prince>)

Austromarriket i 623, ca 60 år etter Justinian sin død var imperiet kraftig redusert. Avarer, persarar og lombardar hadde gjort kraftige innhogg. Eit direkte resultat av ein langvarig politikk som hadde utarma imperiets resurser kombinert med redusert befolkning på grunn av 80 år med pest?



(<http://4umi.com/image/map/rome/19maps.htm>)

Oversikt over språkfordeling i imperiet rundt 565. Som tidlegare nevnt kan dette ha hatt innflytelse på utbreiing av ulike kjettarorganisasjonar.



(<http://www.answers.com/topic/language-geography>)

Lyseraudt: Gresk.

Oransje: Gresk og lokale språk.

Mørkeblått: Latin.

Lyseblått: Latin og lokale språk.

Rosa: Syrisk/Arameisk

Grønt: Koptisk.

Gult: Kaukasiske språk.

BILETE



Alteret i basilikaen San Vitale i Ravenna, Italia. Mosaikk av Justinian og Teodora på kvar side. Eit sjeldent godt bevart eksempel på bysantinsk kunst på sitt beste. (Foto: Eirik Fære. 2006).



Mosaikk frå alteret i basilikaen San Vitale i Ravenna. Justinian saman med medlemmar av hoff og soldatar. Mannen til høgre for Justinian er antatt å vera Belisarius. Den unge mannen til høgre for Belisarius igjen er kanskje Justinian sin nevø og mogelege tiltenkt etterfølgar Germanus? Dette er eit uttrykk for propaganda retta mot det italiensk folket. Basilikaen og mosaikken levner ingen tvil om Italia og Ravennas sin sentrale plassering i imperiet si framtid. (Foto: Eirik Fære 2006).



Mosaikk av keiserinne Teodora frå alteret i basilikaen San Vitale, Ravenna. (Foto: Eirik Fære 2006).



Mosaikk av Justinian i basilikaen St. Apollinare Nuovo i Ravenna. Opprinneleg av Teoderik, men ”tilpassa” til å vere Justinian på 540-talet etter austromarane sin inntreden i Ravenna. (Foto: Eirik Fære 2006).



Mosaikk frå 200-talet av dei fire fraksjonane ved Sirkus Maksimus i Roma. Opprinneleg frå Villa Baccano utanfor Roma. Utstilt ved Museo Nazionale Romano i Roma. (Foto: Eirik Fære 2006).



Dei fire bronsehestane som opphavleg stod i Hippodromen i Konstantinopel og representerte dei fire fraksjonane. Dei vart plyndra under det fjerde korstoget og brakt til Venezia i 1204 der dei no står på Markusplassen. (Foto: Eirik Fære 2006).



Austgotarkongen Teoderik den store (488-526) sitt mausoleum i Ravenna. (Foto: Eirik Fære 2006).

BIBLIOGRAFI

- **Alföldi, Andrew:** 1952 (1979). *A Conflict Of Ideas In The Late Roman Empire. The Clash between the Senate and Valentinian I.* Greenwood Press, Westport. Oversett av: Harold Mattinly.
- **Amory, Patrick:** 1997. *People and Identity in Ostrogothic Italy, 489-554.* Cambridge University Press, Cambridge.
- **Bury. J. B.:** 1923. *History of the Later Roman Empire.* Macmillan and Co, London.
- **Cameron, Alan:** 1976. *Circus Factions. Blues and Greens at Rome and Byzantium.* Clarendon Press, Oxford.
- **Cameron, Averil:** 1970. *Agathias.* Oxford University Press, London.
- **Cameron, Averil:** 1996. *Procopius and the Sixth Century.* Routledge, New York.
- **Cameron, Averil:** 1993. *The Mediterranean World in Late Antiquity AD 395-600.* Routledge, London.
- **Cavallo, Guglielmo (ed),** Evelyn Patlagean, Alexander Kazdan, Peter Schreiner, Robert Browning, Alice-Mary Talbot, Nicolas Oikonomides, Vera von Falkenhausen, André Guillou, Michael McCormick & Cyril Mango: 1997. *The Byzantines.* The University of Chicago Press, Chicago.
- **Downey, Glanville:** Apr., 1953. The Persian Campaign in Syria in A. D. 540. *Speculum*, Vol. 28, No. 2, 340-348.
- **Drake, Joseph H.:** Dec., 1928. *The Justinian Codification Commission of 528 A.D.* *Michigan Law Review*, Vol. 27, No. 2, 125-133.

- **Duff, Timothy E:** 2003. *The Greek and Roman Historians*. Bristol Classical Press, London.

- **Evans, J. A. S.:** Oct., 1970. Justinian and the Historian Procopius. *Greece & Rome*, 2nd Ser., Vol. 17, No. 2, 218-223.

- **Evans, J. A. S.:** 1972. *Procopius*. Twayne Publishers, Inc, New York.

- **Evans, J. A. S.:** 1996. *The Age of Justinian. The circumstances of imperial power*. Routledge, New York.

- **Fowden, Garth:** 1993. *Empire to Commonwealth. Consequences of Monotheism in Late Antiquity*. Princeton University Press, Princeton, New Jersey.

- **Gibbon, Edward:** 1994 (1776-88). *The History of the Decline and Fall of the Roman Empire I III*. Allen Lane The Penguin Press, London.

- **Greatrex, Geoffrey:** 1997. The Nika Riot: A Reappraisal. *The Journal of Hellenic Studies*, Vol. 117, 60-86.

- **Greatrex, Geoffrey:** 1998. The Age of Justinian. *The Classical Review*, New Ser ., Vol. 48, No. 2, 404-406.

- **Greatrex, Geoffrey:** 1997. The Nika Riot: A Reappraisal. *The Journal of Hellenic Studies*, Vol. 117, 60-86.

- **Grillmeier, Alois S. J:** 1987. Oversatt av: Pauline Allen & John Cawte. *Christ in Christian Tradition. From the Council of Chalcedon (451) to Gregory the Great (590-604) Vol II*. Mowbray, Oxford.

- **Honoré, Tony:** 1978. *Tribonian*. Gerald Duckworth & Co. Ltd. London.

- **Jeffreys, Elizabeth (ed), Brian Croke & Roger Scott:** 1990. *Studies in John Malalas*. Australian National University Printing Service, Canberra.

- **Jones, A. H. M.:** 1992 (1964), *The Later Roman Empire 284-602*. Basil Blackwell Ltd, Baltimore.

- **Joyce, Michael:** 1953. *Edward Gibbon*. Longmans, Green and Co Ltd, London.

- **Kazhdan, Alexander & Constable, Giles:** 1982. *People and Power in Byzantium. An Introduction to Modern Byzantine Studies*. Dumbarton Oaks, Washington D. C.

- **Mango, Cyril (ed)** Peter Sarris, Clive Foss, Robert Hoyland, Warren Treadgold, Patricia Karlin-Hayter, Paul Magdolino, Jonathan Shepard, Stephen W. Reinert, Ihor Ševčenko & Elizabeth Jeffreys: 2002. *The Oxford History of Byzantium*. Oxford University Press, Oxford.

- **Manshaus, Halvor:** 2003. *Keiser Justinian – med lov, makt og religion i romerrikets renessanse*. Institutt for kulturstudier, UiO, Oslo. (Hovedfagsoppgave).

- **Marasco, Gabriele (ed):** 2003. *Greek and Roman Historiography in Late Antiquity. Fourth to Sixth Century A.D.* Brill Leiden, Boston.

- **Moorhead, John:** 1994. *Justinian*. Longman, Harlow.

- **Rassmusen, Tarald & Thomassen, Einar:** 2002. *Kristendom. En Historisk Innføring*. Universitetsforlaget, Oslo.

- **Treadgold, Warren:** 1997. *A History of the Byzantine State and Society*. Stanford University Press, Stanford.

- **Watson Brownley, Martine:** Oct.-Dec, 1981. Gibbon's Artistic and Historical Scope in the Decline and Fall. *Journal of the History of Ideas*, Vol. 42, No, 4, 629-642.

KJELDER

Forkortingar:

Aga. - Agatias av Myrrina: *The Histories*.

Evag. - Evagrius Skolastikus: *Ecclesiastical History*.

Malala. - Johannes Malalas: *The Chronicle*.

Procop. - Prokopios av Cæsarea: *The Anecdota, Buildings, History of the Wars I-VIII*.

Pseudo-Dio. - Pseudo-Dionysius: *Chronicle III*.

Theoph. - Teofanes: *The Chronicle*.

- **Agatias av Myrrina:** Oversett av: Joseph D. Frendo. 1975. *The Histories*. Walter de Gruyer & Co, Berlin.

- **Evagrius Skolastikus:** Oversett av: E. Walford. 1846. *Ecclesiastical History*. Samuel Bagster and Sons, London.

http://www.tertullian.org/fathers/index.htm#Evagrius_Scholasticus

- **Johannes Malalas:** Oversett av: Elizabeth Jeffreys, Michael Jeffreys, Roger Scott (ed). Med: Brian Croke, Jenny Ferber, Simon Franklin, Alan James, Douglas Kelly, Ann Moffatt, Ann Nixon. 1986. *The Chronicle*. Central Printing, Australian National University, Canberra.

- **Prokopios av Cæsarea:** Oversett av: H. B. Dewing, Glanville Downey. 1961. *Buildings*. William Heinemann Ltd, London. Harvard University Press, Cambridge, Massachusetts.

- **Prokopios av Cæsarea:** Oversett av: H. B. Dewing. 1954. *The Anecdota or Secret History*. William Heinemann Ltd, London. Harvard University Press, Cambridge, Massachusetts.

- **Prokopios av Cæsarea:** Oversett av: H. B. Dewing. 1961. *History of the Wars I – VIII*. William Heinemann Ltd, London. Harvard University Press, Cambridge, Massachusetts.

- **Pseudo-Dionysius av Tel-Mahre:** Oversett av: Witold Witakowski. 1996. *Chronicle*. Liverpool University Press, Liverpool.
- **Teofanes:** Oversett av: Cyril Mango og Roger Scott. 1997. *The Chronicle*. Clarendon Press, Oxford.
- ***The Digest of Justinian:*** Oversett av: Theodor Mommsen, Paul Krueger, Alan Watson. 1985. *The Digest of Justinian, Vol I*. University of Pennsylvania Press, Philadelphia.
- ***Constantine Porphyrogenitus Three Treaties on Imperial Military Expeditions:*** Oversett av: John F. Haldon. 1990. Verlag der Österreichischen Akademie der Wissenschaften, Wien.

OPPSLAGSVERK

- **Encyclopædia Britannica Online.**

<http://search.eb.com/>

- **The Catholic Encyclopedia.**

<http://www.newadvent.org/cathen/index.html>